⁶ Omfattar skade av fugl, sniglar og skadar av ukjend årsak.

⁷ Steinceller (stein i pærane) skuldast i dei fleste tilfelle stikk av teger, men kan også ha andre årsaker.

⁸ Gummiflod utanpå (ytre harpiks) eller inni (indre harpiks) frukta.



Figur 1.11 Sjukdomar kan gjera stor skade i alle fruktslag, både på treet (produksjonsapparatet) og på frukta (produktet).
a) Eplemjøldogg på blad og frukt hos den svært mjøldoggutsette eplesorten 'Geneva Early'. b) Pære sterkt skadd av pæreskurv. c) Misforma frukter av plommesorten 'Czar' på grunn av plommepung. d) Bitterrøte kan gjera stor skade på frukta hos søtkirsebær. Foto: a), b) og c) Dag Røen, d) Jorunn Børve.



Figur 1.12 a) Priksjuke i eple - ein fysiologisk sjukdom. b) Eple med epleskurv - ein parasittær sjukdom. Foto: Dag Røen.

Sjukdomar kan vere fysiologiske eller parasittære. Fysiologiske sjukdomar hos frukt kjem av fysiologiske ubalansar i sjølve frukta, til dømes prikksjuke på grunn av mangel på næringsstoffet kalsium i fruktene. Parasittære sjukdomar skuldast infeksjon av virus, bakteriar, phytoplasma eller sopp. Det er dei parasittære sjukdomane vi vil konsentrere oss om i denne handboka. Omtalen av dei ulike sjukdomane har fått eit omfang tilpassa kor alvorlege dei vanlegvis er. Nokre av dei sjukdomane vi berre gir ein kort omtale kan likevel gjera svært mykje skade under særskilde høve, men jamt over er desse eit mindre problem. Vi kjenner fleire tilfelle der sjukdomar som tidlegare vart halde under kontroll, vert eit aukande problem når dyrkingspraksis endrar seg. Til dømes har sjukdomane softflekk og flugeflekk vorte eit stort problem i økologisk epledyrking lenger sør i Europa. I integrert dyrking vert desse normalt haldne under kontroll som ein sideeffekt av at soppmiddel vert brukt mot andre sjukdomar. I Danmark har frukttrekreft vorte eit svært stort problem dei siste åra, truleg som ein følgje av at dyrkarane ikkje lenger har tilgang til like effektive soppmiddel (koparpreparat) mot denne sjukdomen.

Fruktartane våre er i utgangspunktet immune mot dei aller fleste virus, bakteriar og soppar som omgjev dei. Dei organismane som gir skade på frukttrær er unntaka frå denne regelen. Epletre får skade av eplemjøldoggssoppen, men er immun mot alle dei andre mjøldoggartane vi finn på vegetasjonen rundt trea. Nokre skadegjerarar er vertsspesifikke og gjer skade på berre ein eller nokre få planteslag (t.d. epleskurv), medan andre er ikkje-spesifikke og gjer skade på svært mange planteslag (t.d. gråskimmel). Nokre er svært mobile, med spreying av sporar over lang avstand (t.d. eplerust og mjøldogg), andre er lite mobile og vert stort sett berre spreidd via plantemateriale, eller med insekt (t.d. bakteriar og virus).


Kor sterkt angrepet vert av ein sjukdom er eit resultat av kor sterkt smittepresset er og kor gode vilkår sjukdomen får til infeksjon og vekst. Viktige faktorar er då kva motstandskraft planta har mot sjukdomen, kor gode dei klimatiske vilkåra er for utvikling av sjukdomen, kva tiltak vi set inn for å stoppe den og til kva tid vi set inn desse tiltaka. Figur 1.13 syner ulike stadium i utviklinga frå knoppsprett til mogen kart eller avbløming hos eple, pære, plomme og søtkirsebær.

Livssyklusen hos mange skadegjerarar og tidspunkt for tiltak mot desse er ofte relatert til desse stadia.


For å kontrollera sjukdomar i frukthagen er det svært viktig å ha god kjennskap til biologi og livssyklus hos dei organismane som er årsak til desse sjukdomane. Då kan det setjast inn målretta tiltak. Vi skiljer ofte mellom førebyggjande og direkte tiltak, sjølv om det er glidande overgangar mellom dei to typane.

Førebyggjande tiltak reduserer føresetnadane for utvikling av ein skadegjerar. Direkte tiltak vert retta direkte mot skadegjeraren for å drepe han eller redusere skadegjeraren sin tilvekst og formeiring. I økologisk dyrking er det langt færre og ofte mindre effektive direkte tiltak å ty til enn i integrert dyrking.

Førebyggjande tiltak vert då i mykje større grad den grunnleggjande strategien, supplert med direkte tiltak der det er nødvendig og tilgjengeleg. Situasjonen i dag er i mange tilfelle at vi manglar effektive tiltak mot viktige sjukdomar, enten fordi dei ikkje er utvikla eller fordi tiltaka ikkje er tilgjengelege hos oss i dag. Det må difor arbeidast målretta med forsking og utprøving for å sikre næringa effektive tiltak mot dei viktige sjukdomane i framtida.



Figur 1.13a Stadium i blomeknopputvikling hos eple. Teikningar: Hermod Karlsen.



Figur 1.13b Stadium i blomeknopputvikling hos pære. Teikningar: Hermod Karlsen.



Grøn spiss



Tett klynge



Synlege kronblad



Første opne blom




Full bløming



Avblømd

Figur 1.13c Stadium i blomeknopputvikling hos plomme. Teikningar: Hermod Karlsen.



Figur 1.13d Stadium i blomeknopputvikling hos søtkirsebær. Teikningar: Hermod Karlsen.



Figur 1.14 Førebyggjande tiltak mot sjukdomar i frukt. a) Plastdekking frå bløming reduserer problemet med røtesjukdomar i søtkirsebær. b) Bruk av sjukdomssterke sortar er eit viktig førebyggjande tiltak. Eplesorten 'Discovery' er sterkt mot epleskurv og eplemjøldogg. c) og d) Oppsamling av epleblad med skurvsmitte. Blada vert først raka inn i køyregangen før dei vert samla opp med ei slåmaskin påmontert ein slange med vifte som syg opp bladrestane. Forsøk ved Foss gård i Lier. Foto: a) Jorunn Børve, b) Dag Røen, c) og d) Arne Stensvand.

Generelt om førebyggjande tiltak

Førebyggjande tiltak er tiltak som reduserer føresetnade for utvikling av ein skadegjerar. Dei fleste førebyggjande tiltak er knytt direkte til kvar einskild skadegjerar og vert omtala meir detaljert der.

Redusere smittepress

Reduksjon av smittepresset er ein nøkkelfaktor i kontrollen av mange sjukdomar. Dersom eit frukttre vert utsett for mykje sjukdomssmitte (høgt smittepress), er risikoen mykje større for at denne sjukdomen vil gi økonomisk skade enn om det er lite smitte til stades

(lågt smittepress). Reduksjon av smittepress er avgjørende for å halde ein sjukdom under kontroll på mottakelege sortar og er dessutan svært viktig for å redusere risikoen for brot av resistens hos resistente sortar. Dersom ein skurvresistent eplesort vert utsett for eit konstant sterkt smittepress frå nedsmitta tre av skurvutsette sortar i nærleiken, aukar sjansen mykje for at resistensen vert broten slik at det vert problem med skurv også på den tidlegare resistente sorten.

Dersom smitten er heilt fråverande, er risikoen for sjukdom borte. Dette kan høyrast sjølv sagt ut, men er

likevel noko vi bør tenke på. Det bør alltid brukast sertifisert plantemateriale (podekvist og grunnstammer), både når dyrkaren lager tre sjølve og når dei vert kjøpte gjennom ein planteskule. Dette er materiale som er reinsa og kontrollert for sjukdomsframkallande virus og phytoplasma. Det har rett nok vore episodar der sjukdomar (Sharkavirus i plomme) og mutert materiale (bringebær) er spreidd gjennom den offentleg godkjende avlen, men risikoen for «nissar på lastet» er trass alt langt større ved bruk av materiale frå andre kjelder. Ein del skadegjerarar er vi så heldige å ikkje ha hos oss. Det kan få store økonomiske konsekvensar dersom dei vert innførte til fruktdistrikta våre. For slike skadegjerarar er det viktig å ha som mål å halde all smitte fullstendig borte. Til dømes gjeld det bakteriesjukdomen pærebrann, som til no ikkje er påvist i fruktdistrikta i Noreg. Det er svært viktig at alle er lojale mot dei restriksjonane som er lagt på import av plantemateriale frå andre land og tiltak som vert sett i verk for å hindre spreiling av sjukdomar i landet. Ver også klar over at det kan vere restriksjonar på spreiling av plantemateriale også i Noreg. Dette er regulert ved «Forskrift om planter og tiltak mot planteskadegjørere», sjå tekstboks 1.3.

Tekstboks 1.3. Restriksjonar på import og spreiling av plantemateriale og sjukdomar

«Forskrift om planter og tiltak mot planteskadegjørere» har som føremål «å hindre introduksjon og sprening av planteskadegjørere, bekjempe eller utrydde eventuelle utbrudd i Norge og sikre produksjon og omsetning av planter og formeringsmateriale med best mulig helse og tilfredsstillende kvalitet». Det ligg linkar til heile forskriftera på Mattilsynet si heimeside på <http://www.mattilsynet.no>. Vi vil her nemne nokre få sider knytta til import og transport innanlands av plantemateriale av eple, pære, plomme og kirsebær. Det er forbod mot import av plantemateriale (unnateke frø og frukt) av pære, eple og andre vertplanter for pærebrann frå land der det førekjem pærebrann. I praksis omfattar det dei aller fleste land no. Det er vidare totalforbod mot å importere plantemateriale (unnateke frø og frukt) av plomme, kirsebær og andre *Prunus*-artar frå alle land utanom Europa. Ved import av plomme eller kirsebær frå europeiske land må det vere dokumentert at materialet kjem frå eit område som er fritt for ein del skadegjerarar som er spesifisert i forskriftera, m.a. sharkavirus for plomme. Ved all

import av *Prunus*-materiale til Noreg skal det dirfø følgje eit fytosanitært sertifikat med sendinga. Ver også klar over at det i visse tilfelle kan verta innført restriksjonar på spreiling av plantemateriale av eple, pære og plomme også innad i Noreg. Det vert då i kvart einskild tilfelle nedlagt forbod mot omsetnad eller anna avhending av planter og formeiringsmateriale av frukttrær frå brukseiningar der det eventuelt vert påvist heksekost på eple, pærebrann eller sharkavirus.

Ofte er ein sjukdom til stades i eigen hage eller hos grinnen, slik at ein må setje inn kontinuerlege tiltak for å redusere smittepresset. Smittepresset kan då reduserast ved å fjerne smitta plantemateriale frå hagen, eller ein kan setje inn tiltak som framskundar nedbrytinga av smitteberande planterestar. Skurv på eple og pære kan brukast som døme på dette. I lauv med skurv som vert liggande under trea gjennom vinteren vert det kjønna stadiet av soppen utvikla, og herifrå vert det spreidd sekksporer som infiserer trea att våren etter. Smittepresset kan då reduserast ved å samle opp lauvet og frakte det ut av hagen, eller nedbrytinga av lauvet kan framskundast ved å frese det ned eller sprøyte på land (urea). I nokre tilfelle har sjukdomsorganismane ein livssyklus som omfattar fleire planteslag. T.d. har eplerust eit stadium i livssyklusen sin på einer (vertsveksling). Ved problem med eplerust, kan smittepresset reduserast ved å fjerne einer i eit område kring frukthagen. Nokre sjukdomar kan spreiaast med skjeringsutstyr, slike som frukt-trekret, sølvglans, pærebrann og ulike virussjukdomar. Dersom det er frukttrekret, sølvglans eller virus på tre i hagen, bør det innførast skjeringsrutinar som hindrar spreiling av sjukdomane. Gjer ferdig vekkskjering av kreftsår og syt for at utstyret vert godt reingjort før skjering av resten av hagen. Det same gjeld for tre der det er mistanke om virus.

Bruke sjukdomssterke sortar

Det er svært stor skilnad mellom sortar på kor mottakelege dei er for sjukdomar. Dette vert omtala nærmare under kvar einskild skadegjerar. I økologisk dyrking er det ekstra viktig å plante berre sjukdomssterke sortar fordi det er langt færre effektive tiltak å setje inn mot sjukdomar. Dersom det vert planta mottakelege sortar, gir dyrkaren seg sjølv eit svært vanskeleg utgangspunkt for å dyrke økologisk, i nokre tilfelle vert det ei umogleg oppgåve. Til dømes vil ein ved økologisk dyrking av skurvsrike eple- og pærer sortar lett miste kon-

trollen over skurvsituasjonen i hagen. Vi har mange døme på økologiske dyrkarar med mottakelege sortar som må sprøyte dei med svovel mot skurv 20-30 gonger gjennom sesongen, og likevel har dei problem med skurv på desse sortane.

Gje sjukdomsorganismen därlegare vilkår for infeksjon

Mange sjukdomsorganismar krev fritt vatn for å spire og infisere frukttre. Alle faktorar som gir rask opptørking etter regn vil difor vere med og redusere faren for infeksjon. Unngå derfor dyrking av frukt på lokalitetar som tørkar seint opp etter regnvêr. Opne og luftige tre gir raskare opptørking etter regn, og med det mindre fare for infeksjon av fleire sjukdomsorganismar, t.d. skurvsoppen og gråskimmelsoppen. Dette bør takast omsyn til ved skjering og forming av trea. Opne tre er også viktig for å sikre god lystilgang til fruktene og med det betre fruktqulitet. Ved bruk av spreiarvatning er det viktig å vere klar over faren for å vatne på seg sjukdomsproblem, t.d. skurv i eple og pære. Dersom trea vert ståande fuktige for lenge vil skurvsporane få tid til å infisere blad og frukter. Vatn difor berre korte periodar i gongen og på ei tid på døgnet då det tørkar raskt opp etterpå.

Plastdekke er eit klimaforbetrande tiltak for frukttre som samtidig kan redusere sjukdomsproblem ved at sjukdomsorganismar får därlegare vilkår for infeksjon. Det er vanleg å dekke sotkirsebær med plast under mogninga for å unngå sprekkning. Dersom det i tillegg vert dekka med plast frå bløming og fram til hausting, vil problemet med røte på grunn av grå monilia og andre røtesoppar kunne reduserast sterkt.

Sår etter skjering kan vere innfallsportar for sjukdomar som frukttrekreft og sølvglans. Ved skjering bør snittet leggjast slik at såret helar så raskt som mogeleg. Soppen kan infisere gjennom skjeringssår fleire veker etter skjering, men vi kan gå ut frå at risikoen aukar ved fuktig vêr i samband med eller rett etter skjering. Frostskadd vev kan også vere innfallsport for t.d. frukttrekreft og bakteriekreft, som kan vera eit større problem på frostutsette stader (t.d. dalbotnar). Lokalitet må sjåast i samanheng med val av sort, slik at t.d. kreftutsette sortar ikkje vert planta på stader der det er mykje problem med frukttrekreft. Størst er problema med frukttrekreft på tung og våt jord på fuktige lokalitetar. Andre lokalitetar kan ha spesielt gode vilkår for utvikling av mjøldogg.

Plantestyrkande middel

Fleire preparat vert hevdå å ha ein førebyggjande effekt mot sjukdomar ved at dei verkar styrkande på planta. Det skal ikkje avskrivast at middel av denne typen kan verta aktuelle å bruke i framtida, men bruk av slike middel bør basere seg på dokumentert verknad i forsök.

Graden av dokumentasjon for ein slik verknad varierar sterkt, og effekten av middela er ved etterprøving sjeldan i samsvar med det produsenten hevdar. I forsök der det vert påvist effekt av slike middel på sjukdomar er effekten ofte for liten til å forsvare kostnadane med å sprøyte ut middelet, og det er ofte motstridande resultat frå ulike forsök med same middel.

Generelt om direkte tiltak

Direkte tiltak vert retta direkte mot skadegjeraren med mål om å drepe han eller redusere skadegjeraren sin tilvekst og formeiring. Som for førebyggjande tiltak, er dei fleste direkte tiltak knytt til kvar einskild skadegjerar og vert omtala meir detaljert der. Overgangen mellom direkte og førebyggjande tiltak er glidande, t.d. er bruk av svovel mot sjukdomar førebyggjande sprøytingar. Vi har likevel vald å inkludere i direkte tiltak alle tiltak der vi tilfører organismar, organiske eller uorganiske sambindingar for å slå ned eit angrep av sjukdomar.

Unngå eller utsetje utvikling av sjukdom etter infeksjon

Ved rett val av haustetid, rask nedkjøling etter hausting, optimale lagringsvilkår og kort veg fram til forbrukar kan vi unngå utvikling av sjukdomsorganismar som har infisert fruktene. Det er då snakk om soppar som gir sjukdomar på fruktene etter hausting, slik som lagerskurv (frå seine skurvinfeksjonar) og ulike røtesoppar. Røtesoppar utviklar seg raskast ved høg temperatur og ved aukande mogningsgrad hos fruktene. Lagring i kontrollert atmosfære (CA-lagring, ULO-lagring) reduserer utviklinga av slike soppar.

Svovelhaldige preparat

I økologisk dyrking har vi tilgang til svært få plantevern-middel med god verknad mot soppsjukdomar. Hos oss avgrensar det seg i praksis no til bruk av svovel. Dette er eit middel som har førebyggjande verknad mot fleire sjukdomar. Ein kort periode var det også lov til å bruke svovelkalk i økologisk dyrking hos oss, men i skrivande stund kan ikkje dette middelet brukast verken i økologisk eller konvensjonell dyrking i Noreg. Tilgang til svovelkalk ville gjort kontroll av epleskurv mykje enklare i

økologisk dyrking, fordi det har ein viss kurativ effekt i tillegg til å vere førebyggjande. Dessutan kan det sprøyta ut sjølv om bladverket er fuktig. Det vert arbeidd internasjonalt med å skaffe til vege nødvendig dokumentasjon for at svovelkalk skal kunne verta eit godkjend plantevernmiddel att. Korvidt det i så fall vil verta opna for bruk av svovelkalk i økologisk produksjon i Noreg er uvisst. I andre land er det også tilgang til ei rekke andre preparat for bruk mot soppesjukdomar i økologisk dyrking, preparat som det truleg er større sjanse for å få godkjend hos oss. «Mycosan» er eit preparat som i tillegg til svovel inneholder leirmineral og planteekstrakt. Det har hatt betre effekt mot skurv enn svovel åleine ved låge temperaturar. «NAB-mischung» er ei blanding av svovel, algekalk og bentonitt brukt mot skurv. Denne har i praksis vore vanskeleg å handtere på grunn av utfellingar i sprøyteutstyret.

Koparhaldige preparat

Koparpreparat er effektive mot mange sjukdomar i frukt sjølv i svært små dosar. Bruk av slike preparat er svært omdiskutert i økologisk dyrking, først og fremst fordi det er påvist at dei kan ha negativ effekt på meitemarken. I fleire europeiske land er det lov til å bruke koparpreparat i økologisk dyrking, sjølv om det etter kvart vert innført sterkare restriksjonar på tilført mengd. Hos oss tillet ikkje reglane for økologisk dyrking bruk av koparpreparat. Nyare forsking syner at koparpreparata kan ha god effekt mot soppesjukdomar i mykje lågare doseringar enn det som tradisjonelt er brukt, slik at dei negative verknadane vert mindre. I bladprøvar frå fleire økologiske bringebærfelt i 2005 vart det påvist direkte koparmangel hos plantene, og Debio gav då løyve til gjødsling med kopar.

Planteekstrakt

Ulike planteekstrakt har også vore brukt mot sjukdomar. Til dømes har eføy-ekstrakt hatt ein viss verknad mot skurv, men ikkje på same nivå som effekten av svovelhaldige preparat. «Mycosin» er eit preparat av leirmineral og planteekstrakt som vert brukt i økologisk dyrking m.a. i Sveits ved fare for infeksjon av pærebrann. Det har i tyske forsøk gitt over 50 % reduksjon av tal infiserte blomeklasar.

Andre preparat

Kokossåpe vert brukt mot sjukdomane sotflekk og flu geflekk i økologisk dyrking i fleire europeiske land. Det er ingen kokossåpe-preparat på lista over godkjende plantevernmiddel for økologisk dyrking i Noreg i dag. Ulike såpepreparat har i forsøk hatt ein viss verknad

også mot andre sjukdomar i frukt til dømes mjøldogg, men i dei fleste tilfelle er effekten liten. Sprøyting med såpe kan dessutan i visse tilfelle gi korkdanning på fruktene. Preparatet «Blossom-Protect» har i tyske forsøk gitt sterk reduksjon i tal blomeklasar skadd av pærebrann. Dette preparatet består av gjærsoppen *Aurobasidium pullulans* og ein pH-senkande komponent.

Antagonistar

Sopp av slekta *Trichoderma* verkar som antagonistar mot gråskimmel og nokre andre soppesjukdomer. I bærdyrking (jordbær og bringebær) er *Trichoderma* prøvd å sprøyte ut eller spreie med pollinerande insekt. Effekten i feltforsøk har som regel vore langt frå tilfredsstilande. Soppen *Ampelomyces quisqualis* er ein hyperparasitt på mjøldogg som m.a. har vore prøvd i Sveits mot eplemjøldogg. Vi har for dårleg erfaring til å ta i bruk slike metodar i praktisk frukttdyrking i dag.

Handsaming med varmt vatn

Fleire forsøk har synt lovande effekt mot lagersoppar ved å dyppe frukt i varmt vatn etter hausting, før plassering på kjølelager. Varmehandsaminga kan føregå med varmt vatn, i varm damp eller varm luft. Temperaturen og kor lenge handsaminga varer må vere slik at det vert oppnådd effekt mot soppene utan å skade fruktene. Dypping av eplesortane 'Aroma' og 'Karin Schneider' i varmt vatn ved 30-40 °C i 24-48 timer gav sterk reduksjon i røtning etter 15 vekers kjølelagring i svenske forsøk. Fruktkvaliteten vart også forbetra etter varmehandsaming (høgare fruktfastleik og sukkerinnhold). Varmehandsaming hadde også god effekt mot røtning i jordbær, plomme og pære. I nokre tyske forsøk vart det brukt høgare temperaturar og kortare handsamingstid, noko som vel er lettare å utføre i praksis. For eplesorten 'Ingrid Marie' gav 1-3 minutt i 49-53 °C vatn sterk reduksjon i kjølelagersopp og gul monilia. Ved så høge temperaturar vert det operert på grensa av det som gir skalskade, og sortane toler slik handsaming ulikt. Utviklingsarbeid må difor til for å finne ein sikker metode tilpassa kvar ein skild sort. I Tyskland er det utvikla utstyr for handsaming i varmvann av frukt i storkassar, med ein kapasitet på 12 storkassar i timen.

1.2.2 Sjukdomar i eple Innleiing

Epleskurv er den viktigaste sjukdomen i eple, og økologisk dyrking av sortar som er utsette for skurv i vårt

fuktige klima vert fråradd. Eplemjøldogg kan gjera mykje skade på utsette sortar i dei områda som har gode vilkår for mjøldogg, men denne sjukdomen er lite problematisk i område med kalde vintrar. På tung jord i kystrære område kan frukttrekreft vere årsak til mykje utgang av tre. I år med fuktig vêr i blôminga kan grå monilia og gråskimmel (begerrôte) gjera ein del skade på utsette sortar. Kjølelagersopp og svart frukttrekreft er viktige årsakar til fruktrôte, ikkje minst fordi hovudsorten 'Aroma' er så utsett. Gul monilia og fleire andre soppkjeldar kan også gi rôte på fruktene.

I økologisk dyrking må dyrkaren i hovudsak basere seg på førebyggjande tiltak mot sjukdomar. Det er stor skilnad mellom sortar i kor mottakelege dei er for ulike sjukdomar (tabell 1.3). Bruk av sjukdomssterke sortar er difor det viktigaste førebyggjande tiltaket i økologisk epledyrking. Dessverre er det ofte slik at ein sort er

sterk mot ein sjukdom, men svak mot ein annan. Fordi skurv er den sjukdomen som det krev mest innsats å kontrollere, bør det prioriterast å velje sortar som er sterke mot skurv. Både for skurv og andre sjukdomar er det viktig å setje inn tiltak som kan redusere smittepresset i hagen. Det kan omfatta fjerning av smittekjelder utanfor hagen, fjerning av infiserte plantedelar i hagen (t.d. mjøldoggtoppar) og tiltak som aukar nedbrytinga av infiserte plantedelar (t.d. skurvinfisert lauv). Det bør ikkje dyrkast frukt på stader med sein opptørking etter regn, og trea må haldast opne ved skjering. God dyrkingspraksis med balansert gjødsling og vasshushald er viktig. Haustekassar og lagerrom må gjerast godt reine etter kvar sesong. Bladgjødsling med kalsiumklorid (må klarerast med Debio) og varmehandsaming etter hausting er andre aktuelle tiltak for å redusere problema med fruktrôte.

Tabell 1.3 Mottakelegheit for sjukdomar hos nokre eplesortar. Tabellen er sett opp dels etter resultat frå forsøk og dels basert på praktiske erfaringar. Kor utsett ein sort er for ein sjukdom vil variere over tid og frå stad til stad. Sortar med feit skrift vert tilrådd for økologisk dyrking, sortar i kursiv bør ikkje dyrkast økologisk. Skala 1-5, der 1 = svært sterkt mot sjukdomen, 5 = svært utsett for sjukdomen. Blanke felt vil seie at vi manglar opplysingar.

Sort	Eple-skurv	Eple-mjøldogg	Kjølelager-sopp/Svart frukttrekreft	Frukttre-kreft	Grå-monilia	Grå-skimmel (begerrôte)	Pære-brann
'Aroma'/raud 'Aroma'	2	2	5	3	3	4	
'Delcorf'	4	1					4
'Discovery'	1	1	1	5	4		5
'Eir'	3	2	2				
'Elstar'	3	3	2	3			3
'Filippa'	1	2	4	3	3		
'Geneva Early'	4	5		3			
'Gravenstein'	4	3		3		4	4
'Idunn'	1	2					
'Ingrid Marie'/'Karin Schneider'	2	3	3	4			4
'James Grieve'	2	2		5			5
'Julyred'	5	4		4			4
'Katinka'	1 ¹	2		2			
'Katja'	1	1					
'Lobo'	5	3	2	4			
'Nanna'	2	3					
'Prins'/'Raud Prins'/'Kronprins'	3	1		5			
'Quinte'	4	3		5			4
'Rubinstep'	2	2		2			
'Summerred'	5	2	1	5			3
'Sunrise'	4	2					4
'Tohoku 2'	3	1					
'Vista Bella'	5	2	2	5			
'Åkerø'	5	2	4	5			

¹ = Vf-resistens

Epleskurv

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Venturia inaequalis*, med konidiestadiet *Spilocaea pomi*.

Symptom

Symptoma på skurvinfeksjon er lettast å sjå på blad og frukter, men skurvsoppen kan infisere og gi symptom på både knoppskjel, blomar (begerblad og fruktanlegg) og unge skot.

Blad. Skurvsoppen kan infisere både på undersida og oversida av blad. Symptoma er gråbrune til svarte avgrensa skurflekkar eller samanhengande felt med skurv. Blada er mest utsette for infeksjon når dei er heilt unge, medan fullt utvaksne blad er lite mottakelege (ontogenetisk resistens). Infeksjonar på nyutfalda blad kan gi gråbrunt soppbelegg på store delar av bladet, medan infeksjonar på eldre blad oftast gir meir avgrensa flekkar. Infeksjonar på unge blad kan utvikle seg til brune «blærer» (ofte med ei mørkare rand) når blada vert eldre. Eldre infeksjonar på blad kan gi avgrensa raudbrune flekkar som kan vere vanskelege å skilje frå andre skadar.

Skot. Infeksjonar på unge skot gir grå blæreaktige flekkar som etter kvart vert korkaktige og oppsprukne. Slik greinskurv kan vere viktige k jelder for tidlege infeksjonar neste vår. Greinskurv er mindre vanleg i eple enn i pære, men på enkelte utsette eplesortar er greinskurv viktig.

Frukt. Skurflekkar på frukta kan skuldast infeksjonar i heile perioden frå tett klynge til hausting. Vi ser dei først som avgrensa gråbrune til svarte flekkar der kvar flekk har sitt opphav i ein spirt skurvspore. Er det fleire skurflekkar, kan dei vekse saman og etter kvart danne større samanhengande felt. Tidlege infeksjonar kan gi blomefall eller store skurflekkar på fruktene, desse vil etterkvart verta korkaktige og sprekk lett opp. På mottakelege sortar (t.d. 'Summered') kan frukta verta misforma med store sprekker. Infeksjonar litt seinare i kartutviklinga gir meir avgrensa mørke flekkar, først særleg i begerenden men seinare over heile eplet. Seine infeksjonar kan utvikle seg til lagerskurv under lagring. Desse ser vi kanskje berre som små prikkar ved hausting, eller vi ser dei først etter ei tids

lagring. Symtom på lagerskurv er svarte avgrensa flekkar som ikkje kan gnikast av.

Skadepotensial

Sterke angrep av epleskurv på fruktene kan i verste tilfelle gi total skade på avlinga (100 % fråsortert). Skurvangrep i blom og på kart kan gi auka blome- og kartfall, og angrep på blad kan gi tidleg bladfall som medfører redusert vekst i treet og færre og svakare blomeknoppar neste år.

Livssyklus/biologi

Soppen overvintrar som sporehus i lauv på bakken eller som sopphyfer (mycel) i infiserte skot (greinskurv). Frå overvintra lauv vert det spreidd sekksporer, også kalla askosporar, (kjønna formeiring), medan det frå greinskurv vert spreidd konidiesporar (ukjønna formeiring). Frå greinskurv kan det verta spreidd sporer frå knoppsprett. Infeksjon med sekksporer frå overvintra lauv kan også finne stad alt på grøn spiss, men hovudspreiinga plar kome ved fuktig vær i perioden musøyre/tett klynge til full bløming/kronbladfall (figur 1.6). Som regel er spreieninga av askosporer frå lauv på bakken ferdig midt i juni. I primærinfeksjonane utviklar det seg konidiesporar som vert spreidde og gir opphav til sekundære infeksjonar utover sommaren og hausten. I dei fleste hagar er fjarårslauv på bakken den viktigaste kjelda for primærsmitte om våren i eple. I hagar med mykje greinskurv vil smitte kunne spreia seg frå tidleg om våren til juli-august.


I levande plantedelar veks skurvsoppen berre i vokslaget (kutikula) og går ikkje inn i plantevevet. Etter bladfall veks soppen inn i plantevevet og utviklar sekksporerhus. Sporehusa mognar om våren, og det vert danna sekksporar. Ved regnvær vert sporene kasta nokre millimeter opp i lufta og spreidd med vinden. For at skurvsporer skal kunne spire og infisere mottakeleg vev (unge blad, skot eller frukter) må det vere ein lengre samanhengande periode med fuktig overflate på dei mottakelege plantedelane. Den såkalla «Mills tabell» eller modifiserte utgåver av denne (tabell 1.4) syner kor mange timer med fuktighet som trengs ved ulike temperaturar for å gi infeksjon. Ved optimale tilhøve tek det 10-14 dagar frå infeksjon til skurflekane er synlege.

Tabell 1.4 Minste tal timer med fuktig overflate på unge plantedelar (blad, frukt, skot) som er nødvendig ved ulik lufttemperatur for å få infeksjon med sekksporar og konidiesporar av epleskurv («Mills tabell» - modifisert).


Temperatur	1 °C	3 °C	5 °C	7 °C	9 °C	11 °C	13 °C	15 °C	16-24 °C	25 °C
Tal timer	41 t	30 t	21 t	15 t	12 t	9 t	8 t	7 t	6 t	8 t

Fordi soppen krev fuktige periodar for å infisere er skurv alltid størst problem i nedbørrike område og

somrar og på lokalitetar med sein opptørking etter regn eller doggfall.



Figur 1.15 Epeskurv. a) Skurvflerkekkar på bladoverside og b) på bladunderside. c) Gamle skurvflerkekkar på blad. d) Skurv på frukt ute i hagen. e) Lagerskurv. f) Greinskurv. g) Skurv på rotskot frå grunnstamme (M9). Foto: a), b), d), e) og g) Dag Røen, c) Rolf Langnes, f) Arne Stensvand.



Figur 1.16 Livssyklus hos epleskurv. Teikning: Hermod Karlsen.

Vurdering av tiltak mot skurv

Kor kraftig angrep det vert av skurv i ein eplehage avheng av smittepress, værtilhøve, vekst i trea og sort. Det er no utarbeidd metodar og program som tek omsyn til alle desse faktorane for å vurdere kva tiltak som må setjast inn mot epleskurv i ein hage. Eit døme er simulerings- og varslingsprogrammet RIMpro som er tilgjengeleg på www.vips-landbruk.no. I tabell 1.5 er det laga ei gruppering basert på smittepress hausten før og kor mottakeleg sorten er. Denne grupperinga vert brukt for å vurdere kva tiltak som må setjast inn mot skurv i hagen. Ved lågt smittepress frå året før og sterke til middels sterke sortar, kan sprøytinga mot skurv reduserast sterkt. Ved høgt smittepress og mottakelege sortar er det i økologisk dyrking svært vanskeleg å kontrollere skurven i normalt fuktige somrar.

Smittepress i hagen må undersøkjast før bladfall om hausten. Det kan gjerast ved å telje blad med skurv på 100 langskot frå tre spreidd rundt i hagen.

Smittepresset kan så graderast slik:

Lågt smittepress	< 5 blad med skurv
Middels smittepress	5-20 blad med skurv
Høgt smittepress	> 20 blad med skurv

Ved middels eller høgt smittepress bør det setjast inn tiltak for å redusere smittepresset, sjå punkt 2 under avsnittet førebyggjande tiltak.

Tabell 1.5 Gruppering etter smittepress hausten før og kor mottakeleg sorten er (etter M. Trapman, modifisert).

Kor utsett sorten er for skurv			
	Sterk	Middels sterk	Utsett ¹
Lågt	1	1	2
Middels	1	2	3
Høgt	2	3	3

¹ Sortar som er utsette for skurv, bør ikkje nyttast i økologisk dyrking.

Gruppe 1. Liten fare for angrep. Førebyggjande sprøyting med svovel ved fuktige periodar frå musøyre/tett klynge til 1-2 veker etter kronbladfall.

Gruppe 2. Større fare for angrep. Set inn tiltak for å redusere smittepresset (sjå under). Førebyggjande sprøyting med svovel ved fuktige periodar frå musøyre/tett klynge til 1-2 veker etter kronbladfall. Det kan vera nødvendig å halde fram med svovelsprøytingar vidare utover sommaren.

Gruppe 3. Stor fare for angrep. Svært vanskeleg å få kontroll med skurv i økologisk dyrking. Svært viktig å

setje inn tiltak for å redusere smittepresset (sjå under). Førebyggjande sprøyting med svovel ved fuktige periodar frå knoppsprett, må truleg halde fram med svovelsprøytingar ved kvar fuktperiode til august.

Dersom det igjen vert lov til å bruke svovelkalk i økologisk dyrking i Noreg, vil det vere naturleg å bruke svovelkalk etter varsel ved viktige infeksjonsperiodar i perioden tett klynge til 1-2 veker etter kronbladfall for gruppe 2 og 3.

Førebyggjande tiltak

Plant berre skurvsterke sortar. I økologisk dyrking bør det berre dyrkast skurvsterke sortar, sjå tabell 1.3. Økologisk dyrking av skurvutsette sortar vil i vårt klima i dei fleste tilfelle ende med ein nedsmitta hage der dyrkaren trass i 20-25 årlege sprøytingar med svovel ikkje greier å halde skurven under kontroll. Tre av skurvutsette sortar i hagen vil lett verta smittekjelder som kan gi auka problem med skurv på skurvsterke sortar i same hage. Fordi skurvsoppen har evne til å tilpasse seg sortane vi dyrkar, vil graden av skurvresistens hos sortane kunne variera over tid og stad. Faren for brot av skurvresistens aukar dersom vi dyrkar dei skurvsterke sortane i hagar med stort smittepress.

Reduser smittepress. Det er viktig å unngå at skurven får fotfeste i hagen. Tiltak som reduserer mengda overvintra lauv vil redusere smittepresset monaleg. Ein metode er å fysisk fjerna lauvet frå hagen. I kommersiell dyrking vil dette krevja mekanisk utstyr som handterar dette, spesielle «støvsugarar» for dette føremålet er utvikla m.a. i Tyskland. Dersom det vert brukt fres til å kontrollere ugras i trerekka, kan lauvet moldast ned i jorda ved ei sein haustfresing (etter lauvfall) eller tidleg vårfresing (før knoppsprett). Tilføring av kompost, gylle eller gjødselvatn på lauvet seinhaustes vil framskunde nedbryting av lauvet på bakken. Tilføring av nitrogenrike stoff på lauvet etter lauvfall gjer dessutan lauvet mjukare og meir attraktivt for meitemarken. Dersom vegetasjon i trerekka og køyregangen vert halde kortklypt ved lauvfall, vil det auke mengda lauv som vert grave ned av meitemarken. Fresing i trerekka vil forstyrre meitemarken. Ein strategi med gras i køyregangen og fresing i trerekka fram til juli/august, vil gi gode vilkår for meitemarken under køyregangen om sommaren og favorisere nedgraving av lauv etter lauvfall. Knusing av lauvet, t.d. ved å rake det inn i køyregangen og køyre over med grasklyppar, vil også framskunde nedbrytinga. Mykje greinskurv i hagen er ei viktig

smittekjelde frå tidleg vår til sein på sommaren, og gjer kontrollen med skurv mykje vanskelegare. Det er difor viktig å unngå etablering av greinskurv ved å unngå utsette sortar og skjera bort skot med greinskurv. Ver også klar over at rotskot frå grunnstamma kan vere ei smittekjelde for skurv i hagen (sjå figur 1.15g). Ver difor nøye med å rive bort rotskot som kjem opp.

Unngå sein opptørking. Ved skjering bør det sytast for å halde opne tre. Desse tørkar raskare opp enn dette tre. På stader med sein opptørking etter regn og doggfall (lite utskifting av luft) vil det vere fleire og lengre periodar med fuktig bladverk.

Kontroll med vatning. Ved spreiarvatning kan ein vatne på seg eit skurvproblem. Det er difor viktig å ikkje vatne for lenge om gongen, og å leggje vatninga til tider på dagen då det tørkar raskt opp att, eller når det likevel er fuktig (om natta og tidleg om morgonen). Bladverket må vere fuktig ein kortare periode enn den som skal til for å gi infeksjon ved den aktuelle temperaturen (sjå tabell 1.4). Vatning kan også brukast til å framkalte sporekasting utan vilkår for infeksjon. I turre periodar om våren kan kasting av sporane utløysast ved vatning på gammalt lauv under trea. Dersom det vert brukt spreiarar som også fuktar bladverket i trea, er det viktig at det tørkar opp i tide for å unngå infeksjon.

Direkte tiltak

Sprøyting med svovelhaldige preparat. Svovel og svovelkalk er preparat med verknad mot epleskurv. Av desse er no berre svovel godkjend for bruk i økologisk dyrking i Noreg. Svovel verkar berre førebyggjande. Ved førebyggjande sprøyting må det sprøyta slik at middelet dekker mottakeleg bladverk, skot og frukter før soppens spirer. Svovel må sprøyta ut på tørt bladverk. I praksis betyr det at det må sprøyta i forkant av varsle regn. I lengre samanhengande fuktige periodar vert det då problem med å få sprøyta ofte nok, slik at det ikkje er dekking heile perioden. Tabell 1.6 syner tilrådde konsentrasjonar til ulike tider i sesongen. For å ha god effekt av svovel bør temperaturen vere minst 10 °C. Gjentatt bruk av svovel vil ha skadeleg effekt på rovmidd. Hyppig bruk av svovelpreparat tidleg i sesongen kan difor gi oppbløming av skademiddar etter at ein sluttar med svovelsprøytinga. Svovelkalk er ikkje godkjend som plantevernmiddel i Noreg no (sjå side 31). Svovelkalk har i tillegg til førebyggjande verknad også ein viss kurativ effekt, dvs. at preparatet kan stoppe utviklinga av

skurvsoppen etter at den har infisert. Svovelkalk kan sprøyta ut sjølv om bladverket er fuktig, og den kurative verknaden gjer at ein også kan bruke middelet i etterkant. I alle fruktdistrikt vert det utarbeidd skurvvarsel som fortel om og når det har vore fuktig bladverk lenge nok til at skurvsoppen kan ha infisert. Svovelkalk vil då kunne sprøyta ut etter varsel. Ved sprøyting etter varsel må det sprøyta så raskt som mogeleg etter infeksjon, og seinast innan 400 timegrader (basistemperatur 0 °C) etter varsel, dvs. innan 40 timer ved 10 °C og innan 20 timer ved 20 °C. Svovelkalk skal ikkje nyttast under bløminga, då det kan gå ut over fruktsetjinga (tynningseffekt).

Dessutan bør preparatmengda reduserast etter bløming og på duna kart. Ved sprøyting i regn eller på fuktig bladverk bør vassmengda reduserast, men slik at det vert sprøyta ut same preparatmengde pr. 100 m rad som på tørt bladverk. Svovelkalk kan gi rustdanning på fruktene og skade bladverket. Bruk av svovelkalk kan difor gi reduserte avlingar. Problemet er størst når sprøytevæska tørkar sein opp. Det er dessutan store sortsvariasjonar når det gjeld rustdanning/bladskade. Ved å kombinere bruk av svovel og svovelkalk er det større sjanse for dekking i dei viktigaste periodane med skurvinfeksjon. Tabell 1.6 syner tilrådde konsentrasjonar til ulike tider i sesongen. Svovelkalk har betre verknad enn svovel ved låge temperaturar. Det er difor eit betre middel til bruk tidleg om våren. Gjentatt bruk av svovel/svovelkalk vil ha skadeleg effekt på rovmidd. Hyppig bruk av svovelpreparat tidleg i sesongen kan difor gi oppbløming av skademiddar etter at ein sluttar med svovelsprøytinga. Både i Noreg og elles i Europa har det vore usikkert om svovelkalk vil få fornya godkjennung som plantevernmiddel. Det vert no arbeidd internasjonalt for å få på plass nødvendig dokumentasjon for at middelet skal vera godkjend att.

Ved sprøyting mot skurv, må preparatet dekke det mottakelege bladverket for å hindre infeksjon. Særleg om våren og tidleg om sommaren er det rask vekst i trea. Di høgare temperaturen er, di raskare kjem det fram nye, mottakelege blad. Etter sprøyting er det difor dekking i ein kortare periode ved høg temperatur enn ved låg temperatur, fordi det ved høgare temperatur tek kortare tid før nytt mottakeleg bladverk er utvikla. Vi kan gå ut frå at det ikkje er dekking mot skurv der som tilveksten etter siste sprøyting er meir enn 1 ½ blad pr. langskot. Det er vanleg å rekne ein førebyggjande verknad på inntil 4 døger ved temperatur under 10 °C og inntil 3 døger ved høgare temperatur for sv-

vel. Særleg i perioden frå musøyre til ballong vert det utvikla mykje ungt og mottakeleg bladverk så raskt at tida vi har dekking etter ei sprøyting kan vera endå kortare.

Dersom smittepresset i hagen er lågt, er det normalt tilstrekkeleg å syte for å ha dekking i den perioden det vert kasta mest sekksporer. Avhengig av temperatur og fuktigkeit vil det oftaest medføre 3-5 sprøytingar med svovelhaldig preparat i perioden frå musøyre til midt i juni. Har ein då hindra skurvinfeksjonar i hagen, kan sprøytinga avsluttast. Dersom smittepresset er større, og særleg dersom det er greinskurv i hagen, må det startast med svovelkalksprøyting på grøn spiss og sytast for dekking med svovelhaldig preparat utover sommaren, i verste fall til langt ut i august.

Sjølv ved dyrking av berre skurvsterke sortar, tilrår vi at det vert gjennomført 3-5 sprøytingar kring bløming (i den viktigaste perioden for kasting av sekksporar). Dette er for å redusere faren for at skurvsoppen skal bryte resistensen.

Tabell 1.6 Tilrådd konsentrasjon/preparatmengd ved bruk av svovelhaldige preparat mot skurv i økologisk dyrking. Tilrådinga er basert på bruk av preparata «Thiovit» (svovel) og «Svovelkalk» (frå A. Langesæter) og ei normal væskemengd på 75 liter pr. 100 m rad i ei planting med utvaksen slank spindel. NB! Svovelkalk er for tida ikkje godkjend som plantevernmiddel i Noreg.

Preparat	Tidspunkt	Preparat-mengd pr. 100 liter væske	Preparat-mengd pr. 100 meter rad
Svovel	Før bløming	600 gram	450 gram
	Etter bløming	300 gram	225 gram
Svovelkalk ¹	Før bløming	1,5 liter	1,1 liter
	Etter bløming/på duna kart	1,0 liter	0,7 liter
	Seinare i sesongen	1,5 liter	1,1 liter

¹ Tilrådinga gjeld sprøyting på tørt bladverk. Ved sprøyting på vått bladverk vert væskemengda redusert til 1/3, men det skal ut same mengd «Svovelkalk» pr. 100 meter rad. Sprøytevæska må då konsentrerast tilsvarande.

Fleire preparat med verknad mot skurv vert brukt i økologisk dyrking i andre land, men kan i dag ikkje brukast hos oss. Dette kan endre seg. Koparpreparat vert brukt tidleg i sesongen. Andre middel med god verknad inneheld som regel svovel som ein av komponentane. «Mycosan» er eit preparat som inneheld forsura leirmineral (50 %), svovel (41 %) og planteek-

strakt. «NAB-mischung» er ei blanding av svovel, algekalk og bentonitt som i praksis har vore vanskeleg å handtere på grunn av utfellingar i sprøyteutstyret.

Eplemjøldogg

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Podosphaera leucotricha*.

Symptom

Vinter. Skottoppar med daude knoppar, redusert lengdevekst, lyst belegg og evt. talrike mørke sporehus.

Vår. Misforma blomar og blad (smale) med kvitt mjølaktig belegg, knoppar som bryt dårleg eller ikkje bryt i det heile, ofte er heile skot infiserte og dekka med eit kvitt belegg («mjøldoggtoppa»).

Sommar/haust «Mjøldoggtoppa» som ikkje er fjerna, med kvitt belegg på blad og skot og misforma blad som dels tørkar ut og fell av. Nye infeksjonar i form av gråkvite flekkar på blad, særleg på undersida.

Bladundersida kan verta fiolettarga og bladkanten kan rulle seg opp. Korkrust i eit nettforma mønster på fruktene (ikkje så vanleg) skuldast angrep under bløming eller på tidleg kartstadium. På svært utsette sortar kan vi stundom også sjå mjøldogg som sporulerar (dannar sporar) på sjølve fruktene.

Skadepotensial

Sterke angrep av mjøldogg gir redusert tilvekst i trea og reduserte avlingar. Særleg stor skade ved angrep på tre i planteskule og på unge tre i felt, fordi tilveksten vert sterkt hemma. Mindre angrep på større tre betyr lite.

Livssyklus/biologi

Soppen overvintrar som mycel (nett av hyfer = sopptrådar) i infiserte knoppar. Etter knoppsprett veks soppen utover blomar, blad og skot som eit kvitt belegg. Desse primærinfeksjonane («mjøldoggtoppa») produserer store mengder sporar (konidiar), som kan spreiaast med vinden over store avstandar og infisere nye blad (sekundærinfeksjonar). Soppen kan spreie seg vidare med konidiar frå nye infeksjonar. Infeksjon på blad skjer berre mens dei er heilt unge. Frå infiserte blad veks soppen inn i knoppane der han overvintrar. På skota vert det etter kvart danna mørkfarga sporehus med sekksporer. Desse er truleg lite viktige for overleving og spreiling av soppen.



Figur 1.17 Eplemjøldogg. a) Blomeklase utvikla frå infisert blomeknopp (primærinfeksjon). b) Knoppane ytterst på skotet er daude og bryt ikkje, blad frå knoppar som bryt lenger inne på skotet er dekka av mjøldogg (primærinfeksjon). c) Mjøldogg etter infeksjon om sommaren (sekundærinfeksjon). d) Mjøldogg på frukt (ikke vanleg). Foto: a), b) og d) Dag Røen, c) Halvor Gjærum.

Varme, tørre somrar kombinert med milde vintrar gir størst problem med eplemjøldogg. Best vilkår for soppvekst og sporespreiing er det når det er tørt og varmt (om dagen), og best vilkår for infeksjon ved høg luftfåme (om kvelden/natt). Fritt vatn frå regn eller spreiarvatning hemmar infeksjonen sterkt. Infiserte knoppar toler låg vinter temperatur dårligare enn friske knoppar. Etter ein hard vinter vil difor mange av dei infiserte knoppane døy og smittepressester vere sterkt redusert.

Førebyggjande tiltak


Plant berre sterke sortar. Unngå å plante utsette sortar på stader der det erfaringsmessig er mykje mjøldogg. Særleg utsette sortar er 'Geneva Early' og 'Carroll', men også 'Gravenstein' kan få mykje mjøldogg. 'Aroma' får lite mjøldogg og 'Discovery' er svært sterkt mot mjøldogg. Fleire av sortane med Vf-resistens mot skurv er utsette for mjøldogg. Det kan då vera nødvendig å sprøyre fleire gonger med svovel for å kontrollere mjøldogg sjølv om det ikkje er nødvendig mot skurv.

Reduser smittepress. Det er viktig å fjerne primærinfeksjonane før dei rekk å spreie soppen vidare. Skjer bort infiserte skot ved vinterskjerding. Gå dessutan gjennom hagen og fjern mjøldoggtoppar og infiserte blomeklasar ved tett klynge. Følg med seinare i sesongen og fjern evt. infiserte toppar som står att. Tre av utsette sortar med mykje mjøldogg er smittekjelder som vil gi auka problem med mjøldogg på dei mindre mottakelege sortane.

Direkte tiltak

Spreiarvatning. I tørre periodar kan faren for infeksjon reduserast med spreiarvatning, fordi fritt vatn hemmar sporespiring. Ver då klar over risiko for skurv-infeksjon på skurmottakelege sortar ved for sein opptörking (sjå om «Mills tabell» i avsnittet om epleskurv).

Sprøytning med svovelhaldige preparat. Svovel og særleg svovelkalk har god effekt mot mjøldogg. Svovelkalk kan ikkje nyttast som plantevernmiddelet i Noreg i dag (sjå side 31). Dersom sjukdommen ikkje vert tilstrekkeleg kontrollert med førebyggjande tiltak,



Figur 1.18 Livssyklus hos eplemjøldogg. Teikning: Hermod Karlsen.

kan det som ei naudløsing sprøyta med svovelkalk på grøn spiss/tidleg tett klynge, så med svovel kvar 6.-8. dag fram til jonsok, og vidare med svovel eller svovelkalk kvar 10.-14. dag fram til endeknopp er danna på årsskota.

Kjølelagsopp, svart frukttrekreft og bitterrøte

Skadegjerar


Kjølelagsopp - *Pezicula alba* med konidiestadiet *Phlyctaena vagabunda* (tidlegare kalla *Gloeosporium album*), svart frukttrekreft - *Pezicula malicorticis* med konidiestadiet *Cryptosporiopsis curvispora* (tidlegare kalla *Gloeosporium perennans*) og bitterrøtesopp - *Glomerella acutata*, med konidiestadiet *Colletotrichum acutatum*. Alle dei tre soppane er nært i slekt og høyrer til sekksporesoppane, men berre konidiestadia har noko å seie i Noreg. Fruktrøte som skuldast angrep av kjølelagsopp og svart frukttrekreft vart tidlegare kalla *Gloeosporium*-røte. «Kjølelagsopp» vert ofte nytta som felles namn på dei to sjukdomane.

Symptom

Tre. Både kjølelagsopp og svart frukttrekreft kan gi mindre kreftsår på skota, men dette er ikkje vanleg å finne hos oss. Svart frukttrekreft er den mest aggressive av desse soppane og er difor oftaust årsak til slike kreftsår.

Frukt. Som regel ser vi lite til soppen før etter hausting, men før hausting kan ein av og til sjå små runde mørke flekkar kring lenticellene (skalpunkta) som kan vere tidelege stadium i røteutviklinga. På lager utviklar kjølelagsopp og svart frukttrekreft sirkelrunde, brune flekkar med utgangspunkt i lenticeller. Røteflekkane veks i diameter utover i lagringa, og søkk litt saman. Flekkane kan etter kvart dekke store delar av frukta, særleg dersom flekkar veks saman. Etter ei tid vert det utvikla hopar av konidiesporar i røten. Det er vanskeleg å skilje soppane frå kvarandre i unge røteflekkar. Etterkvart vert røteflekkar av kjølelagsopp meir regelmessig ringa, og konidiehopane er tørre og lyst brune. Eldre røteflekkar som skuldast angrep av svart frukttrekreft vert meir uregelmessige, og konidiehopane er gråkvite, fuktige og seigtflytande.

Symptoma på bitterrøte kan i starten minne litt om



Figur 1.19 Det kan vere vanskeleg å skilje frå kvarandre symptom på røte som skuldast angrep av kjølelagsopp, svart frukttrekreft og bitterrøte.
a) Tidlege flekkar av kjølelagsopp. b) Kjølelagsopp. c) Svart frukttrekreft. d) Bitterrøte. e) På utsette sortar i år med gunstige vilkår for soppene kan vi finne symptom før fruktene er hausta. Foto a), b) og c) Rolf Langnes, d) Jorunn Børve, e) Dag Røen.

kjølelagersopp og svart frukttrekreft, men desse røteflekkane får rustbrune sporehopar som etter kvart vert svært mørke.

Skadepotensial

Hos mottakelege sortar som t.d. 'Aroma', kan store delar av avlinga utvikle røteflekkar under lagring og omsetnad.

Livssyklos/biologi

Kjølelagersopp og svart frukttrekreft: Begge soppane overvintrer i små kreftsår i barken, i sår etter skjering, i fruktstilkfeste, infiserte frukter eller blad. Infeksjon av treet skjer gjennom sår, bladfeste etter bladfall og fruktfeste etter hausting. Begge soppane kan leve saprofyttisk på greiner, frukt eller blad. Svart frukttrekreft er rekna som meir aggressiv enn kjølelagersopp og kan i større grad øydeleggje skot og gi mindre kreftsår. Soppane vert spreidde som konidiesporer med vassprut over korte avstandar. Kondiane krev høg luftråme for å infisere. Begge soppane kan infisere frå før bløming, men typisk skjer infeksjon gjennom sår og naturlege opningar i epleskalet (lenticeller) hos frukt i utvikling, særlig på ettersommaren og hausten. Høg temperatur om ettersommaren vert rekna som særlig gunstig for soppen, kanskje ved at lenticellene då vert opnare slik at infeksjon lettare finn stad. Soppen ligg latent og utviklar seg vidare først etter hausting. Vi reknar ikkje med spreiling til nye frukter på lager. Begge soppane er om lag like vanlege på Austlandet. På Vestlandet ser kjølelagersopp ut til å dominere fullstendig, og svart frukttrekreft vert berre funne i få tilfelle. Dette ser ikkje ut til å ha endra seg frå dei første undersøkingane for 40 år sidan og fram til i dag. I andre land har svart frukttrekreft med tida overteke som dominerande årsak til røte av desse to soppane. Spreiling over lengre avstandar føregår med plantemateriale.

Bitterrøte: Sjå omtale under avsnitt om sjukdomar i søtkirsebær.

Førebyggjande tiltak

Dyrk sterke sortar. Det er stor skilnad på sortar i kor mottakelege dei er for desse soppane. Dessverre er ein av dei mest aktuelle sortane i økologisk dyrking, 'Aroma', svært utsett. 'Gravenstein' og 'Ingrid Marie' er også nokså utsett. Av sterke sortar kan 'Discovery' nemnast.

Unngå kalsiummangel i fruktene. Høgt innhald av kalsium i fruktene saman med lågt nitrogeninnhald gir

mindre problem med desse soppane, i tillegg til færre fisiologiske skadar. Kalsium styrker celleveggane i fruktene, og lågt kalsiuminnhald i fruktene gir auka problem med både fisiologiske sjukdomar og røtesoppar. Det kan vere kalsiummangel i fruktene sjølv om treet tek opp nok kalsium frå jorda. Ved bladgjødsling med kalsium vil kalsium verte tilført direkte på fruktoverflata. Ei eller fleire sprøytingar av trea med kalsiumklorid (vegsalt) før hausting vil difor gi auka innhald av kalsium i fruktene og redusere problemet med kjølelagersopp. Det er restriksjonar på bruk av kalsiumklorid i økologisk dyrking. Det må difor søkjast Debio om løyve før bruk. Debio har gitt løyve til bruk av kalsiumklorid som bladgjødsling, uavhengig av om preparatet og har plantevernverknad.

Reduser smittepress. Fjern frukter som vert att i hagen etter hausting. Smitten sit ofte på gamle fruktgreiner, så generelt godt skjeringsarbeid vil redusere smittepresset. Skjer bort og fjern eller brenn daude greiner og greiner med alle former for kreftsår. Senking av kassar i vatn før transport inn på sortiringsanlegg kan medføre spreiling av konidiar til nye eple.

Unngå sein opptørring. På stader med sein opptørring etter regn og doggfall (lite utskifting av luft) vil det vere fleire og lengre periodar med fuktig bladverk. Dette gir betre vilkår for spreiling og spiring av konidiar. Ved skjering bør det sytast for opne tre som tørkar raskt opp.

Ikkje haust frukt for lagring for seint. Di lenger fruktene heng på trea di fleire infeksjonar vert det. Dessutan vert fruktene meir mottakelege for infeksjon etterkvart som dei mognar. Seint hausta frukt får difor ofte meir røte som skuldast angrep av desse soppane. Frukt for lagring bør av denne og andre grunnar ikkje haustast for seint. Dei skal haustast før dei er etemogene slik at siste del av utviklinga fram mot mognings føregår på lager.

Direkte tiltak

Rask nedkjøling etter hausting og kjølelagring.

Utviklinga av røten kan forseinkast ved rask nedkjøling av frukta etter hausting og lagring ved låg temperatur. Sjølv om kjølelagersopp og svart frukttrekreft i større grad enn mange andre sjukdomar utviklar seg ved låge temperaturar, går utviklinga av røten seinare ved låg temperatur. Frukta bør difor lagrast ved så låg temperatur som mogleg, men ikkje så lågt at det oppstår kjøleskadar. 'Aroma' kan med føremon lagrast ved temperaturar ned mot 0 °C, men kan då i visse tilfelle få sokalla

blaut kuldeskade. Denne fysiologiske skaden kan hos 'Aroma' reduserast ved å utsetje nedkjølinga ved først å lagre frukta 1-2 veker ved om lag 10 °C. Bitterrøte har ikkje heilt same evna som dei to andre sjukdomane til å utvikle seg ved låg temperatur og kan difor i noko større grad haldast i sjakk ved normal kjølelagring.

CA-lagring/ULO-lagring. Lagring i kontrollert atmosfære (lågt innhald av oksygen, høgt innhald av CO₂) seinkar mogningsprosessen i fruktene og reduserer vekstfarten til soppene. Difor vert utviklinga av desse soppene forseinka samanlikna med vanleg kjølelagring. Kjølelagersopp vert sterkare hemma av kontrollert atmosfære enn svart frukttrekreft.

Handsaming med varme. Forsøk har synt lovande effekt på desse og andre røtesoppar ved å gi frukta ei oppvarming etter hausting før plassering på kjølelager, sjá side 32.

Handsaming med eddik. I svenske forsøk har handsaming av fruktene med vineeddik eller eplesidereddik gitt redusert utvikling av kjølelagersoppar. Dypping gav misfarging av fruktene, medan handsaming med eddikdamp gav like god effekt mot røte utan at fruktene vart skadde. Denne metoden er enno på forsøksstadiet. Eddik står i dag ikkje på lista over preparat som er godkjende for bruk i økologisk dyrking. Men det kan tenkast at det kan vurderast som eit heimelaga preparat som kan brukast utan restriksjonar. Ei slik gruppering må klarerast føreåt med Debio.

Biologisk kontroll. I norske forsøk har sprøyting før hausting med nokre isolat av den antagonistiske soppen *Trichoderma harzianum* gitt kraftig reduksjon i rotning som skuldast angrep av kjølelagersopp. Meir forsking og utvikling er nødvendig før dette eventuelt vert ein metode for praktisk bruk.

Eplerust

Skadegjerar

Stilksporesoppen *Gymnosporangium tremelloides*.


Symptom

Tre. Guleransje flekkar på blada. På undersida av blada vert desse flekkane etterkvart fortjukka med små utvekstar (skålrust).

Frukt. Raudgule flekkar, særleg i begerenden, som unntaksvis kan utvikle seg til skålrust.

Skadepotensial


Stort sett er angrepa for små til å ha noko å seie i praktisk dyrking. Men eplerust kan lokalt gjera ein del skade, først og fremst på Vestlandet og særleg i Sogn. Dette har dels samanheng med at det er mykje einer i skogen og store høgdeskilnader som gir ein lang infeksjonsperiode, og dels skuldast det mykje nedbør om våren som gir gode vilkår for infeksjon.



Figur 1.20 Eplerust. a) Eplerust på blad. b)og c) Sporehopar av eplerust på einer. Foto: Rolf Langnes.

Livssyklus/biologi

Eplerust har tvungen vertveksling mellom vanleg einer (*Juniperus communis*) og eple. Soppen lever som flettrig mycel i barken hos einer. Om våren veks det fram oransje geléaktige klumper. I midten/sluttet av mai produserar desse sporer (basidiesporer) som vert spreidde med vinden til epletre. Der dukkar det etter 1-2 veker fram små oransjefarga flekkar på oversida av blada. Soppen veks så gjennom til undersida av blada der det vert danna oransjefarga fortjukka flekkar/utvekstar (skålrust). Her vert det danna sporar (aecidiesporar) som utpå ettersommaren/hausten smitter attende på einer. Soppen overvintrar ikkje på eple, berre på einer.



Figur 1.21 Livssyklus eplerust. Teikning: Hermod Karlsen.

Førebyggjande tiltak

Plant sterke sortar. Det er ein del skilnad på kor mot takelege sortane er for eplerust, m.a. får 'Gravenstein' og 'Katinka' lett mykje rust.

Reduser smittepress. Soppen kan berre smitte frå einer til eple, ikkje frå epletre til epletre. Dersom all einer i nærleiken av hagen vert fjerna vil smittepresset reduserast mykje, men fordi sporene vert spreidde med vinden kan ein likevel ikkje rekne med å fjerne all smitte.

Direkte tiltak

Sprøyting med svovelkalk. Dersom det vert gjennomført førebyggjande åtgjerder, vil det berre unntaksvis vere nødvendig med direkte tiltak mot denne soppen. Svovelkalk har ein viss effekt mot rust, men er ikkje fullt effektiv. Ei eventuell sprøyting må føregå i samband med at sporane vert spreidde frå einer, det vil i praksis seie i samband med første regnver etter midten av mai. Dette vil då vere samanfallande med sprøytingar mot epeskurv. NB! Svovelkalk er i skrivan-

de stund ikkje godkjend som plantevernmiddel i Noreg (side 31).


Grå monilia

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Monilinia laxa* f.sp. *mali*, med konidiestadiet *Monilia laxa*. Berre konidiestadiet er funne hos oss.

Symptom

Tre. Blomar og blad visnar og vert hengande ned. NB! Desse symptomata kan forvekslast med den farlege sjukdommen pærebrann! Kan gi små kreftliknande sår på greiner. Desse sår veks rundt greina slik at ho dør utanfor såret.



Figur 1.22 I år med fuktig vær i bløminga kan det verta kraftige angrep av grå monilia på utsette eplesortar, som her på sorten 'Discovery' frå ein økologisk hage i Danmark. Foto: Arne Stensvand.

Skadepotensial

Kan gjera ein del skade på utsette sortar når fuktig vær i bløminga gir gunstige vilkår for infeksjon. I ekstreme tilfelle kan store delar av treet visne.

Livssyklus/biologi

Sjå omtale av grå monilia i kapittelet om sjukdomar i søtkirsebær (side 72).

Førebyggjande tiltak

Reduser smittepress. Skjer bort og fjern eller brenn alle skot med angrep. Dette bør gjerast i god tid før bladfall om hausten.

Unngå fuktige lokalitetar med tung og våt jord.

Plant frukttre berre på veldrenert jord på stader med god luftutveksling slik at trea tørkar snart opp att etter regn. Hald trea opne og luftige ved skjering.

Plant sterke sortar. Dessverre er to av dei mest aktuelle sortane for økologisk dyrking, 'Aroma' og 'Discovery' nokså utsette for grå monilia.

Direkte tiltak

Vi har ingen direkte tiltak som kan nyttast i økologisk dyrking.


Frukttrekreft

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Nectria galligena*, med konidiestadiet *Cylindrocarpon malii*.

Symptom

Tre. Angrepet startar som små, innsokne, brunraude flekkar på skota. Desse utviklar seg raskt til gul-oransje parti i barken der det vert danna små, lyse puter med konidiesporar. Ved angrep på unge skot vil skota raskt døy ovanfor det angrepne partiet. På eldre ved vil det utvikla seg typiske kreftsår, med årringar av oppsvulma bark rundt såret. I desse såra kjem det fram mørkeraudde, runde sekksporehus som kan minne om egg av frukttremidd. Når soppen har vakse rundt og øydelagd barken heilt rundt greina, vil greina døy ovanfor



Figur 1.23 Frukttrekreft. a) Når sår veks heilt rundt trestamma, vil treet døy. b) Tidleg symptom på angrep på ungt skot. c) Sekksporehus. d) Fruktrøte som skuldast angrep av frukttrekreft. Foto: a) Dag Røen, b) og d) Arne Stensvand, c) Rolf Langnes.

angrepsstaden. Greinskurv kan vere innfallsport for denne soppen.

Frukttrekreft: Frukttrekreft kan gi ein sterkt innsokke, rynka og temmeleg blaut fruktrøte som ofte startar tidleg mens frukta heng på treet. Ved tilgang til lys og høg lufråme vert det etter kvart utvikla talrike lyse sporeputer i røten. Røten startar ofte som begerrøte, og kan då forvekslast med gråskimmel. I hagar med mykje frukttrekreft er det ikkje uvanleg med sterke angrep på fruktene også i Noreg. I England er frukttrekreft ei av dei viktigaste årsakene til fruktrøte.

Skadepotensial

Frukttrekreft kan gjera svært stor skade ved at greiner og heile tre dør ut. Skadepotensialet er størst ved dyrking av mottakelege sortar på tung og våt jord på fuktige lokalitetar. Erfaringsmessig er det lite problem med frukttrekreft i indre Sogn og indre strøk av Austlandet, medan problema aukar di meir kystklima det er på staden. Etter at plantevernmiddelet med effekt mot denne soppen (kopar) vart tekne ut av marknaden i Danmark, har angrepa av frukttrekreft utvikla seg til eit stort problem for fruktdyrkinga der.

Livssyklus/biologi

Infeksjon av tre kan skje storparten av året (når det ikkje er frost), gjennom sår etter skjering, frostskade, greinskurv og gniassing, og gjennom arr etter knoppskjel, blad og frukter. Infeksjon av frukta kan skje gjennom blomen, alle sår i fruktskalet og gjennom lenticeller. Sporespreiing finn stad i fuktig vær. Di lengre fuktperiode, di større fare for infeksjon gjennom sår. I ferske snitt etter skjering er det observasjonar som tyder på at konidiar nærast vert sugd inn i vedrøyna, slik at spring er mindre avhengig av lengd av periode med fukt på overflata. Spreiing av konidesporar skjer med regnsprut. Det har i seinare tid vore diskutert om infeksjon av frukttrekreft i planteskulane som fylgjer treet til frukthagane kan vere like viktig som infeksjon frå sjuke tre i hagen og nærområdet. Så langt er dette ikkje avklart sikkert. Det er funne prov på systemisk infeksjon i veden som spreier seg i leiingsvevet. Det kan då tenkast at infeksjon kan finne stad alt ved grunnstammeproduksjonen og spreie seg systemisk til resten av treet etter poding. Samtidig er det klårt dokumentert spreiing mellom unge tre i plantingar, og til unge plantingar frå eldre tre i nærlieken.

Førebyggjande tiltak

God plantehygiene i planteskular. Det er viktig at planteskulane og grunnstammeprodusentane har

denne sjukdomen under kontroll, for å unngå at trea er infiserte når dei vert kjøpte.

Plant sterke sortar. Det er stor skilnad mellom sortar i kor utsette dei er for frukttrekreft, men ingen sortar er 100 % resistente. 'Gravenstein' er sterkt mot sjukdommen, medan 'Elstar' og 'Filippa' er rekna som middels sterke. 'Discovery', 'James Grieve', 'Prins', 'Quinte', 'Summerred', 'Vista Bella' og 'Åkerø' er sortar som er svært mottakelege for frukttrekreft.

Unngå fuktige lokalitetar med tung og våt jord.

Plant frukttre berre på veldrenert jord på stader med god luftutveksling, slik at trea tørkar snart opp att etter regn. Plant ikkje for tett og plant nye tre slik at framherskande vindretning ved fuktig vær ikkje går frå eldre infisert hage til nyplantinga. Hald trea opne og luftige ved skjering.

Reduser smittepress. Skjer bort greiner med kreftsår så snart dei vert oppdaga. Skjer godt inn på frisk ved, ta kvisten ut av hagen, og komposter eller brenn han.

Unngå unødige sår på skot og greiner. Alle sår i barken er mogelege innfallsportar for soppen.

Greinskurv kan vere innfallsport for frukttrekreft. Rund staur for oppstøtting er betre enn staur med kantar. Fjern etikettar frå planteskular etter planting og fjern oppbindingsmateriale før det tek til å gnage seg inn i barken. Ved skjering bør snittet leggjast slik at såret helar så raskt som mogeleg.

Unngå om mogeleg skjering av trea i fuktig ver.

Soppen kan infisere gjennom skjeringssår fleire veker etter skjering, og risikoen aukar ved fuktig vær i samband med eller rett etter skjering. Soppen kan infisere sjølv om temperaturen er ned mot 0 °C.

Godt reinhald av skjeringsutstyr. Skjer bort alle greiner med kreft, og reingjer saksa godt før skjering av friske greiner og tre.

Unngå for kraftig vekst og sein avmogning av trea.

Alt som seinkar avmogninga av trea kan auke faren for frostskade og med det gi innfallsportar for frukttrekreft. Unngå tilføring av nitrogen om ettersommaren og hausten. Ver særleg merksam ved jordekke med t.d. grasklypp, då dette kan frigjere nitrogen lenge utover hausten.

Direkte tiltak

Vi har i dag ingen effektive direkte tiltak som kan brukast i økologisk dyrking.

Det vert arbeidd med å utvikle metodar for biologiske tiltak mot frukttrekreft. Det er då aktuelt å sprøyte ut sopp eller bakteriar i periodar når det oppstår sår etter skjering, hausting og bladfall. Slike tiltak er ikkje tilgjengelege for praktisk dyrking i dag. Koparpreparat har effekt mot frukttrekreft, men kan ikkje brukast i økologisk dyrking hos oss. I nederlandske forsøk har kalsiumhydroksid (leska kalk) sprøyta ut 5-7 gonger om hausten gitt redusert problem med frukttrekreft. Utfalling i sprøyteutstyret er eit problem, men det er utvikla formuleringar som er lettare å sprøyte ut og som heng betre på trea. Brent kalk er gruppert under heimelaga preparat som det er tillate å bruke som plantevernmiddel i økologisk dyrking. Bruk av leska kalk er då også godkjend, fordi det berre er brent kalk blanda med vatn.

Gråskimmel (begerròte)

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Botryotinia fuckeliana*, med konidiestadiet *Botrytis cinerea*. Det er berre konidiestadiet som betyr noko.

Symptom

Frukt. Gråskimmelsoppen er ofte årsak til begerròte, det vil seie røte kring begeret. Den startar ofte som ei raudfargning ved basis av begerblada og utviklar seg vidare til ein røte kring begeret. Etter hausting kan røten utvikle seg slik at heile eller store delar av eplet rotar. Gråskimmel gir ein blaut, brun røte på lager. I høg luftråme på lager vil det på overflata etter kvart vera danna eit grått pelsaktig lag av konidiesporar, og det vert ofte utvikla sklerotiar (klumper av tjukkvegga sopphyfer) som er synlege som små, svarte prikkar.

Skadepotensial

I år med kjøleg og fuktig vêr i bløminga kan det verta mykke begerròte på utsette sortar som 'Gravenstein' og 'Aroma'.


Livssyklus/biologi

Gråskimmel er årsak til røte hos mange planteartar og lever saprofytisk på all slags daudt plantemateriale. Soppen overvintrar som mycel eller sklerotiar på restar av nedfallsfrukt, på ymse plantedelar av andre planteartar eller i jorda. Gjennom heile vekstsesongen vert det produsert store mengder konidiar, og vi må difor rekne med at det alltid vil vere sporar av denne soppen i lufta inne i frukthagen. Infeksjon som gir begerròte hos eple skjer gjennom blomen. Kjøleg og fuktig vêr i bløminga gir gode vilkår for infeksjon og lang infeksjonsperiode (lang blømingstid). Etter infeksjonen er soppen latent fram til frukta nærmar seg mogning. Då utviklar det seg ein røte kring begeret. Infeksjonen kan gi framkunda mogning (tvangsmogning) og fruktfall. Hos infiserte frukter som vert hausta, vil røten ofte utvikle seg vidare etter hausting og spreie seg til heile frukta. Gråskimmel kan også infisere gjennom sår i skalet hos frukta t.d. ved at fruktstilken vert hengande att på treet ved hausting. Men særleg på sortar med tjukk, kjøtfylt stilk kan infeksjon også skje gjennom fruktstilken sjølv om stilken er knekt i skiljesjiktet ved hausting.

Førebyggjande tiltak

Unngå skadar på fruktene. Haust slik at fruktstilken er uskadd (unngå uttrekt stilk), og handsam fruktene slik at det ikkje vert skadar i fruktskalet. Skadde frukter må ikkje lagrast.

Unngå fuktige lokalitetar. Plant frukttre berre på stader med god luftutveksling slik at trea tørkar snart opp etter regn. Hald trea opne og luftige ved skjering.



Figur 1.24 Gråskimmel. a) Begerròte hos 'Aroma'. b) Røte på lager som skuldast angrep av gråskimmel. Foto: Rolf Langnes.

Reduser smittepress i hagen. Nedfallsfrukt bør ikke verta liggjande att i hagen til neste vår. Slik frukt kan enten fjernast frå hagen eller fresast ned dersom det vert brukt fres til ugraskontroll i trerekkja. Fordi gråskimmelsoppen er så vanleg på all slags plantemateriale er det likevel eit spørsmål kor mykje som vert oppnådd av smittereduksjon med dette.

Reduser smittepress på lageret. Dårleg reingjorte kassar og lagerrom kan vere ei smittekjelde for gråskimmel under lagringa. Soppen spreier seg frå frukt til frukt på lageret. Sjekk fruktene ved hausting, slik at det ikkje vert lagra inn frukter med synleg begerrøte. På lageret bør frukter med synleg røte fjernast, t.d. ved at slike kassar vert sorterte med ein gong.

Direkte tiltak

Vi har ikkje effektive direkte tiltak mot gråskimmel som kan nyttast i økologisk dyrking. Biologisk kontroll kan tenkjast ved sprøyting med antagonistiske soppar (t.d. *Trichoderma*) i bløminga, men dette er for lite utprøvd til at vi kan tilrå dette i dag.

Gul monilia

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Monilinia fructigena*, med konidiestadiet *Monilia fructigena*.


Symptom

Frukt. Soppen gir ein brun og relativt fast og tørr røte, som startar i eit sår og raskt kan vekse gjennom heile frukta. Etter kvart vert det dannar lyse sporeputer, ofte i ringar sentrert rundt infeksjonsstaden. Røten kan utvikle seg på treet eller etter etter hausting. Ved rotning på treet tørkar fruktene inn og dett av eller vert hengande att som «mumiar» på treet. På lageret kan dei rotne fruktene verta helt svarte. Utvikling av sporeputer er avhengig av lys, og er difor mindre vanleg på lager.

Tre. Unntaksvis kan soppen vekse inn i fruktgreina etter infeksjon gjennom blomen. Fruktgreina visnar, og det kan utvikle seg kreftliknande sår på hovudgreina tilsvarande angrep av grå monilia.

Skadepotensial

Gul monilia er ein viktig sjukdom i eple og kan tidvis gjera mykje skade både før hausting og på lager. Mest røte vert det når været er varmt og fuktig fram mot mogning. Fordi økologiske eple er meir utsette for skade i skalet på grunn av skurv og insekt kan vi vente at denne soppen kan gjera større skade her enn i konvensjonell dyrking. Dersom det vert sytt for å halde smittepresset nede, bør sjukdomen likevel kunne holdast på eit akseptabelt nivå.



Figur 1.25 Gul monilia. a) Gul monilia på skot. b) Røteflekkar av gul monilia med sporeputer. c) Eple med angrep av gul monilia kan verta helt svarte på lager. d) Fugleskadde frukter får ofte angrep av gul monilia. Alle foto: Rolf Langnes.

Livssyklus/biologi

Soppen overvintrer i infiserte, inntørka frukter som heng att på trea eller ligg på bakken. Om våren vert det danna konidiesporar som vert spreidde med vinden. I hagen infiserar gul monilia hovudsakleg gjennom sår i fruktskalet, frå gniss, hagl, skurv eller skadedyr (insekt eller fugl). Haglskade er ein viktig innfallsport. Soppen kan spreie seg frå frukt til frukt der som desse heng tett saman og spreier seg lett frå frukt til frukt på lageret. Gul monilia ser ut til å utvikle seg raskt også ved låg temperatur.

Førebyggjande tiltak

Unngå skadar på fruktene. Haust slik at fruktstilken er uskadd, og handsam fruktene slik at det ikkje vert sår i fruktskalet og støytskadar. Skadde frukter må ikkje lagrast. Alle tiltak som reduserer angrep av skurv, insekt og fugl vil indirekte redusere problemet med gul monilia.

Reduser smittepress i hagen. Gå gjennom hagen på ettersommaren/hausten og fjern rotne frukter så snart som råd. Fjern infisert nedfallsfrukt og alle mumiar som heng att i trea i god tid før neste vår.

Reduser smittepress på lageret. Soppen spreier seg lett frå frukt til frukt på lageret. Sjekk fruktene ved hausting slik at det ikkje vert lagra inn frukter med synleg røte. På lageret bør frukter med synleg røte fjernast straks, t.d. ved at slike kassar vert sorterte med ein gong.

Ha gul monilia i tankane ved frukttytning. Ofte vil dei fruktene som rotnar i hagen likevel ha vorte fråsorterte, fordi dei har annan skade. Ved tynning bør frukter med synleg skade fjernast. Ved å tynne godt, slik at fruktene ikkje heng saman, kan vi unngå at røten spreier seg frå frukt til frukt.

Direkte tiltak

Vi har ingen direkte tiltak mot gul monilia som kan brukast i økologisk dyrking.

Andre soppar som gir fruktrøte

Ei rekke andre soppar kan gi fruktrøte hos eple. Vi vil her kort omtale nokre sjukdomar som det er nokså vanleg å finne på lagra frukt hos oss.

Grønmugg (*Penicillium expansum*) gir ein blaut og lys brun røte der overflata ofte søkk saman og vert rynkete. Under fuktige vilkår vert det utvikla blågrøne sporemassar på overflata. Ver særleg merksam på

denne soppen i samband med bruk av eple til t.d. saft fordi soppen dannar det giftige stoffet patulin. Dette giftstoffet vert ikkje nedbrote ved oppvarming.

Grønmuggsoppen infiserar hovudsakleg gjennom sår frå gniss, hagl, skadedyr eller andre soppar, men også gjennom skalpunkt (lenticeller). Forsiktig hand-saming av fruktene og god hygiene på lageret er viktige førebyggjande tiltak mot grønmugg (sjå avsnitt om gul monilia). Sprøyting med kalsium kan gjera fruktene meir motstandsdyktige mot grønmugg. For detaljar om livssyklus og biologi hos soppen, sjå side 59.



Figur 1.26 Grønmugg er årsak til ein blaut og lys brun røte. Under fuktige vilkår vert det utvikla blågrøne sporemassar på overflata.
Foto: Rolf Langnes.

Skjeggmugg (*Mucor-arter*) er svært vanleg førekommende, og soppen infiserar gjennom skadar i fruktskalet. Den gjer som regel ikkje så mykje skade i eple, men særleg ved høgare temperaturar vil det raskt utvikle seg ein lys brun røte med smøraktig eller nesten flytande konsistens, og frukta vert etter kvart dekka av ein langhåra pels av kvite sporeberarar med mørke prikkar (sporehus) i enden. Skjeggmugg er rikt førekommende på planterestar i det øvste jordlaget. Infeksjon av frukta kan føregå ved kontakt med jord og infiserte fruktrestar, eller med mus, fuglar, insekt og regnsprut. Frukter som ramlar på bakken ved hausting, bør ikkje leggjast i haustekassen. Smitte kan også følge med jordsøl på haustekassar inn på lageret. Unngå difor direkte kontakt mellom haustekassar og open jord. Hausting i tørt vær er betre enn hausting i vått vær, men dette er sjølv sagt vanskeleg å få til i praksis. Fjerning av nedfallsfrukt frå hagen kan vere med på å redusere smittepresset.



Figur 1.27 Skjeggmugg. Foto: Arne Stensvand.

Bleikrøte, som skuldast angrep av soppen

Phytophthora cactorum og andre *Phytophthora*-artar, er ein vanleg røte på eple hos oss. Dei same soppane er ofte årsak til rothalsrøte på sjølve treet (sjå neste avsnitt). Soppane er vanlege i jorda, der dei spreier seg med jordvatnet. Frukter som heng ned mot bakken, er mest utsett for bleikrøte, og denne røten er svært vanleg på nedfallsfrukt. Røten er lys, og fruktskalet får ein typisk lys grå til gråbrun farge. Frukt infisert med *P. cactorum* får ei spesiell, beisk lukt som kan vere nok til å identifisere denne skadeårsaka. Røten utviklar seg oftast kort tid etter hausting. Infeksjonen føregår gjennom skalpunkt (lenticellene) på frukta. Smitten skjer ved kontakt med jord eller jordsprut ute i hagen, eller frå jord som vert med haustekassane inn på lageret. Soppen ser ikkje ut til å spreie seg særleg på lageret, berre ved direkte kontakt med smitta eple. Ugraskontroll i trerekka med freising vil auke faren for kontakt med jord. Det vil difor vere ein føremon å avslutte fresinga i god tid før hausting slik at det får danna seg eit vegetasjonsdekke fram mot hausting. Auka stammehøgd før første greinkrans vil også redusere faren for jordsprut på fruktene. I regnfulle haustar bør ikkje haustekassane verta ståande i hagen nær open jord.

Andre sjukdomar i eple

Sølvglans (*Chondrostereum purpureum*) kan gjera skade på alle fruktslaga vi dyrkar. Første symptom er sølvglinsande blad (sølvglans) som ofte startar på ein-skilde greiner i treet. Trea stagnerar etter kvart i vekst og vil til slutt døy. Skjer vi gjennom sjuke greiner eller stamme, vil vi finne typisk uregelmessig mørkfarging rundt marginen i veden. Soppen er meir omtala under sjukdomar i plomme (side 67).

Rothalsrøte kan skuldast fleire soppartar i slekta

Phytophthora men den vanlegaste årsaka er *Phytophthora cactorum*. *Phytophthora* er ikkje ekte soppar, men høyrer til eggsporesoppane. Same soppen er årsak til bleikrøte på frukta (sjå ovanfor). Soppen kan gi røte både på røter (rotrøte), på stammen under podestaden (rothalsrøte) og over podestaden (stammerøte). Første symptom på sjukdomen er ofte generell mistriknad hos treet, med lite tilvekst, därleg fruktsetjing og tidleg gulning av lauv. På slike tre vil vi då ofte finne ein brunfarga røte i barken heilt nedst på stammen, og skrapar vi av barken, er det ofte eit stripete mønster i sevelaget. Det er ei skarp grense mellom friskt og skadd vev. Treet vil døy når soppen har vokse rundt heile stammen. Ofte kan treet ha därleg vekst i fleire år før det dør. Det er stor skilnad mellom grunnstammar i kor utsette dei er for rothalsrøte. MM 106 er svært utsett. M 26 er litt mindre utsett enn MM 106, medan M9 og B9 er sterke mot sjukdomen. For å unngå problem med rothalsrøte er det viktig å unngå stader med tung jord og därleg drenering og forseinkingar i terrenget som periodevis vert oversvømde. Dette er lokalitetar som uansett høver därleg til epledyrking. Alle tiltak som betrar dreneringa og hindrar at vatn vert stående, vil redusere faren for rothalsrøte. Det kan t.d. vere dyrking på drill der det er slike fuktige parti i hagen. På utsette stader bør vi dessutan unngå å bruke spesielt mottakelege grunnstammar som MM 106.



Figur 1.28 Rothalsrøte hos eple, mønster under bark. Foto: Halvor Gjærum.

Sotflekk og flugeflekk skuldast angrep av soppar som betyr lite i integrert dyrking der det vert brukt effektive soppmiddel mot m.a. epleskurv. Dei vert då haldne under kontroll. I andre land i Europa har særleg sotflekk vorte eit stort problem ved økologisk dyrking av lagingringseple. Vi veit enno ikkje kor stort problem desse soppene vil vera i økologisk dyrking hos oss. Vår erfaring frå usprøpta hagar i Noreg er at desse soppene er til stades og kan vere problematiske einskilde år. Flugeflekk skuldast sekksporesoppen *Schizothyrium pomi* med konidiestadiet *Zygomphala jamaicensis*. Sotflekk trudde ein til nyleg skuldast sopparten *Gloeodes pomigena*, men ved nærmere undersøkingar både i USA og Europa er det funne at det er snakk om eit kompleks av fleire ulike artar som gir sotflekk på eple. Fleire nye artar vert funne etter kvart som ein studerer dette nærrara, og kva artar som betyr noko hos oss har vi lite kjennskap til i dag. Sotflekk syner seg som olivengrøne til sotfarga flekkar på fruktene. Desse flekkane kan vere jamnt runde eller meir uregelmessige på form. Dei er særleg lett synlege på gule og grøne eple. Flugeflekk ser ut som små samlingar av svarte prikker, som kan minne om flugeskit. Både sotflekk og flugeflekk skuldast soppar som veks på overflata på frukta og er svært skjemmande. Det er hevda at kraftige angrep kan gi auka fordamping frå fruktene, slik at dei visnar meir under lagring. Typisk for både sotflekk og flugeflekk er at dei kan gniast bort. Soppene som gir sotflekk og flugeflekk, overvintrar på infiserte fruktetre-greiner eller på andre vertplanter. Sporar vert spreidde frå våren og utover heile sommaren, og fruktene kan verta infiserte frå tidleg i fruktutviklinga og heilt fram til hausting. Desse sjukdomane er størst problem i varme og fuktige somrar. Alt som gir rask opptørking i treet og på frukta kan redusere problemet med desse soppene. Unngå difor planting på stader med sein opptørking, syt for opne og luftige tre med skjering og tynn slik at fruktene er godt åtskilde. Sommarskjering er gunstig. Slike

tiltak kan ha noko å seie i somrar som ikkje er for fuktige, men i periodar med langvarig regn vil det truleg likevel ha liten verknad. Sommarskjering kan gi raskare opptørking og er gunstig også av andre grunnar (redusert skotvekst og betre fruktqvalitet). Dersom vi får tilgang på effektive direkte tiltak, vil alt dette dessutan gi betre dekking med sprøytevæske. 'Filippa' er kjent som ein spesielt utsett sort, elles har vi for lite kunnskap om skilnader mellom sortar til å legge vekt på dette ved sortsval. Men soppene skjemmer mest på gule og grøne eple. I USA er det funne at ulike *Rubus*-artar (bjørnebær og bringebær) er viktige vertar for desse soppene, og dei tilrår difor å fjerne slike planter kring frukthagen for å redusere smittepresset. Vi veit ikkje om bringebær og bjørnebær spelar same rolle hos oss. I økologisk dyrking i Sverige tilrår dei fleire sprøytingar utover sommaren og hausten med ei kalissåpe (kokossåpe). Det er ikkje gjort tilsvarende forsøk i Noreg med dei såpepreparata vi har tilgang til. Sovelkalk har også effekt mot sotflekk, men sprøytinga sein i sesongen kan gi problem med middelrestar på fruktene ved hausting. Vintersprøyting med sovelkalk har ikkje gitt like god effekt som sommarsprøyting. Det vert no arbeidd med å utvikle dataprogram for å kunne sprøyte etter varsel mot sotflekk, tilsvarende som for epleskurv. Både sovelkalk og kokossåpe kan sprøyta ut etter at sotfleksoppen har infisert fruktene. Det er ingen kokossåpe-preparat på lista over godkjende plantevernmiddel for økologisk dyrking i Noreg i dag. Sovelkalk er no ikkje godkjend som plantevernmiddel i Noreg (side 31). Frå Tyskland kjenner vi til at det er utvikla maskiner som børstar av sotflekk på fruktene før pakking. Desse skal vere effektive, men nokre sortar har ein overflatestruktur som gjer dette arbeidet vanskelegare.

Honningsopp (*Armillaria mellea*) går på ei rekke treslag. I frukthagen gjer soppen størst skade på steinfrukt og vert difor omtala meir detaljert i avsnittet om




Figur 1.29 a) Sotflekk. b) Flugeflekk. Foto: Arne Stensvand.

søtkirsebær (side 80). Symptom på angrep av honningsopp er at treet er i vantrivnad, med redusert vekst og lyse blad. Under barken på tre med angrep kan ei finne eit kvitt, ofte vifteforma flak av mycel. Etter kvart kan heile greiner og tre døy. Soppen dannar typiske tjukke, mørke trådar (rhizomorfar) med mycel inni som vi kan finne ved basis av trea og på røtene. Gulbrune hattosoppar kan verta danna ved basis av trea om hausten.

Virus og virusliknande sjukdomar i eple vert hovudsakleg spreidd med infisert formeiringsmateriale. Vi vil ikkje her gå i detalj på dei ulike skadeorganismane, men nemne nokre typiske symptom vi finn på tre og frukt. Typisk for virussjukdomar vil ofte vere at dei er avgrensa til einskildtre medan trea rundt er friske. Inne i treet kan ei grein vere sjuk medan nabogreina ikkje syner symptom. Ofte kan trea vere symptomfrie nokre år, men med svært tydelege symptom andre år. Tre kan også ha viruset utan å syne symptom. Vi seier då at viruset er latent. Somtid ser vi berre symptom dersom det er fleire ulike virus til stades i treet. Desse symptomma er assosiert med virus og virusliknande sjukdomar i eple: Gulfarging (klorose) eller brunfarging (nekrose) i flekkar eller mosaikkmonster på blada, deformerte blad, korkringar på fruktene (hos oss ofte hos 'Aroma'), stjerneforma korkaktige sprekker på fruktene, korkaktige vorteliknade utvekstar på fruktene, droplette frukter, buklete frukter, utypiske små frukter og gummived (greiner meir bøyelege enn vanleg). For å unngå problem med virus og virusliknande organismar bør det alltid nyttast virusfritt, friskt plantemateriale av både grunnstammer og edelsort (pode-/okulasjonskvist). Flate greiner, som særleg

'Gravenstein' er utsett for, skuldast eit phytoplasma (ein bakterieliknande organisme).

Heksekost i eple skuldast eit phytoplasma (*Apple proliferation phytoplasma*), som lever i treet sitt leiingsvev i barken. Dette er ein alvorleg sjukdom som i fleire land har gitt store avlingsreduksjonar. Hos oss var sjukdomen påvist for første gong i 1996, men den har truleg vore her frå kring 1970. Det er ein karanteneskadegjerar som er underlagt offentlege tiltak med heimel i Matlova. Det er til no berre funne angrep på nokre få lokalitetar her i landet. Typiske symptom på sjukdomen er heksekostliknande forgreining på års-skota, forstørra øyreblad ved basis av bladstilkene og sterkt redusert fruktstorleik. Sjuke tre får ofte blad tidlegare om våren enn normalt, og dei er meir utsette for angrep av mjøldogg. Det vert også ofte unormalt mange skot ved stammebasis. Røtene utviklar seg dårlig. Symptoma på heksekost opptrer uregelmessig frå å til år. Eit tre kan sjå sjukt ut det eine året, for så kanskje å vere symptomfritt året etter. Symptoma kan også vere kraftige eit år, og svake eit anna. Dette har truleg samanheng med klimatiske tilhøve. Sjukdomen kan verta spreidd over korte avstandar med sikadar, men det ser ikkje ut til å vere særleg viktig hos oss. Den vert først og fremst spreidd med okulasjonskvist. Om vinteren er kvistane truleg stort sett fri for organismen, men den finst i røtene. Spreiing kan føregå ved rot-samanveksing, men det ser heller ikkje ut til å vere viktig i Noreg. For å unngå spreiing av denne sjukdomen må det brukast friskt, norskprodusert plantemateriale. Det er forbode å ta podekvist/okulasjonskvist frå tre som er smitta med heksekost. Angripe tre bør ryddast, og rota fjernast. Det finst ikkje kjemiske mid-



Figur 1.30 Korkringar på frukta er eit symptom på virus i eple. Foto: a) Dag Røen, b) Dag-Ragnar Blystad.

del mot sjukdomen. Av sortar ser 'Aroma' ut til å vere spesielt utsett, men heksekost er også funne på sortane 'Discovery', 'Raud Prins' og 'Summerred'.



Figur 1.31. Heksekost i eple. Foto: Dag-Ragnar Blystad.

Pærebrann skuldast angrep av ein bakterie (*Erwinia amylovora*). Dette er ein svært alvorleg sjukdom på eple og pære i dei fleste land. Det er ein karanteneskadegjerar som er underlagt offentlege tiltak med heimel i Matlova. Bakterien kan infisere gjennom blomar, heilt unge blad og skot og ferske sår etter t.d. skjering. Infiserte blomar visnar svært fort. Ved infeksjon i skot og greiner vert barkvevet innom ytterbarken brunfarga. Unge infiserte skot vert typisk bøygd til ein krok ytterst, og lauvet vert hengande på. Bakteriar som vert danna i barken, kan koma til syne som gråkvite, seige dropar. Herifrå kan bakteriane spreiaast med regn, vind og pollinerande insekt. Ved temperaturar opp mot og over 20 °C kan sjukdomen spreie og utvikle seg svært raskt.

Pærebrann vart hos oss påvist første gong i Stavangerområdet i 1986, og det har sidan det vore fleire episodar med pærebrann i Rogaland og Hordaland. I 2005 vart den også påvist i ytre Sogn. Sjukdomen er til no ikkje påvist i planteskular eller fruktdyrkingsområde. Viktige vertplanter for pærebrann er eple, pære, mispel (*Cotoneaster*), hagtorn (*Crataegus*) og eldtorn (*Pyracantha*). Sjukdomen er hos oss hovudsakleg funnen på ulike mispelartar, særleg på bulkemispel (*Cotoneaster bullatus*) og pilemispel (*Cotoneaster salicifolius*). Desse to artane er det forbode å plante i heile landet. Det er sett i gang store ryddeaksjonar for å utrydde sjukdomen frå Noreg. Det er forbod mot import av materiale (unnateke sjølve frukta) av pære, eple og andre vertplanter for pærebrann til Noreg frå land med pærebrann. Dette gjeld etterkvar til fleste land, ettersom sjukdomen har spreidd seg mykje dei siste tiåra. Både Danmark og Sverige har pærebrann. Dersom vi får pærebrann i dei områda vi driv fruktgyrking, kan denne gjera svært stor skade. Pærebrann vert spreidd i hagen med vasssprut, insekt eller skjeringsreidskap. Over lengre avstandar kan spreiling skje med bier, særleg ved flytting av bikubar frå område med pærebrann til område som er frie for sjukdomen, og ved transport av plantemateriale. Det er difor svært viktig at ingen ulovleg importerar tre eller podekvist/okulasjonskvist av eple eller pære frå utlandet. Førekomsten av pærebrann i lyngområda på Sør-Vestlandet har og gjort at vi fryktar spreiling med bier ved at bifolk frå fruktbygdene vert sette på lyngtrekk i område der sjukdomen er til stades. Mattilsynet har difor innført restriksjonar på flytting av kubar frå slike område. Unngå også transport av



Figur 1.32 a) Symptom på pærebrann på bulkmispel. b) Pæretre med angrep. Foto: Arild Sletten.



Figur 1.33 a) Pilemispel og b) bulkemispel er spesielt utsette for pærebrann. Foto: Dag Røen.

plantemateriale av vertar for pærebrann frå område med påvist pærebrann. Plantingar av bulke- og pilemispel bør ryddast frå område rundt frukthagar. Nokre sortar, særleg hos pære, kan utvikle blomar også utover sommaren når temperaturen oftare er gunstig for pærebrannbakterien. Slike sortar er difor ekstra utsette for infeksjon av pærebrann og vert frårådde for økologisk dyrking i mange europeiske land. Eplesorten 'Pinova' er eit slikt døme. Preparatet «Myco-Sin», som inneheld leirmineral og planteekstrakt, har ein viss effekt mot pærebrann. Det same gjeld preparatet «Blossom-Protect», som inneheld gjærsoppen *Aureobasidium pululans* og ein pH-senkande komponent. Desse preparata vil berre kunne ha verknad mot sjukdomen under bløming, og ingen av dei er på lista over godkjende preparat for økologisk dyrking i Noreg i dag.

Ved mistanke om sjukdomane pærebrann og heksekost er det plikt om å melde frå til Mattilsynet direkte eller via landbrukskontor/rettleiingsteneste. Det er viktig å gjøre dette raskt slik at vi hindrar spreieing av sjukdomane dersom dei skulle dukke opp.

1.2.3 Sjukdomar i pære Innleiing

Den viktigaste sjukdomen i pære er pære-skurv, og økologisk dyrking av skurvutsette sortar i vårt fuktige klima vert frårådd. I pære har greinskurv mykje meir å seie enn i eple. Dei viktigaste røtesoppiane i pære er gråskimmel, grønmugg og gul monilia. På tung jord i kystnære område kan frukttrekreft vere årsak til mykje utgang av tre.

I økologisk dyrking må vi i hovudsak basere oss på førebyggjande tiltak mot sjukdomar. Det er stor skilnad

mellan sortar i kor mottakelege dei er for pære-skurv (sjå tabell 1.7). Bruk av skurvsterke sortar er difor det viktigaste førebyggjande tiltaket i økologisk pære-dyrking. Både for skurv og andre sjukdomar er det viktig å setje inn tiltak som kan redusere smittepresset i hagen. Det kan omfatta fjerning av smittekjelder utanfor hagen, fjerning av infiserte plantedelar i hagen (t.d. greiner med kreftsår) og tiltak som aukar nedbrytinga av infiserte plantedelar (t.d. skurvinfisert lauv). Det bør ikkje dyrkast frukt på stader med sein opptørking etter regn, og trea må haldast opne ved skjering. God dyrkingspraksis med balansert gjødsling og vasshus-hald er viktig. Haustekassar og lagerrom må gjerast godt reine etter kvar sesong. Bladgjødsling med kalsium-klorid (må klarerast med Debio) og varmehandsaming etter hausting er andre aktuelle tiltak for å redusere problema med fruktrøte.

Tabell 1.7 Mottakelegheit for sjukdomar hos nokre pære-sortar. Tabellen er sett opp dels etter resultat frå forsøk, dels basert på praktiske erfaringar med sortane. Kor utsett ein sort er for ein sjukdom vil variere over tid og frå stad til stad. Sortar med feit skrift vert tilrådd for økologisk dyrking, sortar i kursiv bør ikkje dyrkast økologisk. Skala 1-5, der 1 = svært sterkt mot sjukdomen, 5 = svært utsett for sjukdomen. Blanke felt vil seie at vi manglar opplysingar.

Sort	Pære-skurv	Frukttre- kreft	Stamme- røte	Pærebrann
'Amanlis'	5	3		
'Anna'	1			
'Bonne Louise'	4	3		3
'Broket Juli'	1	3	3	5
'Clapp's Favourite'	3	3	3	5
'Clara Frijs'	4	5	3	5
'Comice'	3	3		4
'Conference'	11			5

Sort	Pæreskurv	Frukttre- kreft	Stamme- røte	Pærebrann
'Gråpære'	5	5	1	
'Herrepære'	4			
'Herzogin Elsa'	3		5	5
'Ingeborg'	2			
'Keiserinne'	5	5	3	
'Moltke'	3	3	1	
'Philip'/ 'Philip'	2/5 ²	3	1	

¹ Det er kjent skurvasar som kan infisere 'Conference', men hos oss har sorten vore sterkt mot skurv til no.

² I Nordfjord og Ryfylke er resistensen hos 'Philip' broten slik at sorten der er rekna som svært mottakeleg for skurv. Skurv er nyleg også observert på 'Philip' ved forskningsstasjonen på Njøs.

Pæreskurv

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Venturia pirina*, med konidiestadiet *Fusicladium pyrorum*.


Symptom

Blad. Mørke flekkar på bladplata (over- eller underside) eller meir avlange mørkfarga parti langs bladnervar eller på bladstilk.

Skot. Greinskurv startar som mørke flekkar på unge, grøne skot. Seinare i sesongen vert desse skurflekkanane korkaktige, kreftliknade sår. Våren etter vert det danna mørke puter av soppycel i desse såra.

Mycelputene aukar i tjukkleik slik at barken sprekk opp, som ofta i lengderetninga av skota. Storleiken på såra vil som regel vere fra 1 mm til 1 cm. I mycelputene vert det danna store mengder konidiesporar.

Frukter. Det vil ofte vere skurv på fruktene utan at vi ser skurv på blada. Infeksjon under bløming og tidleg kartutvikling gir brunsvarte skurflekkar. Kvar skurflekk er i utgangspunktet resultat av infeksjon frå ei skurvspore. Er det fleire flekkar, veks dei etterkvart saman og dannar større felt med skurv. Frukter med mykje skurv kan verta misdanna og sprekk ofte opp



Figur 1.34 Pæreskurv. a) Skurflekkar på blad. b) Pæreskurv på blad og i blom. c) Skurv på frukt i felt. d) Greinskurv på eit årgammalt, forveda skot og ny infeksjon på årets skot. Foto: a), b) og d) Rolf Langnes, c) Dag Røen.

(sjå figur 1.11b og 1.34c). Infeksjon seinare i fruktutviklinga gir mindre og meir avgrensa skurvflekkar. Lagerskurv skuldast seine skurvinfeksjonar og gir avgrensa, nesten svarte skurvflekkar på frukta under lagring.

Skadepotensial

Sterke angrep av pæreskurv på fruktene kan i verste fall gi totalskade på avlinga (100 % fråsortert). Skurvangrep i blom og på kart kan gi auka blome- og kartfall. Greinskurvsår kan vere innfallsportar for fruktkreft.

Livssyklus/biologi

Livssyklus og biologi hos pæreskurvsopp og epleskurvsopp er svært like. Sjå difor under epleskurv for nærmere omtale av dette (side 31). Dei første askosporane vert som oftast kasta kring grøn spiss, med hovudsprekasting kring bløming. Greinskurv er ei mykje viktigare smittekjelde i pære enn i eple. Hos eple vil som regel greinskurven berre produsere konidar det første året etter infeksjon, men hos pære er det også vanleg med konidieproduksjon i to år gamle skot. Greinskurven kan sjå fæl ut også på eldre greiner, men produserar då ikkje konidiar lenger. Er det mykje greinskurv i hagen, må det sytast for dekking med soppmiddel ved alle fuktige periodar frå grøn spiss av. Nödvendige vilkår for sprekasting og infeksjon er mykje det same som for epleskurv. Mills tabell kan difor brukast også til å vurdere infeksjon av pæreskurv (side 34).

Førebyggjande tiltak

Plant berre skurvsterke sortar. Berre skurvsterke pæresortar bør brukast i økologisk dyrking, sjå tabell 1.7, s 55. Det vil fort oppstå vanskar med å kontrollere skurven på utsette sortar. Særleg vanskeleg vert dette i pære, fordi det lett vert mykje greinskurv som spreier konidiar frå tidleg om våren til seint på hausten. Nedsmitta tre av skurvutsette sortar i ein hage vil vere smittekjelder som kan gi auka skurvproblem på skurvsterke sortar i same hage. Sorten 'Philip' har vore rekna som sterk mot skurv, men i nokre område (Ryfylke og Nordfjord) ser denne resistensen ut til å vere broten slik at 'Philip'-der no får mykje skurv.

Reduser smittepresset. Det er vanskeleg å gjere «rein» att ein hage som er nedsmitta av skurv. Det er difor svært viktig å unngå at skurven får fotfeste i hagen. Det er ofte lettare å starte med ei nyplanting enn å leggje om eksisterande hagar. Tiltak som reduserer mengda overvintra lauv vil redusere smittepresset. Dette er nærmere omtala under epleskurv. I pære er likevel greinskurv den viktigaste smittekjelda. Den

smittar heile sesongen og er vanskeleg å få kontroll med. Har ein fått greinskurv, er det viktig å fjerne denne ved ei tidleg skjering. Vanskot er særleg utsette for å utvikle greinskurv. Dette har samanheng med at korkdanninga går seinare i slike skot, slik at dei er meir utsette for infeksjon. Alle vanskot bør fjernast ved skjering.

Unngå sein opptørking. Hald trea opne ved skjering, det gir raskare opptørking. På stader med sein opptørking etter regn og doggfall vil det vere fleire og lengre periodar med fuktig bladverk, og med det betre vilkår for skurvinfeksjon.

Kontroll med vatning. Ver påpasseleg ved bruk av spreiarar til vatning. Vert det vatna for lenge i gongen kan ein vatne på seg eit skurvproblem. Stopp vatning i tide slik at bladverket får tørke opp før det er fare for infeksjon (bruk Mills tabell). Kontrollert vatning kan også brukast for å gi sprekasting utan vilkår for infeksjon. Sjå omtale av dette under epleskurv.

Direkte tiltak

Sprøyting med svovelhaldige preparat. Svovel og svovelkalk har effekt mot pæreskurv. Sjå nærmere omtale under epleskurv. Er det greinskurv i hagen, må bladverket vera dekka med eit svovelhaldig preparat i alle regnperiodar frå grøn spiss til godt utsått ettersommar. Pæreknoppane bryt tidleg om våren, svært tidleg i milde vintrar på Vestlandet. Det kan ofte vere vanskeleg å kome ut med sprøyteutstyr i bratte Vestlandshagar på den tida. For å unngå etablering av greinskurv bør ein på utsette sortar syte for dekking med svovelhaldig preparat til nokre veker etter at skotveksten i langskota er avslutta.

Eplemjøldogg

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Podosphaera leucotricha*, med konidiestadiet *Oidium* sp.

Symptom

Blad. Det er ikkje så ofte vi finn angrep av mjøldogg på blad og skot hos pæresortar i felt. Det er meir vanleg ved oppal av planter i veksthus eller plasthus og er dessutan vanleg på heilt unge frøplanter. Soppen dannar då eit kvitt belegg av mycel på blad og skot.

Frukt. Mjøldogg kan gi kvite flekkar av mycel på unge frukter. Desse går nokså fort over til flekkar med korkrust under fruktutviklinga.

Skadepotensial

I område med gode vilkår for mjøldogg kan soppen gjera økonomisk skade på fruktene av utsette sortar. Mjøldogg på blad og skot hos pære er berre viktig i planteskular.

Livssyklus/Biologi

Sjå avsnitt om eplemjøldogg under sjukdomar i eple (sjå side 39).

Førebyggjande tiltak

Plant berre sterke sortar. Unngå å plante utsette sortar som t.d. 'Bonne Louise' og 'Clara Frijs' på stader med gode vilkår for soppen (sjå under eple).

Reduser smittepresset. Overvintring i knoppar førekjem, men er ikkje vanleg i pære. Infeksjon med sporar frå epletre er truleg dominerande. Faren for infeksjon avheng då av avstanden til nærmaste epletre og framherskande vindretning. Mottakelege pæresortar bør ikkje plantast i nærleiken av ein eplehage der som det er problem med mjøldogg i eplehagen (sjå side 40). Det beste vil vere å fjerne infiserte epletre i nærleiken.

Direkte tiltak

Spreiarvatning. I tørre periodar kan infeksjonen reduserast ved spreiarvatning, fordi fritt vatn hemmar sporespiring. Ver då klar over risiko for skurvinfeksjon på mottakelege sortar ved for sein opptørking (sjå Mills tabell i side 34).

Sprøyting med svovelhaldige preparat. Svovel, og særleg svovelkalk, har god effekt mot mjøldogg, sjå side 40. NB! Svovelkalk er no ikkje godkjend som plantevernmiddel i Noreg (sjå side 31).

Frukttrekreet

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Nectria galligena*, med konidiestadiet *Cylindrocarpon malii*.

Symptom/skadepotensial/livssyklus:

Symptom, skadepotensial og livssyklus er som hos eple, sjå side 46.

Tiltak

Tiltaka mot frukttrekreet i pære er dei same som hos eple, sjå side 47. Fordi greinskurv er ein svært viktig innfallsport for denne soppen hos pære, vil sortar som får mykje greinskurv ofte vere spesielt utsette for frukttrekreet. Det gjeld t.d. 'Keiserinne', 'Clara Frijs' og

'Gråpære'. Ved å plante skurvsterke pæresortar vil problemet med frukttrekreet kunne reduserast mykje.

Gråskimmel

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Botryotinia fuckeliana*, med konidiestadiet *Botrytis cinerea*. Det er berre konidiestadiet som har noko å seie.

Symptom

Frukt. På faste grøne pærer er røten ofte grågrøn, medan den er brunfarga på meir mogne pærer og ved høgare temperaturar. Røten er fast på umogne frukter men vert blautare når fruktene er mogne. Heile frukta vil etter kvart rotne. Ved høg luftråme (som det skal vera på eit fruktlag) vert det danna eit gråkvitt mycel-lag og konidiesporar utanpå frukten, og det vert utvikla svarte sklerotiar. Gråskimmelsoppen er ofte årsak til røte kring begeret (begerrøte).



Figur 1.35 Begerrøte/fruktrøte i pære skuldast angrep av gråskimmel. Foto: Rolf Langnes.

Skadepotensial

Gråskimmel er ein viktig årsak til begerrøte/fruktrøte i pære. Sorten 'Keiserinne' er spesielt utsett for begerrøte. Den kan gjera stor skade på frukt under lagring fordi den spreier seg på lageret.

Livssyklus/biologi

Er omtala i detalj under avsnitt om sjukdomar i eple (sjå side 48).

Tiltak

Tiltaka mot gråskimmel i pære er dei same som for eple, sjå side 48.


Grønmugg

Skadegjerar

Soppen *Penicillium expansum* (berre konidiestadium kjent). Andre *Penicillium*-artar kan også gi røte i pære, men vi kjenner ikke til om desse er viktige hos oss.

Symptom

Frukta. Utviklar ein saftfylt, mjuk og bleik til brunleg røte som er tydeleg åtskild frå friskt vev. Ved romtemperatur kan røten utvikle seg svært raskt og har ei karakteristisk mugglukt. På overflata kan det i fuktig luft etter kvart utviklast eit karakteristisk blågrønt lag av sporar. Ute i hagen ser vi soppen på nedfallsfrukt.



Figur 1.36 Grønmugg på pærefrukt. Foto: Rolf Langnes.

Skadepotensial

På verdsbasis er dette den aller viktigaste lagersjukdomen på pære. Fordi grønmuggsoppen dannar det giftige stoffet patulin, bør det ved produksjon av pærejuice ikkje brukast nedfallsfrukt, og pærer med synleg røte bør sorterast bort.

Livssyklus/biologi

Soppen er så vanleg førekommende at det nok er sporar i lufta overalt både ute og inne på lageret. Soppen angrip fruktene stort sett gjennom sår. Typisk infiserar den ved at sporar i vatn eller luft spirer i sår som oppstår under eller etter hausting. Infiserte fruktrestar, soppvekst på kassar og veggar eller jordrestar på haustekassar kan vere smittekjelder på lageret. Dessutan vert soppen lett spreidd til nye frukter i vassbadet som haustekassane vert tømde i. Sporar kan overleve frå sesong til sesong på kassar og lagerveggar.

Førebyggjande tiltak

Unngå skadar på fruktene. Haust slik at fruktstilken er uskadd og handsam fruktene slik at det ikke vert

skadar i fruktskalet. Skadde frukter må ikkje lagrast. Alle tiltak som reduserer angrep av sjukdomar, insekt og fugl i hagen vil indirekte redusere problemet med grønmugg.

Reduser smittepress på lageret. Alle restar av frukt må fjernast og lagerrommet vaskast godt ned mellom kvar sesong. Haustekassar må reingjerast godt før bruk, og om mogeleg bør ikkje kassane setjast slik at det vert med jordsøl inn på lageret. Ved bruk av vassbad for tøming av kassar må vatnet skiftast ofte. Parti med rotne eple bør fjernast frå lageret så snart som råd.

Direkte tiltak

Ingen direkte tiltak er tilgjengelege i økologisk dyrking.

Gul monilia

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Monilinia fructigena*, med konidiestadiet *Monilia fructigena*.

Symptom

Frukta. Soppen gir ein brun og relativt fast og tørr røte, som startar i eit sår og raskt kan vekse gjennom heile frukta. Etterkvart vert det danna lyse sporeputer, ofte i ringar sentrert rundt infeksjonsstaden. Røteutviklinga kan skje på treet eller etter hausting. Ved rotning på treet tørkar fruktene inn og dett av eller vert hengande att som «mumiør» på treet. Utvikling av sporeputer er avhengig av lys og er difor ikkje så vanleg under lagring.



Figur 1.37 Gul monilia på pærefrukt. Foto: Halvor Gjærum.

Skadepotensial

Gul monilia-soppen er ein viktig røtesopp i pære og kan tidvis gjera mykje skade både før hausting og på lager. Mest røte i hagen vert det når været er varmt og fuktig fram mot mogning. Fordi økologisk frukt er meir utsett for skade i skalet på grunn av skurv og insekt kan ein vente at denne soppen kan gjera større skade her enn i konvensjonell dyrking. Dersom det vert sytt

for å halde smittepresset nede, bør denne soppen likevel kunne haldast på eit akseptabelt nivå.

Livssyklus/biologi

Livssyklus/biologi er omtala i detalj i avsnittet om sjukdomar i eple, sjå side 49.


Tiltak

Tiltak mot gul monilia i pære er dei same som for eple, sjå side 50.

Andre sjukdomar som gir fruktrøte

Dei viktigaste sjukdomane som gir fruktrøte i pære

hos oss er grønmugg, gråskimmel og gul monilia. Desse er omtala i eigne avsnitt. Fleire andre sjukdomar kan gi fruktrøte hos pære, m.a. kjølelagersopp (*Pezicula alba*, med konidiestadiet *Phlyctaena vagabunda*), svart frukttrekraft (*Pezicula malicorticis*, med konidiestadiet *Cryptosporiopsis curvispora*), frukttrekraft (*Nectria galligena*, med konidiestadiet *Cylindrocarpon malii*), storknolla røtesopp (*Sclerotinia sclerotiorum*) og *Phytophthora cactorum* (gir bleikrøte). Som regel er desse lite viktige i pære hos oss. Sjå omtale på sidene 42 (kjølelagersopp og svart frukttrekraft), 46 (frukttrekraft) og 51 (bleikrøte).



Figur 1.38 Symptom på andre røtesoppar i pære. a) Bitterrøte. b) Kjølelagersopp c) Storknolla røtesopp d) Bleikrøte. Foto: a), b) og c) Rolf Langnes, d) Arne Stensvand.

Andre sjukdomar i pære

Hagtornrust skuldast angrep av soppen

Gymnosporangium clavariiforme, som har tvungen vertveksling mellom vanleg einer (*Juniperus communis*) og hagtorn (*Crataegus*). Av og til finn vi angrep av soppen på pærekart, som vert misforma med små, brune skålforma sporehopar (skålrust). Vi kan sjå angrepet alt under bløminga, som små punkt på underbegeret. Soppen kan år om anna gjera ein del skade i nokre område. Vi kjenner ikke til dokumentert skilnad mellom sortar og mottakeleghet for hagtornrust. Soppen overvintrer i einer, der den dannar fleirårig mycel. Frå slutten av april bryt det fram kvitgule til brune hornforma om lag 1 cm lange sporehopar som i fuktig vær svel opp og vert oransjegule, valsefoma og geléaktige. Frå desse vert det spreidd sporar som kan infisere hagtorn og evt. pærefrukter. Soppen kan berre smitte frå einer til pære, ikkje frå pæretre til pæretre. Dersom all einer i nærleiken av hagen vert fjerna, vil smittepresset reduserast mykje, men fordi sporene vert spreidde med vinden over ein viss avstand kan vi likevel ikkje rekne med å fjerne all smitte. Dersom det vert gjennomført førebyggjande åtgjerder, vil det berre unntaksvis vere nødvendig med direkte tiltak mot denne soppen. Sovelkalk har ein viss effekt mot rust, men er ikkje fullt effektiv. Sprøyting må føregå i samband med at sporene vert spreidde frå einer og blomeknoppene er komne så langt at begeret/fruktnuten er eksponert (frå tidleg tett klynge). Det vil i praksis ofte seie i samband med fuktig vær frå sist i april. Dette vil då ofte vere samanfallande med sprøytingar mot skurv. NB! Sovelkalk er no ikkje godkjend som plantevernmiddel i Noreg (side 31).



Figur 1.39 Hagtornrust på pære. Foto: Rolf Langnes.

Grå monilia (*Sclerotinia laxa*, med konidiestadiet *Monilia laxa*) kan gjera noko skade når fuktig vær i bløminga gir gunstige vilkår for infeksjon, men pære er mykje mindre utsett for skade av grå monila enn kirsebær og eple. Symptoma er blomar og blad som visnar

og vert hengande ned. Symptoma kan forvekslast med den farlege sjukdomen pærebrann! Alle skot med angrep bør skjerast bort og fjernast, og dette bør gjerast i god tid før bladfall om hausten. Plant frukttre berre på veldrenert jord på stader med god luftutveksling, slik at trea tørkar snart opp att etter regn. Hald trea opne og luftige ved skjering. Vi har ingen direkte tiltak som kan nyttast i økologisk dyrking. For nærmare omtale av soppen, sjå avsnitt om sjukdomar i eple. Pærebladblære (*Taphrina bullata*) er årsak til blærer på blada hos pære. Desse blærerne vert svarte på oversida, medan undersida vert kvitfarga av sporesekkar. Soppen er vanleg, og år om anna kan det vere nokså sterke angrep. Det vert likevel rekna med at den gjer liten skade.



Figur 1.40 Pærebladblære. Foto: Halvor Gjærum.

Sølvglans (*Chondrostereum purpureum*) kan gjera skade på alle fruktslaga vi dyrkar. Soppen er meir omtala under sjukdomar i plomme (sjå side 67).

Stammerøte/rothalsrøte etter infeksjon av *Phytophthora*-artar (oftast *P. cactorum*) er mindre vanleg i pære enn i eple og steinfrukt. Stort sett er det då snakk om stammerøte, dvs. over podestaden (i edel-sorten). Sjå elles side 51.

Honningsopp (*Armillaria mellea*) går på ei rekke treslag. I frukthagen gjer soppen størst skade på steinfrukt, og vert difor omtala i detalj i avsnittet om søtkirsebær (side 80).

Svertesopp. Pæresugar og bladlus skil ut sukkerhalige ekskrement (honningdogg). Ved kraftige sugarangrep kan fruktene verta tilgrisa med honningdogg. I desse kan det utviklast svertesopp som kan skjemma frukta mykje. Tiltak mot dette er å halde sugaren under kontroll (side 107). Honningdoggen og svertesoppen ligg utanpå skalet og kan vaskast av, men dette er vanskeleg å få til med større parti.



Figur 1.41 Pæresugar med ekskrement (honningdogg).


Foto: Sverre Kobro.

Virus og virusliknande sjukdomar i pære vert hovudsakleg spreidd med infisert formeiringsmateriale. Vi vil ikkje her gå i detalj på dei ulike skadeorganismane, men nemne nokre typiske symptom vi finn på tre og frukt. Typisk for virussjukdomar vil ofte vere at dei er avgrensa til einskildtre medan trea rundt er friske. Inne i treet kan ei grein vere sjuk medan nabogreina ikkje syner symptom. Ofte kan trea vere symptomfrie nokre år, men med svært tydelege symptom andre år. Tre kan også ha viruset utan å syne symptom, vi seier då at viruset er latent. Somtid finn vi berre symptom dersom det er fleire ulike virus til stades i treet. Desse symptomma er assosiert med virus og virusliknande sjukdomar i pære: Gulfarging (klorose) eller brunfarging (nekrose) i flekkar, ringar eller linjemønster på blada, gult (klorotisk) vev langs bladhervane som utpå sommaren kan verta til raudfarga flekkar, bark som svell opp og sprikks (flassande bark), og forkrøpla frukter med «stein» (steinceller). Stein i pære skuldast likevel oftast stikk av teger (side 105-107). Ved tegeskade vil vi ofta finne korkvev i fruktskalet etter stikket, og steincellene vert ikkje brunfarga slik som dei vert når virus er årsaka. Dersom skadene følgjer eit system i treet eller hagen, t.d. at vi finn frukter med stein berre på ei grein på eit tre eller på enkelttre

i ein hage, kan det tyde på at virus er årsaka. Stein i pære kan også forvekslast med bormangel. Då finn vi mange brune flekkar i fruktkjøtet, men desse er ikkje harde som ved virus eller tegestikk (ikkje steinceller). Såkalla «forfall av pæretre» (engelsk: «pear decline») skuldast eit phytoplasma (ein bakterieliknande organisme). Trea kan døy ut i løpet av nokre dagar eller over lengre tid. På tre som lever med sjukdomen, vil vi finne redusert blad- og fruktstorleik og redusert tilvekst. For å unngå problem med virus og virusliknande organismar bør det alltid nyttast virusfritt, friskt plantemateriale av både grunnstammer og edelsort (pode-/okulasjonskvist).

Pærebrann skuldast ein bakterie (*Erwinia amylovora*). Sjukdomen er omtala i detalj i avsnittet om sjukdomar i eple (side 54).

Visning av pærebloomar kan også skuldast bakterien *Pseudomonas syringae*. Symptoma minner mykje om pærebrann, med visning og mørkfarging av unge skot og blomar. Vi kan også finne nekrotiske (svarte) flekkar på blad og kart. Symptoma etter angrep av *P. syringae* er svært like symptomata på pærebrann, og Mattilsynet må alltid kontaktast ved mistanke om denne sjukdomen. Det ser ut til at sjukdomen vert fremma av kjøleg og fuktig vær under bløminga. Sjukdomen er ikkje påvist i pære i Noreg. I dei landa den førekjem, kan den gjera mykje skade einskilde år.



Figur 1.42 Symptom på ulike virus i pære. a) Eplegulflekkevirus (*Apple chlorotic leafspot virus*) i pære 'Karmla' b) Stein i pære Foto: Dag Ragnar Blystad.

1.2.4 Sjukdomar i plomme

Innleiing

Med omsyn til sjukdomar, er plomme truleg det frukt-slaget som er lettast å dyrke økologisk hos oss. Med unnatak av sharkaviruset er det færre alvorlege ska-degjerarar å hanskast med her enn i kjernefrukt og søtkirsebær. Ein del frukter av plomme kan verta øydelagde av fruktrøte både i hagen og etter hausting. I hagen er det som oftast berre snakk om monilia, men etter hausting kan gråskimmel, grønmugg og skjeggmugg vere vel så viktige som monilia. Plommepung betyr oftast lite i dei sortane det er mest aktuelt å dyrke i dag. Bakteriekreft kan stundom gjera ein del skade i plommehagar, og sølvglans kan vere eit stort problem. Det farlege sharkaviruset vart påvist i Noreg i 1998 og er til no funne i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Buskerud og Vestfold. Målet er å utrydde denne sjukdomen hos oss, og det er svært viktig å melde frå ved funn av symptom på sharkavirus.

I økologisk dyrking må vi i hovudsak basere oss på førebyggjande tiltak mot sjukdomar. Tiltak mot røtesoppar i plomme omfattar både tiltak for å redusere smittepresset, tiltak for å gi soppen därlegare vilkår for infeksjon og spreiling og tiltak for å seinke utviklinga av røte i infiserte frukter. Tiltak som reduserer skade på skalet av insekt og fugl vil medverke til å redusere røteproblemet. Om mogeleg bør det haustast i tørt ver. Fruktene bør haustast ved høveleg mogningsgrad (før dei er for mogne), dei bør haustast med stilk og må håndsamast varsamt. Haustekassar og lagerrom må gjerast godt reine etter kvar sesong. Etter hausting bør fruktene kjølast raskt ned, og dei bør vere kontinuerleg kjølte til dei er omsette. God dyrkingspraksis med balansert gjødsling og godt vasshushald er viktig. Det bør ikkje plantast på stader med sein opptørking etter regn, og trea må haldast opne ved skjering. Bladgjødsling med kalsiumklorid kan bidra til å gjera fruktene sterkare mot røte. I konvensjonell dyrking vert det tilrådd 2-4 spraytingar 10-40 dagar før hausting. Dette må eventuelt klarerast med Debio føreåt. Varmehandsaming etter hausting kan vere eit aktuelt tiltak for å redusere utviklinga av fruktrøte.

Tabell 1.8. Mottakelegerheit for sjukdomar hos nokre plommesortar. Tabellen er sett opp dels etter resultat frå forsøk, dels basert på praktiske erfaringar med sortane. Kor utsett ein sort er for ein sjukdom vil variere over tid og frå stad til stad. Sortar med feit skrift vert tilrådd for økologisk dyrking, sortar i kursiv bør ikkje dyrkast økologisk. Skala 1-5, der 1 = svært sterk mot sjukdomen, 5 = svært utsett for sjukdomen. Blanke felt beyr at vi manglar opplysningar.

Sort	Monilia	Plommepung	Sølvglans
‘Althans’		2	
‘Avalon’	2		
‘Blue Rock’		5	
‘Czar’	5	4	4
‘Edda’	2	3	
‘Excalibur’	3	2	
‘Herman’		2	
‘Jubileum’	5	2	5
‘Mallard’	2	3	
‘Opal’	2	2	
‘Oullins’		2	
‘Reeves’	3	2	
‘Rivers Early Prolific’		4	
‘Valor’	2		
‘Victoria’	2	2	4

Monilia

Skadegjerarar

Dei to nærslekte sjukdomane grå monilia (årsaka av sekksporesoppen *Monilinia laxa*, med konidiestadiet *Monilia laxa*) og gul monilia (årsaka av sekksporesoppen *Monilinia fructigena*, med konidiestadiet *Monilia fructigena*). Det er berre konidiestadia som betyr noko hos oss.

Symptom

Frukta. Fram mot frukt-mogning vert det utvikla ein brun røte med utgangspunkt i ein skade på fruktene (insektstikk, fuglehakk, støytskade, etc.). Etter kvart vil heile frukta rotne, og røten spreier seg lett til frukter som er i direkte kontakt med den rotne frukta. I røten vert det utvikla grå (grå monilia) eller gulkvite (gul monilia) sporehopar, for gul monila ofte i ringar kring infeksjonsstaden. Dei rotne fruktene tørkar etter kvart inn til «mumiær» som kan verta hengande på trea heile vinteren. Ved hausting kan tilsynelatande friske frukter vere infiserte, for så å rotne under lagring og omsetnad.

Tre. Grå monilia: Blomar og blad visnar og vert hengande ned. Visne blomar kan verta hengande på lenge utover sesongen. Dette er likevel ikkje så vanleg i plomme som i søtkirsebær. Soppen kan gi små kreft-liknande sår på årsskota. Desse såra veks rundt sko-



Figur 1.43 Monilia i plomme. a) Sjukdomen spreier seg lett fra frukt til frukt når dei heng tett saman. b) Infiserte frukter tørkar etter kvart inn til mumiar. c) Ved tynning bør alle frukter som har synleg skade fjernast, og ved å tynne godt slik at fruktene ikke heng i kontakt med kvarandre er det råd å unngå at røten spreier seg til frukter som er utan skade. d) Angrep av grå monilia på skot av sorten 'Jubileum'. Foto: a) og b) Jorunn Børve, c) Stein Harald Hjeltnes d) Dag Røen.

tet slik at det dør utanfor såret. Dette finn vi særleg i nedbørrike strøk.

Gul monilia: Gir sjeldan symptom på anna enn frukte. Unntakvis kan soppen vekse inn i fruktgreina etter infeksjon gjennom blomen eller ved at infiserte frukter heng inntil greiner og skot. Fruktgreina visnar og det kan utvikle seg til kreftliknande sår på hovudgreina tilsvarende angrep av grå monilia.

Skadepotensial

Gul monilia er ein viktig sjukdom i plomme, og kan tidvis gjera mykje skade både før og etter hausting. Dersom smittepresset vert halde nede, bør likevel denne sjukdomen kunne haldast på eit akseptabelt nivå. Grå monilia er ein viktigare sjukdom i søtkirsebær, men kan gjera ein del skade på utsette sortar i år med fuktig vær i bløminga.

Livssyklus/biologi

Soppane overvintrar i plomme hovudsakleg i infiserte,

inntørka frukter («mumiar») som heng att på trea eller ligg på bakken. Frå våren av vert det danna konidiesporar som vert spreidde med vinden. I hagen infiserar monilia-soppane plommene hovudsakleg gjennom sår i fruktkalet, t.d. etter haglskade, stikk/gnag av insekt eller fuglehakk. Soppen kan spreie seg fra frukt til frukt på treet dersom desse heng tett saman, og den spreier seg lett frå frukt til frukt under lagring og omsetnad. Mest røte i hagen vert det når været er varmt og fuktig fram mot mogning, men soppane ser ut til å utvikle seg raskt også ved låg temperatur. Insekt som vitjar fruktene i mogninga kan truleg spreie soppen i hagen.

Førebyggjande tiltak

Reduser smittepress i hagen. Gå gjennom hagen jamleg på ettersommaren/hausten og fjern rote frukter så snart som råd. Fjern fruktumiane om hausten eller om våren, før knoppsprett, elles vert dei viktige smittekjelder.

Unngå skadar på fruktene. Alle tiltak som reduserer angrep av insekt og fugl i hagen vil indirekte redusere problemet med monilia. Ved hausting og sortering må fruktene handsamast varsamt for å unngå skadar i skalet. Det er viktig å hauste til rett tid, før fruktene er vortne for mogne. Skadde frukter bør ikke lagrast eller omsetjast.

Reduser smittepress etter hausting. Soppen spreier seg lett fra frukt til frukt i kassar og korger. Sjekk fruktene ved hausting, slik at det ikke vert lagra eller omsett frukter med synleg røte.

Ha monilia i tankane ved frukttynning. Ofte vil dei fruktene som rotnar i hagen likevel ha vortne fråsorerte, fordi dei har annan skade. Ved tynning bør alle frukter som har synleg skade fjernast. Ved å tynne godt, slik at fruktene ikke heng i kontakt med kvarandre, er det råd å unngå at røten spreier seg til frukter som er utan skade.

Unngå dei mest utsette sortane. Det er skilnad mellom sortar i kor utsette dei er for monilia. 'Czar' og 'Jubileum' er spesielt utsette for gul monilia. 'Jubileum' ser dessutan ut til å vere nokså utsett for grå monilia.

Direkte tiltak

Handsaming med varmt vatn. Dypping i varmt vatn ved 30-40 °C i 12-24 timer gav 40 % reduksjon i fruktrotte hos 'Jubileum' i eit svensk forsøk. Oppvarming til berre 20 °C eller for lang dyppetid gav derimot auka røteproblem. Handsaming med varmt vatn etter hausting kan vere ein potensiell metode for å redusere problemet med røte i plomme, men meir utprøving må til for å finne ein sikker metode for praktisk bruk.

Sprøyting med svovelkalk. Ei sprøyting med svovelkalk på ung kart kan redusere problemet med gul monilia. Det er usikkert om det vert opna for bruk av svovelkalk igjen, sjå side 31

Andre sjukdomar som gir fruktrotte

Gråskimmel (sekksporesoppen *Botryotinia fuckeliana*, med konidiestadiet *Botrytis cinerea*) gir ein blaut røte på fruktene. Røten startar som ein bleikbrun flekk som spreier seg raskt. I fuktig luft (lager) vert frukta etter kvart dekka av eit grått lag med soppmycel, i tørrare luft vert det utvikla grå konidesporar i mycelet. Heile frukta vil rotne. Røten spreier seg lett fra frukt til frukt i kassen. Gråskimmel er ein viktig årsak til røte i plomme, og kan gjera stor skade på frukt under lagring og omsetnad. Livssyklus og biolo-

gi er omtala i detalj under avsnitt om sjukdomar i eple (side 48). I steinfrukt reknar vi ikkje med at gråskimmelsoppen kan smitte under bløminga og så ligge latent til fruktogningen. Plant frukttre berre på stader med god luftutveksling, slik at trea tørkar snart opp att etter regn, og hald trea opne og luftige ved skjering. Nedfallsfrukt bør ikke verta liggjande att i hagen til neste vår. Ved hausting er det viktig å handsame fruktene varsamt for å unngå skadar i fruktkalet. Hausting direkte i salseballasje vil gi minst skade på fruktene. Overmogne plommer er mykje meir utsette for skade under hausting, og er mindre haldbare. Slike frukter vil lett få mykje røte under omsetnad. Soppen spreier seg dessutan lett fra frukt til frukt på lageret. Sjekk fruktene ved hausting, slik at det ikke vert lagra frukter med synleg skade eller byrjande røte. På lageret bør om mogeleg frukter med synleg røte fjernast straks. Gråskimmel utviklar seg raskare ved romtemperatur enn ved låge temperaturar. Rask nedkjøling av fruktene og ubroten kjøling fram til forbrukar vil utsetje utviklinga av røte hos infiserte frukter. Vi har ikkje effektive direkte tiltak mot gråskimmel som kan nyttast i økologisk dyrking. Biologisk kontroll er for lite utprøvd til at det kan tilrådstast i dag.

Grønmugg (*Penicillium expansum*) gir ein blaut, brun røte i plomme. Det vil utvikle seg kvite, seinare blågrøne sporemassar på overflata. Grønmuggsoppen infiserer hovudsakleg gjennom sprekker eller andre skadar i fruktkalet. Tiltak som reduserer omfanget av skadar på fruktene (bærnot mot fugl, varsam hausting, etc.), vil redusere problemet med desnne sjukdomen. Rask nedkjøling etter hausting er eit viktig tiltak også mot denne soppen.



Figur 1.44 Grønmugg på plomme. Foto: Jorunn Børve.

Skjeggmugg (*Mucor piriformis*) gir ein svært blaut fruktrøte. Soppen løyer opp stoffet som bind saman celleveggane. Innholdet i plommene vil difor renna ut gjennom sprekker i fruktskalet. Soppen dannar eit tjukt, lyst mycel med mørke kuler (sporehus) i hyfespissane. Skjeggmuggsoppen infiserar fruktene i fuktige periodar før hausting. Den utviklar seg svært raskt ved romtemperatur. Smitten ligg i all slags organisk materiale i jordoverflata og er vanskeleg å unngå. Fugleskade gir auka problem med skjeggmugg, både fordi det vert sår som soppen kan veksa i, og fordi fuglane spreier soppen. Rask opptørking etter regn vil gi soppen därlegare vilkår for infeksjon. Unngå difor å dyrke økologisk på stader med sein opptørking. Alle tiltak som reduserer omfanget av skade på fruktene vil vere med og redusere problemet med soppen. Dekking med bærnot vil gi mindre skade på grunn av fugl, og forsiktig handtering ved hausting og pakking er viktig. Rask nedkjøling etter hausting og kontinuerleg kjølekjede fram til frukta er omsett til redusere utvikling av røten i infiserte frukter. Soppen kan spreia seg under lagring. Vi har ingen direkte tiltak å setje inn mot skjeggmugg.



Figur 1.45 Røtesopper på plomme: F.v. skjeggmugg, gul monilia og gråskimmel. Foto: Arne Stensvand.

Plommepung (spenesjuke)

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Taphrina pruni*.

Symptom

Frukt. Symptom kan vere synlege frå eit par veker etter bløming. Fruktene vert gulgrøne, misforma, langstrakte (speneforma), forstørra og hole (utan stein). Etter kvart tørkar dei inn og vert mørkfarga av svertesopper. Om vinteren ser ein misforma mørkfarga frukter som heng att i treet frå sesongen før.

Tre. Av og til er soppen årsak til heksekostar i trea.

Dette er særleg observert på Sørlandet.



Figur 1.46 Plommepung. Foto: Rolf Langnes.

Skadepotensial

Soppen kan gjera svært stor skade på utsette sortar ved at ein stor del av fruktene vert øydelagde. Plommepung er mest problematisk i nedbørrike strøk. Sjukdomen har lite å seie ved bruk av sterke sortar.

Livssyklus/biologi

Soppen overvintrar som sporar (konidiar) i barksprekker og knoppskjel. Infeksjon finn stad i perioden frå knoppsprett til like før bløming. Sopptrådar (hyfer) veks fort gjennom dei unge fruktene og gjer dei misforma. Det vert produsert sekksporer, synleg som eit fløyelsgrått lag utanpå fruktene. Sjukdomen er særleg eit problem når det er mykje regn og kjøleg om våren. I år med tørt vær før og under bløminga kan trea vere heilt symptomfrie. Tilsvarande symptom på hegg skuldast ein annan sopp (*Taphrina padi*).


Førebyggjande tiltak

Plant berre sterke sortar. Dei fleste aktuelle sortane i dag er sterke mot plommepung. Sorten 'Blue Rock' er svært utsett. Denne sorten har dels vorte nytta som pollensort til 'Althans'. Av andre utsette sortar kan nemnast 'Edda', 'Mallard', 'Rivers Early Prolific' og 'Czar'. Rotekte lokalsorter kan også vera svært utsette. Angrep kan førekome på 'Victoria', men sjeldan av økonomisk betydning. 'Opal', 'Reeves', 'Jubileum' og Reine Claude–sortar som 'Althans' og 'Oullins' er sterke mot denne sjukdomen.

Reduser smittepress. Fjern villplommetre med plommepung i nærleiken av hagen. Skjer bort gammal frukt ved på infiserte tre i hagen. Skjer bort eventuelle heksekostar.

Direkte tiltak

Ikkje nødvendig ved rett val av sort. Ei sprøyting med 10 % svovelkalk like før knoppsprett (evt. seinhaustes)



Figur 1.47 Sølvglans. a) Sølvfarga blad på plomme på grunn av sølvglans. b) Kjuker (fruktlekamar) på epletre. c) Røte i stamme/greiner på pære. d) Desinfeksjon av skjeringsutstyr er viktig etter skjering av tre med sølvglans. Foto: a), b) og c) Rolf Langnes, d) Dag Røen.

og ei sprøyting rett før bløming (2,5 % svovelkalk) har effekt mot plommepung. NB! Svovelkalk er no ikke godkjend som plantevernmiddel i Noreg. (side 31). Koparpreparat er svært effektive, men kan ikke brukast i økologisk dyrking i Noreg.

Sølvglans

Skadegjerar

Stilksporesoppen *Chondrostereum purpureum*.

Symptom

Første symptom på sjukdomen er sølvglinsande blad (sølvglans) som ofte startar på ein skilde greiner i treet. Tre stagnerar etter kvart i vekst, får ofte små og klorotiske blad og vil til slutt døy. Skjer vi over sjuke greiner eller stamme, vil vi finne typiske mørke, uregelmessige parti rundt marginen i veden. Det er størst sjanse for å finne denne røten langt nede på infiserte stammer eller greiner. På daud ved vert det utvikla kjukeliknande fruktlekamar, som er frå ein til nokre få

cm store med lys overside og fiolett, sporeproduserande underside.

Skadepotensial

Angrep av soppen fører til at infiserte tre stagnerar i vekst, og dei vil oftast døy.

Livssyklus/biologi

Sporer vert utvikla i fruktlekamar på daud ved og vert spreidde med vinden. Sporane vert spreidde i samband med fuktig vær, og kan infisere heile året ved temperaturar over 0 °C. Levande tre vert infisert gjennom ferske sår etter t.d. skjering, greinbrekk eller frostsprengeing. Soppen veks i vedvevet og må få tilgang til dette for å infisere eit tre. Risikoien for infeksjon er særleg stor ved skjering sein vinter/tidleg vår. Om sommaren vert sår meir verna mot infeksjon ved at treet produserar sårgummi. Sølvglanssoppen er parasitt særleg på artar i rosefamilien, men kan også spreiaast med skjeringsutstyr. Sølvglanssoppen er

finnast hos mange andre artar av tre og buskar, særleg lauvtre. Den går på alle fruktslaga våre, men angrepa er som regel sterkest i plomme. Symptomet sølvglans kjem av at overhuda (epidermis) i blada losnar frå vevet under, slik at det vert eit luftlag mellom. Dette er ein effekt av eit giftstoff som vert produsert av soppen og transportert i vedvevet ut til andre delar av treet.

Førebyggjande tiltak

Reduser smittepress. Det er viktig at soppen ikkje får utvikla fruktlekamar. Plommetre med sølvglans bør difor som regel ryddast straks. På eldre tre kan vi evt. skjera bort greiner med angrep ned til frisk ved (utan mørkfarga røte), men det bør vurderast å rydde også desse. Hugs at skjeringsutstyret kan spreia smitte. Etter skjering av tre med sølvglans bør skjeringsutstyret reingjerast godt før skjering av friske tre. Daud ved av frukttre (stammer, greiner, stubbar) bør straks fjernast frå hagen og brennast eller gravast ned. Daud lauvtreved bør også fjernast frå randsonene kring hagen. Ver varsam med å bruke lauvrestaurer utan impregnering for oppstøtting, og unngå lauvtrevyrke i gjerde kring hagen. I økologisk dyrking vert det stundom tilrådd å legge att risdungar i randsoner for å gi skjul for insektetande fuglar. Slike risdungar kan tenkast å verte smittekjelder for sølvglans.

Reduser infeksjonsfaren. Sommarskjering reduserer faren for infeksjon samanlikna med skjering sein vinter og tidleg vår. Skjering i tørre periodar kan truleg redusere risikoen for infeksjon, fordi vedvevet er særlig utsett for infeksjon den første veka etter skjering. Påføring av sårmaling/podevoks på snitt etter skjering vil hindre soppen i å trenge inn i vedvevet, men vil vere vanskeleg å tillempa i kommersiell dyrking.

Unngå dei mest utsette sortane. 'Jubileum', 'Victoria' og 'Czar' er spesielt utsette for sølvglans.

Direkte tiltak

Vi har ingen direkte tiltak å ty til mot sølvglans i dag. Det er utvikla metodar for biologisk kontroll av sølvglans ved hjelp av antagonistiske soppar (m.a. *Trichoderma* og *Gliocladium*), men desse er ikkje tilgjengeleg for økologisk dyrking hos oss no.

Bakteriekreft

Skadegjerar

Bakterien *Pseudomonas syringae*.

Symptom

Tre. Denne bakterien er årsak til kreftsår på stamme og greiner, og daude knoppar, blomar og unge skot. Dersom såret ringar ei grein eller ein kvist heilt, vil den delen av kvisten eller greina som er utanfor såret visne. Ved kraftige angrep på stamme kan heile treet døy. På blada er bakterien årsak til brunaktige flekkar av daudt (nekrotisk) vev, ofte med ei randsone av gult (klorotisk) vev. Det daude vevet dett lett ut, slik at det vert hol i bladplata (haglskotsjuke). Er det mange slike flekkar på eit blad, kan bladet falle av. Haglskotsjuke kan også skuldast virus eller sopp.

Skadepotensial

Kraftig angrep av bakteriekreft kan føre til at heile tre dør, men som regel vil dei overleve og koma seg att. Likevel vil tilvekst og avling verta sterkt redusert. Det er særlig i kjølege, fuktige somrar det vert kraftige angrep, medan bakterien betyr mindre i tørre, varme somrar.

Livssyklus/biologi

Livssyklus og biologi er omtala i avsnittet om sjukdomar i søtkirsebær, sjå side 77.

Tiltak

Tiltak mot bakteriekreft i plomme er dei same som for søtkirsebær, sjå side 78. Det er skilnad på sortar i kor utsette dei er for bakteriekreft. Vi manglar sikker informasjon om kor utsette dei aktuelle plommesortane er. Vi kan difor ikke gi noko tilråding på dette punktet no.

Andre sjukdomar i plomme

Heggerust skuldast angrep av rustsoppen

Pucciniastrum areolatum. Soppen er verstsvekslande mellom gran og hegg i ein toårig livssyklus. I infiserte grankongler vert det året etter bløming utvikla skålrustsporer (aecidiesporar) som vert spreidd i store mengder med vinden i mai-juni, og infiserar hegg eller dyrka steinfruktetre. På heggleblad vert det først utvikla sommarsporehopar (kvitfiolette, uredosporar) på undersida, og seinare vintersporehopar (mørkfarga, teleutosporar) på bladoversida. Soppen overvintrar som vintersporar (teleutosporar) på hegglebla på bakken. Om våren spirer desse, og det vert utvikla basidiesporar som smittar gran gjennom hoblomane. Soppen kan gjera stor skade på plomme. Ved infeksjon av plommeblad vert det dannar runde, brune bladflekkar som etter kvart ramlar ut (haglskotsjuke), og ved kraftige angrep ramlar mange blad av.



Figur 148 Haglskotsjuke i plomme Foto: Halvor Gjærum.

Søtkirsebær er mindre utsett enn plomme, og surkirsebær er svært sterkt mot denne soppen. Det vert rekna med at plommetre i hovudsak vert infisert direkte frå gran, og at sommarsporar (uredosporar) frå hegg betyr mindre. Soppen er svært vanleg i område der det er både hegg og gran i skogen. Tidlegare var det difor lite problem med denne soppen på Vestlandet, men etterkvar som gran er planta og har spreidd seg, har den vorte eit aukande problem også der. Sovelkalk og koparpreparat kan ha effekt mot heggerust, men kan ikkje nyttast i økologisk dyrking i Noreg i dag. Rydding av hegg i skogen rundt frukthagen vil neppe ha større effekt, fordi hegg lengre unna vil spreie soppen til gran att. Skålrustsporene frå gran vert spreidd over store avstandar med vinden.

Rothalsrøte kan skuldast fleire artar i slekta *Phytophthora*, men den vanlegaste årsaka er *Phytophthora cactorum*. Soppen kan gi røte både på røter (rotrote), på stamma under podestaden (rothalsrøte) og over podestaden (stammerøte). For nærmere

omtale, sjå side 51. Plomme er i utgangspunktet relativt sterkt mot rothalsrøte. Denne sjukdomen betyr difor mindre her enn i eple. Grunnstammene 'Myrobalan' og 'Marianna' er rekna som relativt sterke. Vi har ikkje opplysingar om andre aktuelle grunnstammer.

Honningsopp (*Armillaria mellea*) er ein stilksopresopp som går på ei rekke treslag. I frukthagen gjer soppen størst skade på steinfrukt. Symptom på angrep av honningsopp er at treet er i vantrivnad, med redusert vekst og lyse blad. Etter kvart kan heile greiner og tre døy. Under barken på tre med angrep kan ei finne eit kvitt, ofte vifteforma flak av mycel. Soppen dannar typiske tjukke, mørke, skolisseliknande mycel-aggregat (rhizomorfar) som vi kan finne ved basis av trea og på røtene. Gulbrune hattsoppar med ring rundt stilken kan verta danna ved basis av trea om hausten. Soppen og tiltak mot denne er omtala meir i detalj i avsnittet om sjukdomar i søtkirsebær, sjå side 80.

Virus i plomme har ulike spreiemønster. Felles for alle er likevel spreiling med infisert formeiringsmateriale. For å unngå problem med virus og virusliknande organismar bør det alltid nyttast virusfritt, friskt plantemateriale av både grunnstammer og edelsort (pode-/okulasjonskvist). Typisk for virussjukdomar vil ofte vere at dei er avgrensa til einskildtre medan trea rundt er friske. Inne i treet kan ei grein vere sjuk medan nabogreina ikkje syner symptom. Ofte kan trea vere symptomfrie nokre år, men med svært tydelege symptom andre år. Tre kan også ha viruset utan å syne symptom, og vi seier då at viruset er latent. Somtid ser vi berre symptom dersom det er fleire ulike virus til stades i treet.

Prunus-ringflekkvirus (*Prunus necrotic ringspot virus*) gir klorotiske eller nekrotiske ringflekkar på blada. Det daude vevet i nekrotiske ringflekkar dett lett



Figur 1.49 a) Bandmosaikk som skuldast angrep av eplemosaikkvirus. b) Smale blad som skuldast angrep av plommedvergsjukevirus Foto: Dag-Ragnar Blystad.


ut, såkalla haglskotsjuke. Haglskotsjuke kan også skuldast sopp og bakteriekreft, og symptomata på ringflekk kan dessutan forvekslast med symptom på sharkaviruset. I tillegg til med infisert formeiringsmateriale kan viruset spreast med pollent og frø.

Bandmosaikk på plomme skuldast eplemosaikkvirus (*Apple mosaic virus*) som berre vert spreidd via infisert formeiringsmateriale. Symptomata varierar mykje, men typisk er eikebladliknande eller ringforma lysgule teikningar på blada knytta til bladnervane. Viruset gir reduserte avlingar.

Plommedvergsjukevirus (*Prune dwarf virus*) gir buklete, smale blad (pilebladform) med ujamn bladkant og lysegrøne flekkar. Blada er tjukkare og sprøa-

re enn normalt med ei ru bladoverflate. Tre med angrep får ofte sterkt redusert vekst, og det vert tidleg fruktfall og med det store avlingstap hos utsette sortar. I tillegg til spreiring gjennom infisert formeiringsmateriale vert dette viruset spreidd med pollent og frø. For å unngå pollenspreiring bør alle tre med symptom straks ryddast. Unngå dessutan nyplanting av plomme i nærlieken av smitta tre.

Sharkavirus (*Plum pox virus*) er det farlegaste viruset på plomme. Det er ein karanteneskadegjerar som er underlagt offentlege tiltak med heimel i Matlova. Viruset vert overført ved poding/okulasjon eller med bladlus. Både lita plommebladlus, humlebladlus og ferskenbladlus kan overføre dette viruset. Hos oss er spreiring med formeiringsmateriale viktigast, men



Figur 1.50 Symptom på sharkavirus i plomme.a) Mallard, b) og d) Victoria, c) ukjent sort. Foto: Dag Ragnar Blystad.

spreiing med bladlus kan finne stad over korte avstandar, t.d. frå eit infisert tre til nabotre i ein hage. Viruset kan gi symptom både på blad og frukter, men det vil variere sterkt mellom sortar og mellom år kor tydelege symptomata er. Nokre sortar kan vise symptom hovudsakleg på blad, andre sortar mest på fruktene. Symptoma på blad finn vi frå etter bløming, men dei er tydelegast i juli-august. Dei er lettast å sjå i gjenomfallande lys. Vi finn då gule eller brune ringforma strukturar eller meir utflytande flekkar. Innsida av ringane er skarpere avgrensa enn utsida, medan flekkar og ringar som skuldast angrep av bandmosaikk-virus er tydeleg avgrensa på begge sider. På fruktene kan vi finne ringforma eller meir uregelmessig forma teikningar og innsokne område. Fruktkjøtet vert misfarga brunraudt og ein kan finne flekkar eller ringar på steinen. Frukter med symptom vert dårleg utvikla og fell tidleg av. I Noreg er det observert at 'Mallard' oftast syner berre bladsymptom. 'Rivers Early Prolific' har ofte tydelege symptom både på blad og på frukter. 'Victoria' får tydelege symptom på fruktene, men som regel berre svake bladsymptom.

Sharkaviruset vart påvist i Noreg første gong i 1998, men har truleg vore her i landet sidan 1970-talet utan at vi har vore klar over det. Etter den første påvisinga har Mattilsynet og Bioforsk gjennomført omfattande kartlegging av utbreiinga, og dei har sett i verk tiltak for å utrydde viruset hos oss. Viruset er påvist i 1 % av dei 60.000 trea som er testa til no. Sharkaviruset vart først påvist i Sogn og Fjordane, men er no også funne i Buskerud, Vestfold, Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal. Det er ikkje påvist sharkavirus i Telemark, det fylket der Gartnerhallen eliteplantestasjon Sauherad ligg. Hos oss er viruset hovudsakleg funne i sortane 'Herman', 'Mallard', 'Rivers Early Prolific' og 'Victoria'. Det er forbod mot import av vertplanter for sharka til Noreg frå land som har dette viruset. Viktige vertplanter utanom plomme er aprikos og fersken, samt ei rekke *Prunus*-artar som vert nytta som prydplanter. Truleg er søtkirsebær og surkirsebær immune mot den forma av viruset som er påvist hos oss. Det er meldeplikt ved mistanke om angrep av sharkavirus. Kontakt i så fall det lokale landbrukskontoret eller Mattilsynet. Dette er svært viktig i kampen for å utrydde viruset hos oss. Det vert då teke prøvar, og dersom det vert påvist sharkavirus, vil Mattilsynet gi pålegg om ulike tiltak for å utrydde viruset frå hagen.

1.2.5 Sjukdomar i søtkirsebær

Innleiing

Søtkirsebær er ein fruktart som er svært utsett for sjukdomar som gir fruktrøte. Dette gjer denne arten vanskeleg å dyrke økologisk. Dei viktigaste sjukdomane er grå monilia og gråskimmel, men bitterrøte og skjeggmugg kan også vere årsak til store avlingstap i somme felt og år. I tillegg kan vi finne ein del storknolla røtesopp, grønmugg og sekundære soppar som spesielt angrip sprukne og fugleskadde frukter. På skot og greiner er grå monilia, bakteriekreft, kirsebærheksekost og sølvglans dei viktigaste sjukdomane.

I økologisk dyrking må vi i hovudsak basere oss på førebyggjande tiltak mot sjukdomar. Det er mange fellestrekks ved røtesoppene som gjer det mogeleg å tilrå ein del felles tiltak som gjeld alle soppane. Dei viktigaste førebyggjande tiltaka er å unngå at soppsmitten kjem inn i frukthagen og gi soppen dårlege vilkår for infeksjon og spreiling. Det bør plantast sjukdomsfrie tre, utan bitterrøte, grå monilia, sølvglans, bakteriekreft og virus i ei godt opparbeidd jord utan potensiell soppsmitte.

Hugs at steinfrukt ikkje bør plantast etter steinfrukt. Vidare må heile avlinga haustast kvart år for å unngå at det bygger seg opp smitte. Generelt er fruktene mest utsette for røtesoppene, og rotne frukter kan spreie mykje smitte. Tiltak som reduserer fugleskade vil også redusere røteproblemets, både fordi fuglane spreier smitte og fordi skadde frukter rotnar lett. Dersom sjukdomane har kome inn i hagen må tiltak setjast inn for å fjerne smittekjelder undervegs. Det vil seie å fjerne fruktumiar og anna daudt plantemateriale om vinteren og tidleg på våren, og fjerne aborterte og underutvikla frukter utover mot hausting. Eit generelt råd er å gå over trea og fjerna alt som er skadd og rotna ein gong før sjølve haustinga tek til. Dessutan må alle frukter med røte fjernast undervegs i haustinga. I økologisk dyrking må dette gjerast fleire gonger sidan det ikkje vert brukta soppmiddel. God dyrkingspraksis er svært viktig. Søtkirsebær må berre dyrkast på stader med eigna klima, med balansert gjødsling og høveleg vasstilgang til trea. Dette vil redusere aborteringa (fruktfall) etter bløming. Underutvikla eller aborterte frukter er viktige smittekjelder for grå monilia, bitterrøte og gråskimmel. Bladgjødsling med kalsium (kalsiumklorid) kan redusere problem med røtesoppar, men i økologisk dyrking må all slik gjødsling klarerast føreåt med Debio. Alle røtesoppene er avhengige av vatn for å kunne infisere. Intensive plantesystem med små og opne tre vil gi raskare opptørking og såleis mindre røte. Plastdekke er eit «universalmiddel» mot desse soppane, og effek-

ten vert betre dess større del av sesongen trea vert dekket med plast. Tre-strengs dekkesystem er luftigare enn ein-strengs system, og planting i hellande terren gir betre luftgjennomstrøyming under plastdekket enn på flat mark. Dyrking i plasttunnel er eit anna alternativ. Sortvalet er viktig, og spesielt utsette er sortar som ber fruktene i tette klasar der røtesoppene lett spreier seg frå frukt til frukt. Unngå sortar som aborterer mykje, spesielt når det er snakk om sein abortering (t.d. sortane 'Vista' og dels 'Lapins'). Seine og lauskjøta sortar (t.d. 'Sunburst') ser ut til å rotne meir enn seine og meir fastkjøta sortar (t.d. 'Van').



Figur 1.51 Plastdekke i bløminga. Foto: Jorunn Børve.

Etter hausting kan vi setje inn tiltak for å hemme utviklinga av røte i infiserte frukter. Dette kan vi gjera ved å senke temperaturen eller ved å gi fruktene ein atmosfære med mindre oksygen. Fruktene bør kjølast raskt ned etter hausting, og det bør vere ubroten kjølekjede fram til fruktene er omsette. Modifisering av atmosfæren kan skje ved mellomlagring på CA-lager eller ved pakking i modifisert atmosfære (MA-pakking). Begge deler krev relativt kostbare investeringar på fruktlagar til lagring og pakking. CA-lagring høver best der store parti skal inn og ut samstundes. Tilsetting av desinf-

serande stoff (t.d. klor) i transportvatn på sorteringsmaskin stoppar infeksjonar og hindrar spreieing til friske frukter, men kan ikkje brukast i økologisk dyrking.

Monilia

Skadegjerarar

Dei to nærslekte sjukdomane **grå monilia** (årsaka av sekksporesoppen *Monilinia laxa*, med konidiestadiet *Monilia laxa*) og **gul monilia** (årsaka av sekksporesoppen *Monilinia fructigena*, med konidiestadiet *Monilia fructigena*). Det er berre konidiestadia som betyr noko hos oss.


Symptom

Tre. Ved angrep av grå monilia visnar blomar og blad og vert hengande ned, og fruktgreiner døyr. Visne blomar kan verta hengande på lenge utover sesongen. Soppen kan gi små kreftliknande sår på greiner, men dette er ikkje så vanleg. Desse såra kan veksa rundt greina slik at ho døyr utanfor såret.

Frukter. Frukter med grå monilia får først små vasstrukne flekkar som utviklar seg til ein brun, tørr røte. I røten vert det utvikla grå sporehopar. Etter kvart rotnar ofte heile frukta og tørkar inn (mumiar). Det vert ikkje danna skiljesjikt mellom stilken og treet på normal måte, slik at dei infiserte fruktene vert hengande på treet. Frukter som aborterer på grunn av manglande pollinering eller skade kan ofte verta infiserte med grå monilia og vert dekte med konidar. Gul monilia (side 49) kan også gi røte hos søtkirsebær. Sporehopane er då gulkvitte.

Skadepotensial

Grå monilia er kanskje den viktigaste soppsjukdomen på søtkirsebær hos oss. Det er ein av dei viktigaste årsakane til fruktrøte og gjer dessutan stor skade ved at blomar og skot visnar. Gul monilia kan også vere



Figur 1.52 Grå monilia i søtkirsebær. a) Gamal infeksjon frå året før og to nye infiserte blomeklasar. b) Frukter med røte etter angrep av grå monilia. Foto: a) Arne Stensvand, b) Jorunn Børve.

årsak til røte i søtkirsebær, men er ein viktigare skadegjera i kjernefrukt (side 49).

Livssyklus/biologi

Grå monilia-soppen overvintrar i inntørka fruktumiar og i daude blomeberande skot frå sesongen før. Frå fruktumiane og dei infiserte skota vert det spreidd sporar (konidiar) gjennom heile vektsesongen. Det vert danna meir sporar dess fuktigare vær det er. Sporane kan verta spreidde med vinden over større avstandar. Soppen infiserer med konidiar gjennom den opne blomen (via arret) og veks så ned gjennom blomestilken og inn i fruktgreina. Dei infiserte fruktgreinene kan døy slik at blomar og lauv visnar. Frå infiserte fruktgreiner kan soppen vekse inn i hovudgreina og danne kreftliknande sår. Dersom soppen veks heilt rundt hovudgreina, dør den delen av greina som er utanfor såret, men i søtkirsebær er det oftast berre kortskota som dør. I fuktig vær bryt små, grå sporeputer raskt fram frå dei drepne plantedelane, og konidiar frå desse sporeputene vert spreidde med vinden. Grå monilia-soppen kan også infisere kart og mognande frukter. Slik infeksjon skjer gjennom sprekker og sår eller ved direkte kontakt med ei infisert frukt. Soppen spreier seg lett frå frukt til frukt under lagringa. Problemets med denne sjukdomen er ofte størst når været i bløminga er kjøleg og vått. Då vert det produsert rikeleg med sporar, som har gode vilkår for infeksjon i dei fuktige blomane. Det kan også verte mykje skade dersom det er mykje regn seinare (på karten). Dersom det då er mykje smitte til stades, enten frå mumifiserte frukter eller infiserte blomar, vil dette kunne gi mykje rotning.

Førebyggjande tiltak

Sjå dessutan generell omtale av tiltak mot røtesoppar i innleiinga (side 71).

Reduser smittepresset. Fjern rotne frukter så snart du ser dei, både før, under og etter hausting. Haust heile avlinga kvart år. Det er best å unngå at dei infiserte fruktene utviklar seg til mumiar, dvs. ved å fjerne dei så raskt som mogeleg. Vert det likevel danna mumiar, må dei fjernast om hausten eller våren, før knoppsprett. Fjerning av fruktumiar kan gjennomførast i samband med skjering av trea om vinteren, men mumiane vil då kunne spreia smitte frå bakken utover våren og sommaren. Dersom infiserte frukter ligg på bakken, vil freising under trea gi mindre smitte i feltet sesongen etter. Fruktgreiner infisert med grå monilia må skjerast bort.

Gje soppen därlegare vilkår for infeksjon og utvikling. Rask opptørking etter regn vil gi soppen därlegare

vilkår for infeksjon. Unngå difor å dyrke økologisk på stader med sein opptørking. Hald trea opne og luftige ved skjering. Spreiarvatning gjer trea våte og kan auke problema med grå monilia og andre røtesoppar.

Fruksprekker er innfallsportar for både grå og gul monilia. Jamn vatning under fruktogninga og plastdekke motverkar sprekkning og vil difor redusere problemet med monilia. Dersom sesongen for plastdekking vert utvida, ser det ut til at vi kan redusere røteproblema i søtkirsebær mykje. Dekking heilt frå bløming utan sprøyting har i norske forsøk gitt like lite røte som dekking frå dei siste 6-7 vekene før hausting og 2-3 sprøytingar med soppmiddel. Dekking med plast frå bløming har i norske, nederlandske og sveitsiske forsøk gitt over 90 % reduksjon i angrep av grå monilia. Bruk av plast-tak/plastdekke er det klart viktigaste tiltaket i mot røtesoppar i økologisk produksjon. Alle tiltak i hagen som reduserer skade på fruktene av insekt eller andre årsaker, vil redusere skaden av monilia. Rask nedkjøling etter hausting og kontinuerleg kjølekjede fram til frukta er omsett vil redusere utvikling av røten i infiserte frukter og redusere faren for spreiling av smitte til friske frukter.

Direkte tiltak

Vi kjenner ikkje til direkte tiltak som kan brukast i økologisk dyrking.

Gråskimmel

Skadegjera

Sekksporesoppen *Botryotinia fuckeliana*, med konidiestadiet *Botrytis cinerea*. Det er berre konidiestadiet som er viktig hos oss.

Symptom

Frukt. Røten startar som ein bleikbrun flekk som utviklar seg til ein blaut røte. Fruktene vert ofte dekka av ein gråaktig pels av mycel og konidiar.



Figur 1.53 Røte i søtkirsebær som skuldast angrep av gråskimmelsoppen. Foto: Rolf Langnes.

Skadepotensial

Gråskimmelsoppen er mindre aggressiv enn grå monilia-soppen, men på mognande og mogne frukter kan denne soppen gjera stor skade.

Livssyklus/biologi

Sjå avsnitt om gråskimmel på eple for detaljar (side 48). Søtkirsebær er truleg mest utsett for smitte rett etter bløming, rett før hausting og etter hausting. Soppen infiserer først og fremst skada frukt, t.d. frukt som har stoppa i utvikling (abortert). Soppen kan spreie seg ved kontakt frå frukt til frukt på trea eller etter hausting.

Førebyggjande tiltak

Sjå dessutan generell omtale av tiltak mot røtesoppar i innleiinga (side 71).

Gje soppen dårlegare vilkår for infeksjon og utvikling. Alle tiltak i hagen som reduserer skade på fruktene av insekt eller andre årsaker vil kunne redusere skaden av gråskimmel, men det viktigaste tiltaket mot gråskimmel vil vere dekking med plast. Alt som er med til å halde fruktene tørre på treet vil redusere røteproblemet. Plastdekking bør vere standard prosedyre ved dyrking av søtkirsebær, og det er særleg viktig ved økologisk dyrking. Handsam fruktene slik at det ikkje vert skadar i fruktskalet ved hausting, pakking og omsetnad. Rask nedkjøling etter hausting og kontinuerleg kjølekjede fram til frukta er omsett vil redusere utvikling av røten i infiserte frukter

Direkte tiltak

Vi har ikkje effektive direkte tiltak mot gråskimmel som kan nyttast i økologisk dyrking. Biologisk kontroll kan tenkast ved tilføring av antagonistiske soppar (t.d. *Trichoderma*), men dette er for lite utprøvd til at det kan tilrådast i dag.

Bitterrøte

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Glomerella acutata*, med konidiestadiet *Colletotrichum acutatum*.

Symptom

Frukt. Åtak gir runde brune, noko innsokne røteflekkar på fruktene, etter ei tid vert det utvikla oransje sporemassar. Etter kvart vil heile frukta rotne, og fruktene kan tørke inn. Røteflekkane vert oftaast ikkje synlege før kring hausting, men vi kan stundom finne røteflekkar også på grøn kart, spesielt på underutvikla (aborterte) frukter.



Figur 1.54 Bitterrøte i søtkirsebær. Foto: Jorunn Børve.

Skadepotensial

Bitterrøte er som regel mindre viktig enn grå monilia og gråskimmel som årsak til røte i søtkirsebær. Men i felt der smitten får høve til å byggje seg opp, kan soppen gjera svært stor skade, spesielt i år med lange periodar med fuktig, varmt vær.

Livssyklus/biologi

Soppen overvintrar i og utanpå knoppar, i fruktsporar og i inntørka infiserte frukter (mumiar) og fruktstilkar som heng att frå året før. Fruktstilkane heng ofte på lengre utover våren og sommaren enn dei overvintra frukt-mumiane og er difor smittekjelder over eit lenger tidsrom. Fruktstilkar og frukter på bakken betyr mindre som smittekjelder, fordi dei avsluttar sporedannninga tidlegare (vert nedbrotne av mikroorganismar i jorda), og fordi spreiring med vasssprut i liten grad vil nå opp i treet. Bitterrøtesoppen kan infisere frukter utan skadar, men infeksjon skjer raskare gjennom sår i fruktene. Soppen kan infisere i fuktig vær frå bløming til hausting, men ser ut til å setje større krav til temperatur enn grå monilia-soppen. Konidiane vert spreidde med vasssprut over korte avstandar. Soppen har mange vertplanter, m.a. jordbær, surkirsebær og eple. Sporane klistrar seg lett til klede og sko og kan difor speiast av folk.

Førebyggjande tiltak

Sjå dessutan generell omtale av tiltak mot røtesoppar i innleiinga (side 71).

Reduser smittepresset. Plant smittefrie tre og haust heile avlinga kvart år. Fjern smitta plantedelar m.m (sjå avsnitt om monilia).

Gje soppen dårlegare vilkår for infeksjon. Rask opptørking etter regn vil gi soppen dårlegare vilkår for infeksjon. Unngå difor å dyrke økologisk på stader med sein opptørking. Vatning med spreiar over trea

må ikkje nyttast. Dersom sesongen for plastdekking vert utvida, ser det ut til at vi kan redusere røteproblema i søtkirsebær mykje. I eit norsk forsøk gav dekking heilt frå bløming og ingen sprøyting like lite røte som dekking frå dei siste 6-7 vekene før hausting og 2-3 sprøytingar med soppmiddel.

Forseink utviklinga av røtesoppen etter hausting.

Bitterrøte utviklar seg seinare når temperaturen kjem under 5 °C. Rask nedkjøling etter hausting og kontinuerleg kjølekjede fram til frukta er omsett vil redusere utvikling av røten i infiserte frukter.

Unngå dei mest mottakelege sortane. Det vert no undersøkt om det er skilnad i kor utsett dei viktigaste sortane våre er for bitterrøte. Alle sortar ser ut til å få bitterrøte, men førebels resultat tyder på at 'Van' er sterkeare enn 'Kristin', 'Lapins' og 'Ulster'. Vidare undersøkingar er nødvendige for å klarleggje dette nærmare.

Direkte tiltak

Vi kjenner ikkje til direkte tiltak som kan brukast i økologisk dyrking.

Skjeggmugg (*Mucor*)

Skadegjerar

Kulemuggsoppen *Mucor piriformis*.

Symptom

Frukt. Skjeggmugg gir ein svært blaut røte. Ofte renn fruktkjøtet ut, og berre fruktskalet og steinen vert att. Eit lyst mycel med tjukke hyfer og mørke kuler (sporehus) i endane er typisk for denne soppen.



Skadepotensial

Soppen kan gjera mykje skade. Røten smittar lett frå frukt til frukt når det er fuktig og varmt.

Livssyklus/biologi

Soppen infiserer fruktene i fuktige periodar før hausting. Den utviklar seg svært raskt ved romtemperatur,

men må ha væte for å infisere. Smitten finst på allslags organisk materiale og er vanskeleg å unngå. Fugleangrep gir auka problem med skjeggmugg, både fordi det vert sår som soppen kan veksa i og fordi fuglane spreier soppen. Skjeggmugg er ein viktig lager-sjukdom.

Førebyggjande tiltak

Sjå dessutan generell omtale av tiltak mot røtesoppar i innleiinga (side 71).

Gje soppen därlegare vilkår for infeksjon. Rask opptørking etter regn vil gi soppen därlegare vilkår for infeksjon. Unngå difor å dyrke økologisk på stader med sein opptørking. Dersom vi utvider sesongen for plastdekking, slik at det vert dekka frå t.d. 5-6 veker før hausting, vil vi redusere problemet med skjeggmugg mykje. Alle tiltak som reduserer omfanget av skade på fruktene, vil redusere problemet med soppen. Dekking med bærnot vil gi mindre skade på grunn av fugl, og plastdekke vil gi mindre spreking. Forsiktig handtering ved hausting og pakking er også viktig.

Reduser smittepresset. Dekking av trea med not vil gi mindre problem med spreiling med fugl.

Forseink utviklinga av røtesoppen etter hausting.


Rask nedkjøling etter hausting og kontinuerleg kjølekjede fram til frukta er omsett vil redusere utvikling av røten i infiserte frukter og hindre spreiling til friske frukter.

Direkte tiltak

Vi kjenner ikkje til direkte tiltak som kan brukast i økologisk dyrking.

Andre soppar som gir fruktrøte

Storknolla røtesopp (*Sclerotinia sclerotiorum*) er årsak til ein fruktrøte med eit kraftig, snøkvitt mycel og nokså store, svarte kvileknollar (sklerotiar). Soppen kan vekse frå frukt til frukt, slik at vi ofte finn heile klasar med rotne frukter. Det er ikkje vanleg med sterke angrep av denne sjukdomen, men det kan verta stor skade i år med kjøleg og fuktig vær kring bløming og tidleg på grøn kart. Storknolla røtesopp går på ei lang rekke planteartar og er svært vanleg førekommande. Soppen overvintrar i jorda eller i plantedelar. Om våren vert det utvikla askosporar i overvintrande sklerotiar på bakken i fuktig vær. Askosporane vert spreidde med vinden. Soppen treng ein relativt lang periode med råme for å infisere. Rask opptørking etter regn vil såleis gi soppen därlegare vilkår for infeksjon. Unngå difor dyr-



Figur 1.56 a) og b) Storknolla røtesopp på søtkirsebær. b) Syner også mycel og kvileknollar ved dyring på kunstig vekstmedium. Foto: a) Jorunn Børve, b) Rolf Langnes.

king på stader med sein opptørking. Dersom sesongen for plastdekking vert utvida, ser det ut til at røteproblema i søtkirsebær kan reduserast mykje. Dekking kring bløming vil då truleg vere det viktigaste tiltaket for å redusere faren for angrep av storknolla røtesopp. Fordi denne soppen er så vanleg førekommende og askosporane kan spreiaast med vinden over store avstandar, er det vanskeleg å redusere smittepresset. I forsøk er det likevel funne store menger askosporar av storknolla røtesopp i lufta i eplehagar med jorddekke av grasklipp, men ikkje i hagar med open jord. Vi har ikkje direkte tiltak å ty til mot storknolla røtesopp.

Grønmugg (*Penicillium expansum*) infiserer hovudsakleg gjennom sprekker i fruktskalet eller andre skadar på frukta. Det startar med vasstrukne flekker, og relativt raskt vert det danna eit kvitt mycel, og frukta rotnar. Grønmuggsoppen gir ein blaut fruktrøte. Etter kvart vert det utvikla blågrøne sporemassar på overflata. Tiltak som reduserer omfanget av sprekking (plastdekke) og andre skadar (bærnot, varsam hausting etc.) vil redusere problemet med grønmugg. Kjøling etter hausting er eit viktig tiltak også mot denne soppen. For meir detaljar om soppen, sjå side 59.



Figur 1.57 Grønmugg på søtkirsebær. Foto: Jorunn Børve.

Andre sekundære soppar som er vanlege å finne på frukter av søtkirsebær er m.a. svertesoppene *Cladosporium*-artar og *Alternaria alternata*. Desse soppene likar seg i sprukne frukter og kan veksa utanpå frukt mumiar m.m. Dette er svake parasittar som i seg sjølv er lite viktige. Det viktigaste er å unngå at fruktene sprekk. Dersom dei har sprukke, er dei uansett ikke salsvare, og det betyr mindre kva soppar som veks i sprekkene. Dersom sprukne frukter vert brukt som råstoff i forelda produkt, kan situasjonen vere ein annan.

Sølvglanssopp

Skadegjerar

Stilksporesoppen *Chondrostereum purpureum*.

Symptom

Tre. Første symptom på sjukdomen er sølvglinsande blad (sølvglans) som ofte startar på einskilde greiner i treeet. Trea stagnar etter kvart i vekst, får ofte små og klorotiske blad og vil til slutt døy.

Vidare symptom, skadepotensial, livssyklus/biologi og tiltak er omtala i detalj under avsnittet om sjukdomar i plomme, sjå side 67.

Kirsebærheksekost

Skadegjerar

Sekksporesoppen *Taphrina cerasi*.

Symptom

Tre. Blada vert gule til raudbrune, buklete og vridde (bladblære). Etter kvart vert dei brune (nekrotiske) og fell av. Soppen forstyrrar dessutan vekstpunkta slik at det vert danna greinvaser (heksekostar). Skota i heksekostane bryt ofte tidlegare om våren, dannar ikkje



Figur 1.58 Symptom på kirsebærheksekost. a) Heksekost utan blomar i eit blømmande kirsebærtre. b) Raudbrune, buklete blad. Foto: Halvard Gjærum.

blomar og frukt og får små, tjukke og krusete blad som fell tidleg av. På undersida av desse blada finn ein raudlege eller kvite samlingar av sporesekkar og sporar. Skota i heksekostane er meir utsette for vinterskade enn friske skot.

Skadepotensial

Soppen er relativt lett å halde i sjakk ved fjerning av heksekostane og betyr difor ikkje så mykje hos oss.

Livssyklos/biologi

Soppen er fleirårig i barken på unge skot. Om våren veks soppen ut i det nye bladverket der det etterkvart vert utvikla sporar som spreier soppen vidare.

Sporene overlever enkeltvis i barksprekker og på knoppskjel (som hos plommepung, sjå side 66).

Førebyggjande tiltak

Reduser smittepresset. Alle heksekostar må skjerast vekk og fjernast ut av hagen. Det er lettast å sjå heksekostane på våren og tidleg på sommaren når dei infiserte blada er raudde og buklete. Seinare på sommaren vert dei grøne eller svarte.

Plant resistente sortar. Det er skilnader mellom sortane i kor utsette dei er for kirsebærheksekost. På 1950-talet vart det gjort ei norsk undersøking av dette. I den undersøkinga var t.d. 'Rivers Early' og 'Emperor Francis' sterke mot sjukdomen medan t.d. 'Hedelfinger' var svært utsett. Vi har dessverre ikkje tilsvarende opplysingar om dei sortane som er aktuelle i dag

Direkte tiltak

Vi har ingen direkte tiltak som kan nyttast i økologisk dyrking i dag. Koparsprøyting om vinteren og våren vil hindre spiring hos soppsporer som overvintrar i barksprekker og knoppskjel. NB! Koparpreparat er ikkje godkjende for bruk i økologisk fruktdyrking i Noreg.

Bakteriekreft

Skadegjerar

Bakterien *Pseudomonas syringae*.

Symptom

Tre. Denne bakterien er årsak til kreftsår på stamme og greiner og daude knoppar, blomar og unge skot på söt- og surkirsebær og plomme. Treet reagerar ofte

med å produsere mykje gummiflod i kreftsåra. Såra kan starte ved basis av infiserte knoppar og i sår etter skjering eller annan skade. Infiserte knoppar dør gjerne ut i løpet av vinteren. Desse knoppene vil då ikke bryte om våren, dei er tørre og fell lett av. Ofte vil vi finne at barken rundt knoppfestet er litt innsokke og mørkare i høve til barken elles. Nokre infiserte knoppar kan bryte normalt, men etter ei stund vil blada frå desse knoppene visne og døy. Andre infiserte knoppar bryt og utviklar seg normalt. Drepte parti frå fleire infeksjonar kan vekse saman til samanhengande område. Dersom såret ringar ei grein eller ein kvist heilt, vil den delen av kvisten eller greina som er utanfor såret, visne. Ved kraftige angrep på stamma kan heile treet døy. På blada er bakterien årsak til brunaktige flekkar av daudt (nekrotisk) vev. Det daude vevet dett lett ut, slik at det vert hol i bladplata (haglskotsjuke). Er det mange slike flekkar på eit blad, kan det falle av. Haglskotsjuke kan også skuldast virus og sopp.



Figur 1.59 Symptom på bakteriekreft hos søtkirsebær. Foto: Arild Sletten.

Skadepotensial

Kraftig angrep av bakteriekreft kan føre ti at heile treet dør, men som regel vil det overleve og koma seg att. Likevel vil tilvekst og avling verta sterkt redusert, både fordi mange knoppar dør og fordi heile skot og greiner visnar. Det er særleg i kjølege, fuktige vekstsesongar det vert kraftige angrep, medan bakterien betyr mindre i tørre, varme somrar.

Livssyklus/biologi

Om våren koloniserar bakterien nye blad etter kvart som overlevande infiserte knoppar bryt. I fuktig vær på forsommaren kan bakterien då vere årsak til haglskotsjuke. Vanlegvis gjer den ikkje synleg skade, og lever «eit skjult liv» på bladoverflata saman med andre

mikroorganismar. I regnvêr om hausten vert bakterien vaska av blada og renn nedover skota der dei då kan infisere skota på nytt gjennom bladarr og sår i barken. Bakterien dreper barken i løpet av vinteren, men vi ser som regel ikkje symptomata før det vert høgare temperatur utover ettvinteren og våren. I mai stoppar angrepet opp og bakteriane dør ut i barken, men lever vidare på dei unge blada slik som omtala ovenfor. Spreiing føregår også ved vassprut, og smitten kan på den måten spreie seg frå tre til tre i hagen. Spreiing over lengre avstandar føregår ved infisert plantemateriale.

Førebyggjande tiltak

Reduser smittepresset. Skjer bort og fjern daude skot og greiner.

Syt for gode veksevilkår i etableringsfasen for nye plantingar. Dersom trea vert utsette for stress i etableringsfasen, er dei meir mottakelege for bakteriekreft. Stress kan vere uttørking i samband med transport og planting og periodar med tørke eller vassjuk jord etter planting.

Plant sterke sortar. Det er vist at det kan vere skilnad på sortar i kor utsette dei er for bakteriekreft, men vi manglar sikker informasjon om kor utsette aktuelle søtkirsebærsortar hos oss er. Vi kan difor ikke gi tilråding om sortsval i høve til bakteriekreft.


Velg ein gunstig lokalitet. Plant på stader som tørkar relativt lett opp etter regn og som ikkje er omgjevne av tette bestand med store tre. Unngå også stader som erfarningsmessig er frostutsette på ettvinteren og tidleg vår.

Direkte tiltak

Sprøyting med eit koparpreparat ved bladfall kan hindre infeksjon. Det vil drepe bakterien på bladoverflata. Ved svært sterke angrep vert det tilrådd å sprøyte 3 gonger; i august, i september og ved bladfall. Koparresistente stammer av bakterien er kjend frå USA. NB! Koparpreparat er ikke godkjende for bruk i økologisk fruktdyrking i Noreg.

Andre sjukdomar i søtkirsebær

Haglskotsjuke kan skuldast både virus, bakteriar og sopp. Soppen *Wilsinomyces carpophilus* er årsak til raudlege flekkar med diameter 1-3 mm på blada, og desse flekkane vert etter kvart brune og kan falle ut (haglskot). Ved angrep på bladstilken vil bladet gulne og falle av. Soppen kan også gi brune flekkar på års-skota. På frukta gir soppen innsokne raudlege eller




Figur 1.60 Symptom på angrep av soppen *Wilsinomyces carpophilus* i søtkirsebær. a) Infiserte blad med raudlege flekker som etterkvart vert brune og dett ut (haglkotsjuke). b) Infiserte frukter med innsokne raudlege eller brune flekker. Foto: Rolf Langnes.

brune flekker med ei raud rand ytterst. Ofte er det angrep på ganske ung kart. Denne soppen gjer helst lite skade hos oss, men den kan ha potensial til å verte meir alvorleg i økologisk dyrking, fordi det ikkje kan sprøytaast med koparpreparat. Soppen overvintrer på knoppar eller kreftlignande sår på treet. Om våren vert det utvikla sporehopar, og sporane vert spreidde med regnsprut og vind til unge blad. Skaden vert difor størst i år med ein fuktig vår. Tidleg plastdekking vil då truleg redusere problemet med soppen. Vi har ikkje effektive direkte tiltak som er godkjende for bruk i økologisk dyrking i dag.

Heggeflekk (sekksporesoppen *Blumeriella jaapii*, med konidiestadiet *Cylindrosporium padii*) startar som små, runde, raudfiolette bladflekkar som etter kvart vert brune og ofte veks saman. Flekkane oppstår ofte langs hovudnerva. I fuktig vær vil det etterkvart danne seg eit lysraudt lag med mycel og konidiesporar på undersida av blada. Blada vert til slutt ofte gulfarga (klorotiske) og fell tidleg av. Sterke angrep gir bladfall

som kan gi redusert fruktqualitet, därlegare overvintering og færre blomeknoppar neste sesong. Kraftige angrep fleire år på rad vil svekke trea. I dei viktige områda for dyrking av søtkirsebær i Hardanger er heggeflekk lite problematisk, medan den er vanlegare på Austlandet. Men det er særleg i surkirsebær heggeflekk er eit problem. Soppen kan smitte frå hegg til kirsebær. Soppen overvintrer i blad på bakken. Askosporer vert spreidde i regnvær frå rundt bløming til 5-6 veker etterpå. Konidiesporar vert spreidde med regnsprut og vind i fuktig vær om våren og infiserar frå kring bløming og utover. Soppen infiserar blada gjennom spalteopningane, og utover heile sesongen spreier soppen seg frå blad til blad med konidiesporar. Ved problem med heggeflekk, bør lauv på bakken fjernast før knoppsprett neste vår. Eventuelt kan det setjast inn tiltak for å framkunde nedbryting av lauvet, t.d. ved fresing i trerekka eller ved å rake lauvet inn i køyregangen og køyre gjennom hagen med grasknusar. Soppen kan også angripe fruktstilkar, slik at fruktstilkane truleg også er ei smittekjelde dersom dei vert



Figur 1.61 Heggeflekk i surkirsebær. Foto: Arne Stensvand.

hengande att på trea til året etter. Fruktstilkane bør difor fjernast ved hausting ved å sleppe dei ned på bakken. Plastdekking i fuktige periodar frå kring bløming og ei stund utover vil redusere spreieing av askosporar, hindre vidare spreieing av konidiar inne i trea og gi soppen dårlege vilkår for infeksjon. I ei tysk undersøking i surkirsebær vart det funne sterk reduksjon av heggeflekk ved sprøyting med 200 g/daa sovel ein gong for veka i perioden for askosporespreieing, i alt 4-5 sprøytingar. Sovelkalk hadde like god effekt, men gav sprøyteskadar.

Rothalsrøte kan skuldast fleire soppartar i slekta *Phytophthora* men den vanlegaste årsaka er *Phytophthora cactorum*. Soppen kan gi røte både på røter (rotrote), på stammen under podestaden (rothalsrøte) og over podestaden (stammerøte). For næra-re omtale, sjå side 51. Det er skilnad mellom grunnstammar i kor utsette dei er for rothalsrøte, m.a. er 'Mahaleb' svært utsett, medan Gisela-stammer og 'Colt' er rekna som relativt sterke.

Honningsopp (*Armillaria mellea*) er ein stilksporesopp som går på ei rekke treslag, både lauvtre og nåletre. I frukthagen gjer soppen størst skade på steinfrukt. Symptom på angrep av honningsopp er at treet er i vantrivnad med redusert vekst og lyse blad. Etter kvart kan heile greiner og tre døy. Under barken på angripne tre kan ei finne eit kvitt, ofte vifteforma flak av mycel. Soppen dannar typiske tjukke, mørke, skolisseliknande mycelaggregat (rhizomorfar) som vi kan finne ved basis av trea og på røtene. Gulbrune hattoppar med ring rundt stilken kan verta danna ved basis av trea om hausten. Rhizomorfane kan vekse og overleve mange år i jorda og kan spreie soppen frå tre til tre. Mycel av soppen kan overleve i rhizomorfar eller på restar av røter i mange år etter rydding av infiserte frukttrær eller andre treslag. Unngå å bruke nyrydda skogsjord til frukttrær, fordi det då ofte er mykje smitte i jorda. Særlig bør vi unngå å plante steinfrukt som er mest utsett for honningsopp. Ukompostert kutterflis frå både bartre og lauvtre kan vere ei smittekjelde. Dersom det vert planta på nyt i ein hage der det har vore problem med honningsopp, er det store sjan-sar for problem også i den nye plantinga. Spreieing til nye hagar kan føregå ved flytting av infisert jord eller røter. Det vert ikkje reknar med at basiidesporane er viktige for spreieing av soppen til nye fruktgarar. Ved bruk av uimpregnert lauvtrevyrke til oppstøtting kan stauren vera infisert med honningsopp. Soppen kan då vekse frå stauren og infisere fruktreet ved sidan av.



Figur 1.62 Fruktekamar av honningsopp. Foto: Venche Talgø.

Virus i søtkirsebær har ulike spreiemønster. Felles for alle er likevel spreieing med infisert formeiringsmateriale. For å unngå problem med virus og virusliknande organismar bør det alltid nyttast virusfritt, friskt plantemateriale av både grunnstamme og edelsort (pode-/okulasjonskvist). Typisk for virussjukdomar vil ofte vere at dei er avgrensa til einskildtre, medan tre rundt er friske. I treet kan ei grein vere sjuk, medan nabogreina ikkje syner symptom. Ofte kan trea vere symptomfrie nokre år, men med svært tydelege symptom andre år. Tre kan også ha viruset utan å syne symptom, vi seier då at viruset er latent. Somtid ser vi berre symptom dersom det er fleire ulike virus til stades i treet.

Prunus-ringflekkvirus (*Prunus necrotic ringspot virus*) gir klorotiske eller nekrotiske ringflekkar på blada. Det daude vevet i nekrotiske ringflekkar det lett ut, såkalla hagskotsjuke. Hagskotsjuke kan også skuldast sopp (side 78) og bakteriekreft (side 77).

Plommedvergsjukevirus (*Prune dwarf virus*) kan også gi gulfarga (klorotiske) utflytande ringar og liner på blada om våren. Både Prunus-ringflekkvirus og plommedvergsjukevirus vert spreidde med frø og pollén. Nye tre kan difor smittast gjennom pollén frå eit infisert tre. Dersom begge virusa er til stades i same tre, kan symptomata forsterkast.

Bringebær-ringflekkvirus (*Raspberry ringspot virus*) er årsak til såkalla raspeblad hos kirsebær. I starten av infeksjonen ser vi gule, samanvaksne flekkar og blada vert deformerte. Etter kvart vert blada mindre, smalare og tjukkare enn vanleg. Viruset spreier seg sein i treet, og det kan ta fleire år før heile treet er infisert. Blada på infiserte parti vert rue og får utvekstar på undersida, og det vert danna bladrosettar, fordi avstanden mellom knoppane på skota vert redusert. Om våren bryt knoppane i infiserte tre seinare enn hos friske tre. Dette viruset kan infisere fleire ville planteartar og vert overført av jordbuande nematodar i slekta *Longidorus*.



Figur 1.63 Haglskotsjuke i søtkirsebær som skuldast åtak av *Prunus-ringflekkvirus*. Foto: Dag Ragnar Blystad.

1.2.6 Referansar og annan nyttig lesnad

- Alston, F.H. 1969. Response of apple cultivars to mil-dew, *Podosphaera leucotricha*. Annual Report 1968 East Malling Research Station: 133-135.
- Anonym 2002. Pærebrann nærmar seg Hardanger – kva gjer hardingane? Indre Hardanger forsøksring, medlemsskriv nr. 4: 14-15.
- Berrie, A. & D. Barbara 2001. Using molecular biology to study the epidemiology of *Nectria galligena* in apple orchards. Horticultural Research International, Annual Report 1999-2000: 20-21.
- Bloksma, J., P.J. Jansonius & M. Zanen 2003. Canker. Administering calcium hydroxide through the sprinkler irrigation system. Annual report 2002, Louis Bolk Instituut: 10.
- Blystad, D.-R. 1994. Virussjukdommer på hagebruksvkster. Statens plantevern, undervisningen ved NLH. Landbruksbokhandelen, Ås-NLH, 78 s.
- Børve, J. 2002. Kalde søtkirsebær rotnar seinare. Norsk frukt og bær 5 (5): 6-7.
- Børve, J. & A. Stensvand 1999. Røtesoppar i søtkirsebær – forsøk 1996-98. Gartneryrket 89 (2): 14-16.
- Børve, J. & A. Stensvand 2000. Plastdekking som rådgjerd mot rotning i søtkirsebær. Planteforsk Grønn forskning 3: 63-64.
- Børve, J. & A. Stensvand 2001. Bitterrøte på söt- og surkirsebær. Norsk frukt og bær 4 (3): 20.
- Edland, T. (ed.) 1999. Skade- og skadegjørarar i frukt. Kursperm, Planteforsk Plantevertnet, 133 s + 72 plansjar.
- Ericsson, N.-A. & I. Tahir 1999. Värme, kalcium och vinäger förbättrar lagringen av äpple. Fakta Trädgård (8), 4 s.
- Forskrift om planter og tiltak mot planteskadegjørere (FOR-2000-12-01-1333), www.lovdata.no
- Fuchs, J.G., A. Häseli & L. Tamm 2002. Influence of application strategy of coconut soap on the development of sooty blotch on apple. Proceedings 10th International conference on cultivation technique and phytopathological problems in organic fruit-growing and viticulture, Weinsberg: 50-54.
- Gangås, D.E. 2000. Utbrudd av pærebrann. Gartneryrket 90 (11): 8.

- Gjærum, H.B. 1954. Kirsebærheksekost og sortsresistens. *Frukt og bær* 7: 69-72.
- Gjærum, H.B., R. Landfald & A. Hirvonen-Semb 1967. Sopper, nye eller lite kjente som årsak til råter i norske epler. *Forskning og forsøk i landbruket* 18 (3): 115-121.
- Groenwold, R., K. Burger & W.E. van de Weg 1994. Geen enkel appelras is helemaal resistent tegen kanker. *Fruitteelt* 84 (34): 16-17.
- Häseli, A. & F. Weibel 2004. Disease control in organic cherry production with new products and early plastic cover of the trees. *Proceedings 11th International conference on cultivation technique and phytopathological problems in organic fruit-growing*, Weinsberg: 122-130.
- Jones, A.L. & H.S. Aldwinckle (eds.) 1990. Compendium of apple and pear diseases. APS Press, St. Paul, Minnesota, USA, 100 s.
- Kunz, S. 2004. Development of «Blossom-Protect» – a yeast preparation for the eradication of blossom infections by fire blight. *Proceedings 11th International conference on cultivation technique and phytopathological problems in organic fruit-growing*, Weinsberg: 108-112.
- Kunz, S. & A. Ernst 2000. Wirkungsweise von Myco-Sin bei der Feuerbrandbekämpfung. *Proceedings 9. internationaler Erfahrungsaustausch über Forschungsergebnisse zum ökologischen Obstbau*, Weinsberg: 25-29.
- Kunz, S., M. von Eitzen-Ritter, A. Schmitt & P. Haug 2004. Feuerbrandbekämpfung im Ökologischen Obstbau. Ergebnisse der Bekämpfungsversuche 2004. *Öko-Obstbau* (4): 3-7.
- Kühn, B.F. 2004. Susceptibility to apple scab, *Nectria* cancer and powdery mildew of different unsprayed apple varieties. *Proceedings 11th International conference on cultivation technique and phytopathological problems in organic fruit-growing*, Weinsberg: 221-226.
- Kvåle, A. 1990. Fruktsortar for yrkesdyrkning og småhagar. *Landbruksforlaget*, Oslo, 96 s.
- Landfald, R. 1983. Kjølslagersopp i norske epler. *Meldinger fra Norges landbrukshøgskole* 62(19), 8 s.
- Le Lezec, M., J.P. Paulin & P. Lecomte 1987. Shoot and blossom susceptibility to fireblight of apple cultivars. *Acta Horticulturae* 217: 311-315.
- Lindhard, H. & M. Bertelsen 1997. Field resistance of pears (*Pyrus communis*) varieties in Denmark. *Proceedings 8. internationaler Erfahrungsaustausch über Forschungsergebnisse zum ökologischen Obstbau*, Weinsberg: 101-105.
- Mattilsynet 2003. Aksjon pårebrann 2003. Rapport fra et samarbeidsprosjekt mellom Planteforsk Plantevernnet & Mattilsynet, 13 s.
- Maxin, P. & K. Klopp 2004. Die Wirkung des Heisswassertauchverfahrens gegen biotische Lagerschäden im ökologischen Obstbau. *Öko-Obstbau* (3): 3-11.
- Ogawa, J.M., E.I. Zehr, G.W. Bird, D.F. Ritchie, K. Uriu og J.K. Uyemoto (eds.) 1995. Compendium of stone fruit diseases. APS Press, St. Paul, Minnesota, USA, 98 s.
- Pedersen, H. L. , J.V. Christensen & P. Hansen 1994. Susceptibility of 15 apple cultivars to apple scab, powdery mildew, canker and mites. *Fruit Varieties Journal* 48: 97-100.
- Phillips, R.M. 1993. The gall-causing fungus on sloes. *Cecidology* 8: 84-86.
- Pitera, E. & J. Bogdanowicz 1994. Sortenanfälligkeit gegen Apfelmehltau [*Podosphaera leucotricha* (Ell. et Ev.) Salmon]. *Erwerbsobstbau* 36: 13-15.
- Ramsfjell, T. 1951. Soppsjukdommer på eplefrukt. *Frukt og bær* 4: 79-94.
- Ramsfjell, T. 1954. Lærssopper og poresopper på frukttrær og bærbusker. *Frukt og bær* 7: 81-96.
- Rank, H. 2004. Reduzierung des Befalls mit Sprühfleckenerkrankheit im ökolog. Sauerkirschanbau. *Öko-Obstbau* 2004(1): 6-9.
- Redalen, G. & S. Vestrheim 1991. Lær å dyrke frukt. Det norske hageselskap, 181 s.
- Rein, A. 1996. Skader på epler før lagring. *Agro Inform, Gvarv*, 28 s.
- Røed, H. 1976. Frukttresykdommer på Vestlandet. NLVF sluttrapport nr. 198, 7 s.
- Schmitz, M., U. Strobel & G. Noga 1997. Vergleichende Untersuchungen zur Wirksamkeit von Pflanzenstärkungsmitteln. *Proceedings 8. internationaler Erfahrungsaustausch über Forschungsergebnisse zum ökologischen Obstbau*, Weinsberg: 31-36.

- Schüler, P. 1995. Versuch einer Beurteilung ausgewählter Pflanzenpflege- und Pflanzenstärkungsmittel aufgrund einer Literaturrecherche. Proceedings 7. internationaler Erfahrungsaustausch über Forschungsergebnisse zum ökologischen Obstbau, Weinsberg: 49-52.
- Schøyen, T.H. & I. Jørstad, 1956. Skadedyr og sykdommer i frukt- og bærhagen. H. Aschehoug & Co., Oslo, 197 s.
- Shigo, A.L., K. Vollbrecht & N. Hvass 1987. Træbiologi og træpleje. SITAS, Ballerup, Danmark, 144 s.
- Sletten, A. 1971. Honningsopp – en farlig parasitt i frukthagen. Gartneryrket 61: 111-112.
- Sletten, A. 1991. Kampen mot pærebrann. Norsk landbruksforskning Supplement No. 10: 53-56.
- Sletten, A. 2002. Pærebrann. Infoserie om karanteneskadegjørende. Landbrukstilsynet/Planteforsk, 4 s.
- Sletten, A. 2002. Heksekost på eple. Infoserie om karanteneskadegjørende, Landbrukstilsynet/Planteforsk, 4 s.
- Snowdon, A.L. 1990. A colour atlas of post-harvest diseases & disorders of fruits & vegetables. Volume 1. General introduction & fruits. Wolfe Scientific Ltd, London, England, 302 s.
- Stensvand, A., T. Amundsen, L. Semb, D.M. Gadoury & R.C. Seem 1996. Skurv I. Biologi/epidemiologi hos epleskurv. Gartneryrket 86 (8): 18-22.
- Stensvand, A., T. Amundsen & L. Semb 1996. Skurv IV. Greinskurv hos eple og pære. Gartneryrket 86 (11): 17-19.
- Stensvand, A. & L. Sekse 1995. Fruktrote i søtkirsebær. Gartneryrket 85: 28-30.
- Tahir, I. & N.-A. Ericsson 2001. Uppvärmning efter skörd. Frukt- och bärödling 43 (4): 27-29.
- Tahir, I. 2002. Uppvärmning efter skörd förbättrar frukt och bärs lagringsduglighet. Frukt & Bär 44 (1): 16.
- Trapman, M., L. Tamm & J.G. Fuchs 2004. The effectiveness of winter treatments with copper or lime sulphur to control sooty blotch on apple. Proceedings 11th International conference on cultivation technique and phytopathological problems in organic fruit-growing, Weinsberg: 67-72.
- Williamson, S.M. & T.B. Sutton 2000. Sooty blotch and flyspeck on apple: Etiology, biology and control. Plant Disease 84: 714-724.

1.3 Skadedyr og skadedyrkontroll i frukt

1.3.1 Innleiing

Generelt om skadedyr i eple, pære, plomme og søtkirsebær

Ulike skadedyr er viktige årsaker til fråsortering av frukt i Noreg. Ei undersøking ved Bioforsk Njøs i Sogn viser kor mykje eple, pære og plomme som vert fråsortert av ulike skadedyr (sjå tabell 1.2). Ei liknande undersøking er ikkje gjort i søtkirsebær, og truleg vil vi finne at ulike soppsjukdommar er ei viktigare kjelde til fråsortering enn skadedyr i denne kulturen. Tabell 1.2 viser at rognbærmøll, sommarfugllarver og teger er dei viktigaste skadedyra i økologisk epededyrkning i Sogn. I økologisk pærededyrkning er skade av teger og sommarfugllarver dei viktigaste årsakene til fråsortering, medan i økologisk plommededyrkning er det berre ein liten del av fruktene som er fråsortert på grunn av skadedyr.

Vi finn både skadedyr som er vertsspesifikke (monofage og oligofage) og skadedyr som nyttar mange vertsplanter (polyfage) i frukthagane. Liten frostmålar (*Operothena brumata*) er døme på eit skadedyr som har mange vertsplanter. Larvene av liten frostmålar gjer skade på både eple, pære, plomme og søtkirsebær. I tillegg gjer dei skade på mange lauvtre i skogen. Kirsebærmøll (*Argyresthia pruniella*) er eit skadedyr som har få vertsplanter. Larvene av kirsebærmøll borar seg inn i knoppane på sot- og surkirsebær. Dei holar ut knoppane, og reduserer slik avlinga. Dei fleste skadedyra er mobile i eit eller fleire stadium i livssyklusen sin. Til dømes kan rognbærmøll (*Argyresthia conjugella*) flyge lange avstandar som voksen. Valet som det vaksne møllet gjer med tanke på egglegging er avgjerande for at larvene som klekkjer skal vekse og overleve. Larvene er lite mobile, dei lever på det same treet og i det same bæret der egget vart lagt heilt til dei er ferdig utvikla og klare til å forpuppe seg. Puppene kan ikkje forflytte seg, dei ligg i jorda til det vaksne møllet kjem ut frå puppa. Teger er eksempel på artar som er relativt mobile i fleire stadium i livssyklusen. Dei unge nymphene liknar på dei vaksne, men har ikkje vinger. Dei kan likevel flytte seg raskt («springe»). Dei vaksne tegene har vinger, og flyttar seg både ved å flyge og ved å gå eller «springe». Dei fleste tegene som gjer skade i frukthagen legg også egg sine på tre eller urteaktige planter i og rundt frukthagen. Eggja er såleis dei einaste stadiet i livssyklusen til tegene som ikkje er mobilt. Nokre få skadedyr er lite mobile i alle stadier av livssyklusen sin. Bladmidd (galmidd) og fruktremidd (spinnmidd) er døme på slike

skadedyr. Dei kan gå frå eit blad til neste blad, men har ikkje vinger og er svært små og har såleis små sjansar til å forflytte seg frå eit tre til neste tre.

Nematodar er mikroskopiske rundormar som lever i jord, planter og dyr. Nokre arter gir alvorlege skadar på kulturplanter. (sjå tekstboks).

Tekstboks 1.4 Nematoder på frukt

Nematodeskader oppstår når nematodene suger på trærnes røtter, samtidig som de også sprøyter inn stoffer som hjelper til med å gjøre «maten» tilgjengelig. I noen tilfeller kryper nematodene også inn i røttene og det dannes sår. Rotsårnematoder har fått sin benevnelse ut fra en slik levemåte. Spredning av nematoder foregår ved flytting av jord, for eksempel på redskap og ved at jord følger planter. Dessuten kan grunnstammen på frukttrær være infisert under produksjon av grunnstammer, eller i planteskole, og følge med trærne til frukthagen der de blir planta.

Av rotårnematoder finnes nærmere 100 kjente arter, men bare noen få er kjente skadegjørere under norske forhold. Spekteret av vertsplanter er for enkelte av artene svært stort. For arten *Pratylenchus penetrans* regnes 400 – 500 planteslag å være gode verter, og en rekke er våre kulturplanter hører med blant disse. Innen frukt kan særleg *P. penetrans* gjøre alvorlig skade på eple og kirsebær. Andre viktige nematoder som kan skade frukttrær er «pin-nematoder» (*Paratylenchus*), stubbrotnematoder (*Trichodorus*), ringnematoder (*Criconematidae*), spiralnematoder (*Hoplolaimidae*, m.fl.), dolknematoder (*Xiphinema*) og nålnematoder (*Longidorus*).

Symptom

Ulike plantespisende nematoder skader røttene på forskjellig vis. Et felles trekk som symptom på skade er redusert vekst. I større beplantninger kan dette ofte ses som flekkvis redusert vekst. Ved dyrking av samme planteslag på samme sted kan det oppstå problem med såkalt «jordtrøtthet».

Oppformering av skadelige nematoder er ofte en viktig faktor i dette problemkomplekset.

Skadepotensial

Frukttrær er en langsiktig kultur hvor angrep av

planteskadelige nematoder kan føre til store avlingstap og tredød. Redusert vann- og næringsopptak, sammen med at stoffer fra nematodene blir sprøyta inn i plantene, gir fysiologiske endringer som i tillegg til avlingstap også kan gi kvalitetsfeil og misvekst. Rotsårnematodene sitt angrep på finrotten hos frukttrærne resulterer både i sårdannelser og rotdød. I løpet av det første året etter planting blir trærne sine hovedrøtter dannet, og det er i denne fasen at nematodeangrepet har størst betydning for utvikling og framtidig produksjonsevne hos trærne.

Tabell 1.9 Skadeterskel for noen rotårnematoder i antall individ pr. 250 gram jord.

Rotsårnematode	Eple	Pære	Kirsebær
<i>Pratylenchus penetrans</i>	25-75	75-175	25-150
<i>Pratylenchus neglectus</i>	75-350		75-350
<i>Pratylenchus crenatus</i>	125-350		125-350

Forebyggende tiltak

Vekstskifte. Etter rydding av frukttrær bør det legges inn ett eller flere år med planteslag som ikke er gunstige vertsplanter for eventuelle skadelige nematoder som finnes i jorda, før arealet på nytt blir planta med frukt. Å ta jordprøve for analyse av nematoder vil være hensiktsmessig.

Bracking/forkultur før planting. Undersøking av nematodesituasjonen før planting kan være like viktig som analyse av jordprøver for næringsinnhold. Særlig gjelder dette når det for eksempel har vært kløver på arealet. Prøver kan sendes til Bioforsk Plantehelse for analyse. Skadeterskler for noen rotårnematoder er satt opp i tabell 1.9. For rotårnematoder er skadeterskelen lavere i sandjord enn i leirjord. Smittenivå over skadeterskelen vil normalt medføre skader. Med bracking eller ved å så en forkultur med planteslag som kan være ugunstig for nematoder, for eksempel italiensk og engelsk rai-gras eller bladfaks, kan populasjonen av rotårnematoder reduseres før planting. Fløyelsblomst (*Tagetes*) kan virke reduserende på oppformering av rotårnematoder og kan være gunstig å inkludere i en forkultur, men det er stor forskjell på hvor effektive ulike arter og sorter av fløyelsblomst er i så måte.

Unngå forkulturer/underkulturer som er gode vertsplanter for nematoder. Kløverarter kan gi svært god oppformering for rotårnematoder og

andre skadelige nematoder. Andre viktige vertsplanter for rotårnematoder er potet, ulike grønnsaker, korn, enkelte grasarter, o.a.

Renhold. Jordboende nematoder blir lett spredd med jord på redskap. Høgtrykksspyling med varmt vann kan være et nyttig hjelpemiddel for å redusere muligheten for spredning for eksempel ved nabosamarbeid.

Rent plantemateriale. Hele produksjonskjeden for grunnstammer må holdes fri for skadelige nematoder. Særlig gjelder det rotårnematoder som også lever inne i selve rotssystemet. Plantemateriale infisert av nematoder kan varmebehandles med varmt vann, ved 50,0 - 51,1 °C i 10 minutt for kirsebær, og ved 46,1 - 46,7 °C i 30 minutt for eple.

Direkte tiltak

I Norge er det når dette skrives ikke tilgang til kjemiske tiltak mot nematoder, verken i konvensjonell eller økologisk dyrking. Flere biologiske produkter og tiltak kan ha potensielle til å redusere nematodepopulasjoner, men dette er for lite undersøkt under norske forhold. I framtida kan dessuten sopp og bakterier som parasitterer på nematodene være aktuelle som biologisk kontroll. Slike parasitter er funnet naturlig forekommende flere steder i Norge.

For å kunne førebygge skade og setje inn tiltak til rett tid er det viktig å kjenne livssyklusen til skadegjeraren, kor mobile dei er og kor mange vertsplanter dei har.

Generelt om førebyggjande tiltak

I økologisk fruktdyrking er førebyggjande tiltak mot skadegjerarar viktig. God kunnskap om biologi og livssyklus til dei ulike skadegjerarane er avgjørende for å kunne førebygge skade. Då dei fleste skadedyr i frukthagen er mobile i eit eller fleire stadium av livssyklusen, har vekstskifte liten effekt mot desse. Dei vil lett finne fram til vertplantene sine i det stadiet dei er mobile.

Førebyggjande tiltak kan delast inn i generelle og spesielle tiltak, alt etter om dei er retta mot fleire eller få skadedyr. I det fylgjande vil vi gå gjennom generelle førebyggjande tiltak. Dette er tiltak som er retta mot fleire artar av skadedyr. Dei spesielle førebyggjande tiltaka, retta mot ein eller få artar av skadedyr, vil verte omtala under kvart skadedyr.

Å ha ein god bestand av nyttedyr i frukthagen er eit viktig førebyggjande tiltak mot mange skadedyr.

Tekstboks 1.5

Vi definerar kva som er nytte-, skade- og indifferente dyr ut frå ein menneskeleg ståstad. Dei insekt og midd som gjer økonomisk skade på dei plantene eller avlingane vi dyrkar definera vi som skadedyr. Nyttedyr angrip skadedyra og hindrar desse i å verte talrike. Ofte er skadedyra maten for nyttedyra. Indifferente dyr gjer korkje skade eller nytte i frukthagen, og er oftast den mest talrike gruppa.

Ulike tiltak kan nyttast for å legge til rette for ein høg bestand av nyttedyr. Det å ikkje bruke syntetiske plantevernmiddel er i seg sjølv ein måte for å unngå at nytteorganismar forsvinn frå frukthagen. Mange syntetiske insektmiddele er breidtverkande og drep nyttedyr. Fleire syntetiske soppmiddele er med på å redusere bestanden av insektpatogene sopp. Vi vil i det fylgjande gå inn på ulike metodar for å auke bestanden av nyttedyr i frukthagen.

Tekstboks 1.6

Viktige nyttedyr i frukthagen er gullauger, marihøner, blomsterfluger, nebbteger, edderkoppar og parasitoidar. Alle desse, med unnatak av parasitoidar, er generelle nyttedyr som et mange ulike artar av skadedyr.

Alternativ blømmande vegetasjon i eller rundt frukthagen

Mange nyttedyr treng planteføde som pollen og nektar i tillegg til animalsk føde, eller dei treng planteføde i eit anna stadium i livssyklusen enn det vi reknar som nytlig. Døme på slike nyttedyr er blomsterfluger (*Syrphidae*), marihøner (*Coccinellidae*) og gullauger (*Chrysopidae*). Ved å plante blømmande vegetasjon i trerekka eller rundt frukthagen kan vi auke sjansen for at slike nyttedyr etablerar seg i frukthagen. Alternativ vegetasjon kan også huse andre insekt og midd som er føde for nyttedyra, men som ikkje sjølv har frukt som føde. Den alternative vegetasjonen kan også fungere som overvintringsstad og oppholdsstad for edderkoppar.

Edderkoppar, saman med nebbteger (*Anthocoris sp.*), er ofte dei første nyttedyra som kjem fram om våren, og dei siste som er til stades om hausten.

Blømingstida til den alternative vegetasjonen er viktig for å lokke til seg nyttedyr til frukthagen når skadedyra er der, og for at nyttedyra skal ha mat sjølv når det ikkje er skadedyr i frukthagen. Nyttedyra kan slik gå over på blømmande vegetasjon i dei periodar når det ikkje er animalsk føde tilgjengeleg, men likevel opphalde seg i frukthagen. Difor er det viktig å så artar som har tidleg-, middels- og sein blømingstid. For å unngå konkurranser om pollinering av fruktblomane, bør det ikkje vera mykje undervegetasjon som blømer samstundes med fruktblomen.

Det er viktig å velje alternativ vegetasjon som ikkje er vertsplanter for dei same skadedyra som går på fruktrea. Vidare bør ein tenkje på at høge planter i undervegetasjonen kan gi tegenymer av nokre artar høve til å vandre opp i fruktrea (sjå førebyggjande tiltak mot teger). Det bør også velgjast artar som ikkje er vertsplante for soppkjukdomar som går på fruktrea våre (sjå kapittel 1.2). Nokre framlegg til artar som kan nyttast er lista opp i tabell 1.10.

Vegetasjon i trerekka vil konkurrere med fruktrea om næring og vatn (sjå kapittel om ugras og ugraskontroll). Dersom det vert planta blømmande undervegetasjon i trerekka bør det velgjast eit system som konkurrerer minst mogeleg med fruktrea. I Sveits har dei til dømes god erfaring med «sandwich»-system for ugraskontroll. I dette systemet er det vegetasjon i sjølve trerekka (30-50 cm) og så vert det fresa ei stripe på kvar side av denne. Frå New Zealand har dei gjennom eit ti års forsøk god erfaring med å ha planter med djuptgåande røter i trerekka. Desse vil konkurrere mindre med fruktrea om vatn og næring. Det kan også velgjast grunnstammer som er sterkare, og som såleis toler konkurransen fra undervegetasjonen betre.

Det er gjort fleire forsøk i mellom anna Sveits, New Zealand og USA der det er undersøkt effekten av alternativ blømmande vegetasjon på nytte- og skadedyr i fruktfelt. Fruktfelt med og utan blømmande undervegetasjon er samanlikna og det er undersøkt kva artar av blømmande vegetasjon som er mest effektive for å tiltrekkje seg nyttedyr. I Noreg er det ikkje gjort forsøk som vi kjenner til i samband med blømmande vegetasjon i frukthagar og effekt på nyttedyr.

Tabell 1.10. Forslag til artar som kan nyttast i trerekka, som blomeøyar eller som kantvegetasjon i frukthagen for å leggje til rette for auka mengde nyttedyr. Forslaget er basert på forsøk i utlandet.

Norsk namn	Latinsk namn	Blømingstid	Høgd på planter
Fennikel	<i>Foeniculum vulgare</i>	Middels (juli)	60 cm
Koriander	<i>Coriandrum sativum</i>	Middels (juli)	30 cm
Ryllik	<i>Achillea millefolium</i>	Middels (juni)	25 cm
Dill	<i>Anethum graveolens</i>	Seint (juli)	40 cm
Honnингurt	<i>Phacelia tanacetifolia</i>	Middels (juni)	40 cm
Åkersennep	<i>Sinapis arvensis</i>	Tidleg (juni)	40 cm
Kamilleblom	<i>Matricaria recutita</i>	Tidleg (juni)	20 cm
Kornblom	<i>Centaurea cyanus</i>	Seint (juli)	40 cm
Tiriltunge	<i>Lotus corniculatus</i>	Tidleg (juni)	15 cm


Utsetjing av nyttedyr

Det er myke overgangar mellom førebyggjande og direkte tiltak mot skadedyr. Å setje ut nyttedyr kan vere eit direkte tiltak mot mange skadedyr, men dei kan også setjast ut for å generelt auke bestanden av nyttedyr i feltet. Avhengig av kor spesifikke nyttedyra er, kan tiltaket vere retta mot eit eller fleire skadedyr. Det å setje ut rovmidd er tildømes eit generelt førebyggjande tiltak som er nytt mot fruktremidd og bladmidd i både integrert og økologisk frukttdyrking i dag. Rovmidd er lite mobile, dei brukar relativt lang tid på å spreie seg til heile treet og frukthagen og såleis til å halde populasjonen av bladmidd og fruktremidd i sjakk. Debio sitt regelverk (www.debio.no) har oppdaterte lister over kva artar som er lov å setje ut i økologisk frukttdyrking.

Overvintringsbur for gullauge

Gullauge (*Chrysoperla* sp.) er eit av dei viktigaste nyttedyra i frukthagen. Som larver et dei mellom anna bladlus, små larver og egg av mange insekt og midd. Gullauger overvintrer som vaksne insekt og legg egg på våren/forsommaren. Ofte finn vi dei som vaksne i utløper, i sprekker i tre og under tak på ulike hus. På grunn av kulde og vind ute, at det er for varmt inne og på grunn av eddekoppars som naturlege fiendar er dødligheten om vinteren høg. Undersøkingar har vist at frå 60 – 90 % av gullaugene dør om vinteren. Det å auke evna til å overleve vinteren for gullaugene er ein

måte å leggje til rette for ein større bestand av nyttedyr i frukthagen. Kassar som er laga av tre og som er om lag 30 cm i firkant fungerar som eit overvintringsbur. Kassen, som er fylt med halm, har ei frontside og ein botn som er dekka av lister med 3 cm mellomrom (figur 1.64). Ulike materiale i kassen og ulike storleikar på kassen er samanlikna, og resultata viste at ein kasse laga av tre i denne storleiken verkar mest tiltrekkjande på gullaugene. Kassen bør plasserast med opningen vekk frå vindretninga slik at det ikkje kjem trekk inn i han. Vidare bør han plasserast slik at siluetten av tre og buskar ikkje forstyrrar gullaugene når dei skal orientere seg mot kassen.



Figur 1.64 Overvintringskasse for gullauge. Teikning: Tyra Fure Brandsæter.

Kassane bør plasserast ut i slutten av august, når gullaugene byrjar å leite etter overvintringsstader. I desember kan kassane takast inn og lagrast kjøleg. I april vert kassane sett ut att, slik at gullaugene kan finne ein stad å leggje egg når dei kjem fram frå vinterkvilen. Det er viktig at kassane vert plassert i frukthagen for å auke bestanden av nyttedyr der.

Det er usikkert om gullaugene har ein obligatorisk migrasjonsperiode etter at dei kjem ut av vinterkvilen eller om dei startar egglegging med ein gong. Vaksne gullauger vert tiltrukke av luktstoff frå honningdogg, og kanskje kan vi i framtida stimulere vaksne gullauger til å leggje egg ved å sprøyte ut honningdogg på trea tidleg på våren.

Det er gjort forsøk med gullaugebur i Noreg, og resultata er ikkje så gode. Dette samsvarar med internasjonale resultat som viser at det er stor variasjon frå

område til område i fangst av gullauger i overvintringskassar. Dette kan skuldast stor variasjon i mengd av gullauger i området, variasjon frå år til år eller variasjon i kva overvintringsstader dei føretrekker.

Fuglekassar

Nokre fuglar et hovudsakleg insekt medan andre et insekt i tillegg til planteføde. Trongen for føde og energi hjå fuglane er størst i den perioden dei har ungar – tidleg på våren. Fuglar kan slik vere med på å redusere bestanden av skadelege insekt i frukthagen i den perioden då det er viktigast at desse ikkje er der.

Blåmeis (*Parus caeruleus*) er rekna for å vere ein svært effektiv insekt-atar i sommarsesongen. Blåmeisen kan ha to kull pr. år, og dei legg i snitt 8-10 egg i kvart kull. Eit blåmeispar med ungar et om lag 3 kg insekt pr. år. Også kjøttmeis (*Parus major*) og svartkvit flugesnappar (*Ficedula hypoleuca*) vert rekna for effektive insekt-atarar. Perleugle (*Aegolius funereus*) og kattugle (*Strix aluco*) et smågnagarar, og kan såleis vere effektive hjelparar for å redusere bestanden av mus og jordrotte i frukthagen i dei område der desse er eit problem.

Ved å hengje fuglekassar opp i frukthagen kan vi få fuglane til å etablere seg med reir i hagen. Form og storleik på fuglekassen er med på å bestemme kva fuglar som kjem i kassen (sjå tabell 1.11 og figur 1.65). Kassane bør hengjast opp i skuggen, gjerne med ei grein like over inngangsholet slik at fuglen kan mellomlande der før han flyg inn. Det bør vere ein viss avstand mellom kassane (15-20 m) for å unngå konkurranse mellom territoria. Kassane bør hengjast opp før hekkinga startar på våren. Dei små fuglekassane (for blåmeis, kjøttmeis og svartkvit flugesnappar) bør hengjast 1-2,5 m over bakken. Dei store kassane bør hengje 3-4 m over bakken.


Kassane bør tømast for gammalt reirmateriale ein gong i året for å unngå fugleopper. Det bør ikkje nyttast trykkimpregnert materiale i fuglekassane, men materialet kan malast eller beisast med lyse fargar for at kassane skal vare lenger.

Fuglekassar er nytta i både økologisk og integrert fruktdyrking i Noreg i dag.

Truleg kan vi også auke populasjonen av fuglar i hagen ved å føre fuglane gjennom vinteren.

Tabell 1.11 Mål (i mm) som passer for dei ulike artane (figur 1.65).

Fuglear	A	B	C	D
Blåmeis (svartmeis, løvmeis)	60	27	130	80
Kjøttmeis, svartkvit flugesnappar	60	32	150	120
Perleugle (skogdue)	60	83	275	180
Kattugle	120	115	415	225



Figur 1.65 Fuglekasse. Teikning: Tyra Fure Brandsæter.

Generelt om direkte tiltak

Då det er eit mål å forstyrre samspelet i naturen minst mogeleg, prøver vi å førebyggje skade i økologisk landbruk. Samstundes ønsker vi å produsere ei økologisk matvare på ein økonomisk sikker måte. Det å drive fruktdyrking er i seg sjølv ei forstyrring. Å plante til eit større areal av ein art gir grunnlag for at insekt og midd som lever på fruktrea kan auke i mengde. Difor treng vi også direkte tiltak å setje inn, særleg mot dei artar som er verts-spesifikke og mobile.

Som allereie nemnt, er det myke overgangar mellom førebyggjande og direkte tiltak. Dersom vi set ut egg eller larver av ein nytteorganisme eller sprøyter ut sporar av ein nyttebakterie eller ein nyttevirus som naturleg finst i frukthagen, er det eit førebyggjande eller eit direkte tiltak? Her har vi valt å definere direkte tiltak som tiltak der vi påfører organismar, organiske eller uorganiske sambindingar til systemet frukthagen for å slå ned eit angrep av ein eller fleire skadedyr. Oftast er direkte tiltak retta mot eit eller få skadedyr, og vi omtalar difor dei ulike tiltaka under dei aktuelle skadedyra. Her omtalar vi kort dei ulike direkte tiltaka.

Utsetjing av nyttedyr

Å setje ut store mengder av nyttedyr i eit stadium som er «nyttig» når vi ser at populasjonen av skadedyr kan gjere økonomisk skade, vert definert som eit direkte tiltak mot skadedyr. Utsetjing av både egg og larver av nyttedyr som marihøner (*Coccinellidae*) og gullauger (*Chrysopidae*) kan nyttast som eit tiltak mot fleire skadedyr. Tiltaket er særleg nytt i veksthus, men det er også gjort forsøk i frukthagar som har gitt gode resultat. Det er forhandlarar i Noreg som sel produkta for veksthus. For utsetjing på friland er det få nyttedyr som er godkjende og til sals (sjå www.debio.no/ www.mattilsynet.no).

Bakterie/sopp/virus preparat

Bakteriar, sopp og virus er også naturlege fiendar til skadedyra i frukthagen. Dei fleste av desse er relativt artsspesifikke. Det er gjort mange forsøk med både bakteriar, sopp og virus som årsak til naturleg dødelegheit og som eit direkte tiltak mot ulike skadedyr i utlandet og i Noreg. Fleire preparat basert på bakteriar (mellan anna *Bacillus thuringiensis*), sopp (mellan anna *Verticillium lecanii*) og virus (mellan anna granulosevirus) er på marknaden som insektmiddel i dag og er godkjende i økologisk fruktodyrking i fleire europeiske land. Førebels er ingen av desse preparata godkjende i Noreg.

Nematodepreparat

Nematodar er ei anna gruppe av naturlege fiendar som er relativt artsspesifikke og som er på marknaden som ferdige preparat. Dei fleste nematodar er jordbuanande og verkar såleis på larver som lever deler av livet i jorda. Nokre artar er godkjende for bruk i veksthus og plasttunnelar i Noreg (sjå www.debio.no/www.mattilsynet.no).

Det er førebels ingen nematodepreparat som er brukt mot skadedyr i fruktodyrking i Noreg. Forsking har vist at epleviklar (side 93) kan bekjempast ved bruk av nytteneematodar, men det krev visse tilhøve for å få ein god effekt. Kirsebærluge (side 117) er ein annan potensiell kandidat, men her er det viktig at nytteneamatodene verker raskt før larvane forpupper seg. Sjå publikasjonar og opplysningar om nytteneamatodar på <http://www.cost850.ch/>

Planteekstrakt og planteluktstoff

Ekstrakt frå planter har vore nytt som direkte tiltak mot skadedyr i lange tider. Mange planter har eit naturleg forsvar mot insekt. Forsvaret kan byggja på

mekanisk hinder (tjukt skal, piggar osv), lukt (fråstøyande lukt) eller kjemiske komponentar. Dei plantene som forvarar seg med lukt eller kjemiske komponentar kan vi utnytte ved å lage ekstrakt av desse plantene. Vi kjenner ikkje til at det er gjort mange forsøk med planteekstrakt og avskrekande lukt i Noreg. Eit forsøk der ei blanding av malurt, reinfann og kvitløk vart undersøkt som avskrekande middel mot eggleggingsklare rognearbærmoilhoer hadde ingen effekt. I rettleiar B til forskrift om økologisk produksjon (www.debio.no/www.mattilsynet.no) er det lista opp kva planter som er godkjende til slik bruk.

Ekstrakt av frø og blad frå det tropiske treet

Azadirachta indica, (Neem-ekstrakt) er nytt mot mange skadedyr. Bruk av neem har gitt særleg gode resultat mot bladlus, sommarfugllarver, kvitfly, teger og trips. Preparatet er framstilt kommersielt og er i dag godkjend i økologisk landbruk i fleire land. Neem inneholder azadiractin som forstyrrar skalskiftet til insekta. I tillegg verkar det fråstøyande, slik at insekta sluttar å ete. Neem er førebels ikkje godkjend i Noreg.

Kvassia er ekstrakt frå veden/barken av det amerikanske treet *Quassia* sp. Ekstraktet inneheld quassinoideer som verkar som insektmiddel. Det verkar mellom anna fråstøyande på insektlarver og aukar dødelegheita på bladlus. Kvassia er førebels ikkje godkjend i Noreg.

Ulike planteoljer, som rapsolje, maisolje og soyaolje, har effekt mot ei rekke insekter ved at dei legg seg som ein film rundt eggja og kveler dei. Truleg har vegetabilsk olje best effekt mot dei artar som overvintrar som egg, og best effekt dersom olja vert sprøytta ut like før eggja klekker. Andinga i eggja er størst like før klekking for egg som overvintrar. Vegetabilsk olje er godkjend som eit heimepreparat i økologisk dyrking i Noreg under føresetnad av at olja er frå planter som garantert ikkje er genmodifiserte.

Mange insekt nyttar lukt for å finne fram til versplantene sine når dei skal leggje egg. Dette er i dag eit av dei store forskingstema internasjonalt med tanke på å forstyrre egglegginga til skadedyra. Dersom vi kan kome fram til dei komponentane i luktstoffa frå plantene som er viktige for å velje eggleggingsstad kan desse nyttast i feller som eit direkte tiltak mot skadedyr. Dette vil truleg vere aktuelt særleg på vertsspesifikke artar og artar som har få vertsplanter. Førebels er ikkje dette eit tilgjengeleg tiltak.

Kjønnsferomon

Dei fleste insekt nyttar lukt for å finne seg ein make. Hjå dei fleste artar er det hoa som produserar kjønnsferomonet (luktstoffet), og hannen som leitar opp hoa. Kjønnsferomonet er artsspesifikt, og innehold oftast berre nokre få komponentar. Ved å slepe store mengder kjønnsferomon ut i frukthagen kan paringa til skadedyra forstyrrest. Hannane veit ikkje lengre kor luktstoffa kjem frå, og finn ikkje fram til hoene. Hoene vert ikkje para, og legg egg som er ubefrukta. Teknikken er tatt i bruk for fleire artar over heile verda. I Noreg er det så langt berre gjort enkelte forsøk.

Uorganiske sambindingar

Sovel vert nytta som eit soppmiddel, men har også effekt mot bladmidd. I dag vert sovel nytta mot bladmidd i konvensjonell fruktodyrking. Sovel er godkjend i økologisk fruktodyrking. Ein kort periode var det også lov til å bruke sovelkalk i økologisk dyrking hjå oss. Det vert arbeidd internasjonalt med å skaffe til vege nødvendig dokumentasjon for at sovelkalk skal verte godkjend både i konvensjonell og økologisk dyrking framover.

Ulike såper er nytta som direkte tiltak mot skadedyr i mange land. Grønnsåpe skal mellom anna ha effekt mot ulike artar bladlus. Vi kjenner ikkje til kontrollerte forsøk på friland i Noreg.

Kaolin (hydrofob partikkelfilm) er eit preparat som har gitt lovande forsøksresultat dei siste åra. Kaolin verkar ved å leggje seg som ein film på bladverk og frukter og slik forstyrre egglegging, rørsle, og verke forstyrrande på næringsopptak. Resultata er gode mot fleire skadedyr, mellom anna pæresugar, bladmidd og fleire viklarartar. Førebels er ikkje kaolin søkt godkjend i Noreg.

Tabell 1.12 Viktige artar av sommarfuglar der larvene gjer skade på lauv og fruktskal i både eple, pære, plomme og søtkirsebær.

Gruppe	Norsk namn	Latinsk namn	Sjå omtale
Målarar (Geometridae)			
	Liten frostmålar	<i>Operophtera brumata</i>	Side 96
	Stor frostmålar	<i>Erannis defoliaria</i>	
	Gul frostmålar	<i>Agriopsis aurantiaria</i>	
	Grågrøn smalmålar	<i>Chloroclysta miata</i>	
	Brungrøn smalmålar	<i>Chloroclysta siterata</i>	

Gruppe	Norsk namn	Latinsk namn	Sjå omtale
	Brunraud haustmålar	<i>Colotois pennaria</i>	
	Vinkelmålar	<i>Chloroclysis rectangulata</i>	
	Grøn haustmålar	<i>Epirrita dilutata</i>	
	Bjørkemålar	<i>Bison betularia</i>	
	Lodden frostmålar	<i>Alsophila aescularia</i>	
Nattfly (Noctuidae)			
	Bølgefly	<i>Eupsilia transversa</i>	Side 108
	Gotisk seljefly	<i>Orthosia gothica</i>	Side 97
	Broket seljefly	<i>Orthosia incerta</i>	Side 97
	Tverrstreka seljefly	<i>Orthosia stabilis</i>	Side 97
	Frukttrefly	<i>Cosmia trapezina</i>	
	Hagtornfly	<i>Allophyes oxacantheae</i>	
	Vanleg bandfly	<i>Noctua pronuba</i>	
	Kappefly	<i>Xylena vestusta</i>	
Viklarar (Tortricidae)			
Overvintrar som larve	Stor fruktbladviklar	<i>Archips podana</i>	Side 98
	Lerbrun bladviklar	<i>Pandemis cerasana</i>	
	Mørkebrun bladviklar	<i>Pandemis heparana</i>	
	Grå knoppviklar	<i>Hedya nubiferana</i>	
	Raud knoppviklar	<i>Spilonota ocellana</i>	
	Tidleg bladviklar	<i>Phycholoma lecheana</i>	
Overvintrar som egg	Vanleg kartviklar	<i>Archips rosana</i>	Side 97
	Spraglet kartviklar	<i>Archips xylosteana</i>	
	Liten bladviklar	<i>Rhopobota unipunctana</i>	
	Gul bladviklar	<i>Croecia holmiana</i>	

Gruppe	Norsk namn	Latinsk namn	Sjå omtale
Blågrøn bladviklar		<i>Acleris variegana</i>	
Grøn bladviklar		<i>Acleris rhombana</i>	
Frostviklar		<i>Exapate congelatella</i>	

1.3.2 Skadedyr i eple

Innleiing

Vi har i Noreg tre artar av sommarfuglar som gjer skade ved at larvene går inn i sjølve eplet. Desse er rognebærmøll (*Argyresthia conjugella*), epleviklar (*Cydia pomonella*) og liten fruktviklar (*Pammene rheidiella*). Rognebærmøll er det klart viktigaste skadedyret i eple, og er utbreidd i alle fruktstrøk i Noreg. Ulike sommarfugllarver som et på bladverk eller fruktskal er også viktige skadegjerarar i eple (tabell 1.2). Grovt kan vi dele desse inn i målarlarver (*Geometridae*), nattflylarver (*Noctuidae*) og viklarlarver (*Tortricidae*) (figur 1.69). Bladviklarane kan delast inn i to grupper – dei som overvintrar som små larver og dei som overvintrar som egg. Dei to gruppene skadar fruktene til ulike tider. Andre viktige skadedyr i eple er dei som hører til ordenen *Hemiptera*. Her finn vi ulike bladlusartar som grøn eplebladlus (*Aphis pomi*) og raud eplebladlus (*Dysaphis plantaginea*), og tegeartar som hagetege (*Lygocoris pabulinus*) og epletege (*Plesiocoris rugicollis*). Grøn eplebladlus er den vanlegaste bladlusa i eple i Noreg. Den skadar berre bladverket, men fører til stagnasjon i vekst og utvikling. Av tegene er hagetege den mest alvorlege skadegjeraren. Den fører til steindanning i fruktene (tabell 1.2).

Eplevepsen (*Hoplocampa testudinea*) er ein viktig skadegjerar i enkelte fruktstrøk i Noreg, men finst førebels ikkje nord for Rogaland. Av middartane er eplebladmidd og fruktremidd dei som kan gjere mest skade i eple.

Rognebærmøll (*Argyresthia conjugella*)

Symptom

Frukt. Rognebærmøllen skadar berre frukter, så symptom på angrep ser vi berre på epla. Angripne frukter har stikk/hol i skalet der larvene har gått inn. Det er vanleg med mange stikk i skalet over minene inni eplet, og vi ser gjerne eit kvitt belegg (kvite grynn) rundt holet. Vi kan finne fleire inngangshol i eple dersom angrepet er stort. Gangane til larvene går oftast ikkje langt inn i eplet, men dei buktar seg og er ikkje rette.

Skadepotensial

I enkelte år kan rognebærmøll føre til total avlingsroduksjon av eple, medan det i andre år ikkje er skade av rognebærmøll (tabell 1.13). Årsaka er variasjon i bærmengde på hovudvertsplanta, rogn (*Sorbus aucuparia*), sjå avsnitt om livssyklos/biologi.


Tabell 1.13 Gjennomsnittleg % av eple med skade av rognebærmøll i to økologiske eplehagar på Njøs, Sogn. Ulike bokstavar svarar til signifikante skilnader innan same eplehage.

Hage	sort	1998	1999	2000	2001
«Njøsgard»	'Aroma'	.	74 a	.	.
	'Summerred'	.	12 b	.	.
<Byglagard>	'Aroma'	0	85 a	0	0.20 ⁱ
	'Summerred'	0	45 b	0	0.09 ⁱ

ⁱ = berre angrep i eit tre av kvar sort


Livssyklos/biologi

Rognebærmøll har rogn som si vertsplante for egglegging. Dei vaksne individua klekkjer frå overvintrande pupper i jorda i byrjinga av juni. Utvikling av rognebærmølet er temperaturavhengig, og klekking kan såleis variere med temperatur. Livssyklosen til rognebærmøll er godt synkronisert med rogn, og difor kan utvikling på rogna nyttast som ein biologisk markør for utvikling av rognebærmøll. Total tid frå full blom til første larve klekker er 556 døgngrader. Vi kan vente start på klekking av vaksne møll 174 døgngrader etter full blom på rogna (figur 1.66). Rognebærmøllhoene slepp ut eit kjønnsferomon som verkar tiltrekksjande på hannane. Hovudkomponenten i feromonet er identifisert. Paringa føregår frå om lag kl 03 til 07 om morgonen, og truleg berre på rogn. Første egglegging er venta 146 døgngrader etter start på klekkinga av pupper, og eggene startar å klekke til larver om lag 236 døgngrader etter start på egglegging. Dersom det er nok eggleggingstader (nok bær) på rogna legg rognebærmølet eggja sine der. I Skandinavia og i høgfjella i India er rogna vekslerberande, og normalt er det lite eller ikkje bær på rogna kvart andre til fjerde år. I slike år flyg rognebærmøllhoene over på eple og legg eggja sine der. Rognebærmølet legg eggja sine på utsida av bæra (epla), og larvene gneg seg inn i bæra (epla) der dei utviklar seg. Når larvene er ferdig utvikla gneg dei seg ut og forpuppar seg i jorda. Truleg kan ikkje larvene overleve i eple, og dei dør inni epla eller gneg seg ut før dei er ferdig utvikla. Etter eit år med lite rognebær er difor populasjonen av rognebærmøll kraftig redusert. Då larvene til rognebærmøll lever inne i epla/rognebæra er ikkje nyttedyr som fugl, marihøner, gullauger osv. viktige for å redusere bestanden



Figur 1.66 Livssyklusen til rognebärmøll (*Argyresthia conjugella*). Vaksne møll byrjar å klekje frå overvintrande pupper i jorda 174 døgngrader (dg) etter full blom på rogna. Egglegging på bær (eller eple) startar 146 dg etter klekking frå pupper. Eggene startar å klekje til larver 236 dg etter start på egglegging. Teikning: Hermod Karlsen.

av rognebärmøll. Fleire artar snylteveps, mellom anna *Microgaster politus*, parasitterar larvene til rognebärmøllen, og andelen parasitterte larver kan variere. Andelen parasitterte larver er større dei åra det er lite bær og populasjonen av rognebärmøll er stor. Ein finsk studie viste at nematoder og insektpatogene sopp som finst i jorda under rognetre kan drepe rognebärmølllarver. Kor stor del av populasjonen som naturleg dør av desse fiendane veit vi ikkje.



Figur 1.67 Rognebärmøll nyttar planteluktstoff for å finne fram til rett vertsplante. Teikning: Hermod Karlsen.

Varsling

I Noreg er det utbygd eit svært godt varslingssystem for rognbærmøll. Systemet byggjer på rognbærmøllen sin livssyklus, at utviklinga av dei ulike stadia er temperaturavhengig, at snyltevepsen reduserer noko av populasjonsstorleiken og at faren for angrep i eple varierar med kor mykje rogn det er tilgjengeleg for egglegging. I tillegg er systemet basert på at mange medarbeidrarar skaffar bakgrunnsmateriale for dette. Varslingssystemet varslar både om det er fare for angrep og når det bør setjast inn tiltak. Frå 2002 vart varselet lagt ut på internett, og der kan kvar dyrkar legge inn dataar og få ut varmesummar for sitt område. Internettadresse: www.vips-landbruk.no

Førebyggjande tiltak

Fjerne rogneklasar etter egglegging. Dersom klasar med bær vert fjerna frå rognetre rundt frukthagen i dei åra då rogna ber godt, er dette med på å redusere storleiken på den lokale bestanden av rognbærmøll. Det er viktig at klasane vert fjerna etter at rognbærmøllen har lagt egg. I kor lang omkrets frå eplehagen klasar må fjernast er usikkert, det er ikkje gjort registreringar på det.

Avstand til skog. Avstand til skog med rognetre vil truleg påverke angrepsgrad. Større avstand vil redusere angrep.

Sortsval? Som tabell 1.13 viser vert ulike sortar i ulik grad angripne av rognbærmøll. Førebels undersøkingar viser at 'Aroma' vert meir angripen av rognbærmøll enn 'Summerred', men når det skal veljast sortar for økologisk dyrking må det i første omgang takast omsyn til den årvisse soppsjukdommen ebleskurv, og då er 'Aroma' eit betre val enn 'Summerred'.

Direkte tiltak

Vegetabilsk olje mot egg. Det er gjort forsøk med rybsolje og rapsolje mot egg av rognbærmøll i Noreg. Resultata er varierande, men tyder på ein viss effekt. Truleg må det sprøyta fleire gonger fordi eggleggingsperioden varer over ein lengre periode (sjå livssyklus). Første sprøyting bør skje like etter start på egglegginga (174 + 146 døgngrader etter full blom) i dei åra der er svært lite bær på rogna. I dei åra det er varsla angrep, men det likevel er ein del rognbær på rogna kan første sprøyting utsetjast.

Avskrekkande lukt mot egglegging. Det vert hevdat mellom anna malurt, reinfann og kvitløk skal ha ei lukt som verkar avskrekkande på rognbærmøll. Forsøk utført i Noreg med ekstrakt frå desse plantene

hadde ingen effekt på skade av rognbærmøll i eple. Dersom nokon ønsker å nytte lukt som avskrekkande middel må sprøyting utførast like før egglegginga startar (før 174+146 døgngrader etter full blom). Ekstrakt frå slike planter er lov å bruke som heimelaga preparat.

Tiltrekkjande lukt mot egglegging? Nye forskingsresultat har vist at rogn og eple inneheld mykje av dei same luktstoffa, og at rognbærmøllhoene reagerar på desse luktstoffa, sjå figur 1.66. Førebels resultat tyder på at to av desse luktstoffa virka tiltrekkjande på hoer og hanner. Feller med luktstoff som verkar tiltrekjkjande på eggleggingsklare hoer kan fange opp hoer som er på veg inn i eplehagen. Fellene er ikkje utprøvd som tiltak og er ikkje godkjende enno.

Epleviklar (*Cydia pomonella*)

Symptom

Frukt. Epleviklar skadar berre frukta, så symptom på angrep ser vi berre på epla. Larvene går inn til kjernehuset og et opp frøa. Når larvene går ut av frukta lagar dei ein stor, ekskrementfylt gang («kloakkgang»). Gangen ut er såleis våt, brei og gjerne stor, medan inngangsholet er lite.

Skadepotensial


Epleviklar er eit viktig skadedyr på eple i år med varme somrar i deler av Noreg (Sør- og Austlandet og eit lite område i Sogn).

Livssyklus/biologi

Epleviklaren overvintrar som fullvaksne larver i barksprekker, under bark, mose eller lav på greiner og stamme. Larvene forpuppar seg tidleg på våren, og dei vaksne viklarane kjem fram i mai. Dei vaksne svermar, parar seg og legg eggja sine på bladverket og på epla (figur 1.67). Hoene skil ut eit kjønnsferomon som verkar tiltrekkjande på hannane.

Paringsaktivitetten til epleviklaren er temperatur- og lysavhengig. Epleviklaren har ein lang svermeperiode, vi finn vaksne møll frå juni til ut i august. I fleire land er det funne at temperaturen ved solnedgang må vere minst 15,6 °C for at epleviklaren skal vere aktiv.

Studiar frå Noreg viser at epleviklar kan vere aktiv ved lågare temperatur her. I år med låge sommartemperaturar vert det difor lagt få egg. Eggja vert hovudsakleg lagde i juni. Larvene gneg seg gjennom fruktskalet og inn til kjernehuset der dei et opp frøa (figur 1.68). På same måten som rognbærmøllarvene lever epleviklararvene mesteparten av livet inni eple, og har få



Figur 1.68 a) og b) Eple skada av epleviklar. c) Vaksen epleviklar. Foto a) og b) Sverre Kobro, c) Nina Trandem.

naturlege fiendar som fugl, marihøner, gullauger, nebbteger osv. Virus, sopp, bakteriar og snylteveps som kan smitte egg eller unge larver er viktige naturlege fiendar for epleviklarlarver.

Varsling

Ved hjelp av feromonfeller i eigen hage og varslingsprogrammet VIPS kan kvar enkelt finne ut av fare for angrep og tidspunkt for angrep. Fellene består av ein feromonkapsel som er festa i taket på ei trekanta pappfelle. I botnen på fella er det ei limplate. Ei felle pr. daa er stort sett nok for å finne om epleviklaren finst og for å finne om det bør setjast inn tiltak. Det er ikkje utvikla skadeterskel for epleviklar i Noreg, men ein «synseterskel» ligg på 10-20 hannar pr. felle pr. varmperiode der temperaturen er over 14 °C ved solnedgang. Feller kan tingast frå www.phero.net.

Førebyggjande tiltak

Fjerne infiserte eple. Ved å fjerne eple som vi ser er infisert (eple med inngangshol, men som ikkje har utgangshol) kan den lokale bestanden av epleviklar reduserast. Desse epla (kart) kan vere på treet eller på bakken. Tiltaket vil ikkje verke mot angrep inneverande år, men vil redusere talet larver som overlever og såleis førebyggje angrep komande år.

Bølgepapp rundt trestamma. Vi kan laga kunstige overvintringsstader for epleviklarlarvene ved å lime bølgepapp rundt trestammene seitn på sommaren (i juli). 10 cm breie band av bølgepapp vert festa rundt trestamma 20-50 cm over bakken. Den «bølgete» sida av pappen må vende inn mot trestamma, og kan festast med brei tape på utsida av pappen. Desse skal fjernast og brennast opp på seinvinteren, før lar-

vene forpupper seg og dei vaksne epleviklarane klekkjer.

Direkte tiltak

Feromonforvirring. Feromonforvirring (sjå generell innleiing) er nytt som direkte tiltak mot epleviklar i økologisk fruktdyrking i mange land. For at feromonforvirring skal vere effektivt mot epleviklar må teknikken nyttast over eit større område og populasjonen må ikkje vere for stor. Teknikken er enkel; det vert nytt dispenserar som ser ut som ein metalltråd som vert hengt ut på kvart andre tre. Feromonforvirring mot epleviklar er førebels ikkje tillate i Noreg, men teknikken er prøvt ut i samband med forsøk.

Granulosevirus. Då virus er ein av dei naturlege fiendane til epleviklar, er det funne at granulosevirus har effekt mot epleviklar. Rett sprøyteidspunkt for granulosevirus er like etter eggja har klekt, men før larvene går inn i epla. Det er vanleg å nytte døgngrader for å rekne seg fram til rett sprøyteidspunkt. Då epleviklaren har ein lang eggleggingsperiode kan det vere aktuelt med fleire sprøytingar. Granulosevirus er førebels ikkje tillate i Noreg.

Vegetabilisk olje. Forsøk med oljesprøyting mot egg av epleviklar har vist at olje verkar fråstøytande på eggleggingsklare hoer og har ein viss effekt på egg like etter at dei er lagt. Effekten minkar med alderen på eggja, i motsetnad til egg som overvintrar, der effekten aukar når eggja nærmrar seg klekking. Olje bør såleis sprøyta ut ved start på egglegging. Sjå side 99 for konsentrasjon.

Utsetjing av snylteveps. Utsetjing av eggparasitoider (snylteveps) *Trichogramma* sp. har vist seg å verke mot epleviklar i mellom anna Tyskland. Resultat frå forsøk viste om lag like god kontroll som ved bruk av paringsforstyrring (feromonforvirring). *Trichogramma* sp. er ikkje lov å setje ut i Noreg, og generelt er utsetjing av nyttedyr i dag stort sett lovleg berre i veksthus og plasttunnelar i Noreg.

Liten fruktviklar (*Pammene rhediella*)

Symptom

Frukt. Larvene skadar berre fruktene, så symptom på skade finn vi berre der. Larvene går inn i fruktene frå stilk- eller bekarhola. Dei går inn mot kjernehuset, men går ikkje inn i dette. Gangane til liten fruktviklar er tørre og får ofte eit lyst korkcellelag på veggene (figur 1.69). Ei larve kan skade fleire frukter, oftast der fleire eple heng saman i ein klase. Der finn vi gjerne

fleire stikk i fruktskalet og korte gangar inn i fruktkjøtet.



Figur 1.69 Typiske symptom på skade av liten fruktreviklar.
Foto: Olav Sørum.

Skadepotensial


Liten fruktviklar er etterkvart utbreidd i dei fleste fruktstrøk i Noreg, men gjer mykje mindre skade enn rognbærmøll. Truleg er skaden på eldre tre med mykje laus bark som er tilvaksen av mose og lav, større enn på unge tre.

Livssyklus/biologi

Liten fruktviklar overvintrar som fullvaksne larver under laus bark eller i mose og lav på greiner og stamme. Dei forpupper seg tidleg på våren. Normalt klekkjer puppene til vaksne individ like før og under bløming hjå eple. Dei vaksne svermar på dagtid. Egg vert ofta lagde på undersida av blada, nær blomar og kart. Når eggja klekkjer etter 2-3 veker går larvene inn i fruktene der dei utviklar seg til fullvaksne larver. Dei forlet fruktene for å finne seg eigna overvintringsstader etter 1-2 månader. Det er feromonfeller tilgjengeleg for å sjekke svermetid og kor mykje liten fruktviklar det er i hagen. Fellene kan tingast frå www.phero.net.

Førebyggjande tiltak

Fjerne infiserte frukter/kart (sjå førebyggjande tiltak mot epleviklar).



Figur 1.70 a) Målarlarve, b) viklarlarve og c) nattflylarve.
Målarlarver har føter på berre to av leddet på bakkroppen, noko som gjer at det ser ut som dei «måler» seg frametter når dei går. Viklarlarver har framovervendt hovud og eit karakteristisk nakkeskjold rett bak hovudet (første forkroppledd). Nattflylarver har hovud som vender nedover. Teikning: Tyra Fure Brandsæter.

Målarlarver - liten frostmålar (*Operopthera brumata*) som eksempel

Symptom

Blad. Larver av liten frostmålar klekker kring knopp-sprett eller like etter, og kan såleis skade knoppane. Dei gneg seg inn i knoppane. Symptom på skade på blad er store hol i blada eller blad som er heilt oppet-ne. Larvene unngår i stor grad nervene (leiingsvevet), og et såleis mellom desse.

Blom. Då larvene klekker så tidleg kan dei også skade blomeknoppar. Seinare kan dei ete opp fruktorgana i blomane.

Frukt. Larvene går ikkje inn i fruktene, men et på utsida. Det vert donna groper i fruktskalet. Etterkvart vert det korkdanning der som skaden er oppstått. Partiet med kork kan etterkvart tørke ut og sprekke opp.

Skadepotensial

Liten frostmålar har svingingar i bestanden med topp kvart 9.-11. år. I dei åra det er herjingar, og i åra då bestanden er på veg opp, kan liten frostmålar føre til store økonomiske tap. Larvene kan rense trea for blad og blomar og slik redusere avlingane drastisk.

Dei vil også i år med store bestandar kunne gjere stor skade på sjølve frukta (tabell 1.2).

Livssyklus/biologi

Liten frostmålar svermar frå oktober til desember. Dei vaksne hoene manglar venger, og kryp oppover tre-stamma etter at dei klekkjer frå pupper i jorda. Som for andre sommarfuglartar skil hoene ut kjønnsferomon som verkar tiltrekjande på hannane. Hannane kjem flygande til, og dei parar seg i trea.

Frostmålarhoene legg eggene sine i barksprekker på stamme og greiner. Eggene overvintrer og klekkjer til larver tidleg på våren (rundt knoppsprett). Alle målarlarver manglar bukfoter, og går ved å «måle» seg framover (skytt rygg) (figur 1.70). Larvene et på både blad og blom av eple, men liten frostmålar har mange vertsplanter og i herjingsår kan lauvtre i heile fjellsider vere snauetne. Larvene av liten frostmålar har evne til å forflytte seg frå eit område til eit anna. Dei slepp seg ned frå trea i ein sjølvspunnen silketråd, og let seg føre med vinden. Slik spreier eit angrep seg raske, og eit angrep varer lenger. Klekking er temperaturavhengig, og larver høgare oppe i fjellsidene klekker seinare. Både fugl, nebbteger, gullaugelarver, blomsterfluelarver, virus og bakteriar er naturlege fiendar til liten frostmålar.

Førebyggjande tiltak

Leggje til rette for naturlege fiendar. Nebbteger, marihøner, blomsterfluger, gullauger og fuglar er viktige naturlege fiendar til liten frostmålar. Det vil difor vera eit viktig førebyggjande tiltak å leggje til rette for desse naturlege fiendane. Bruk til dømes blømande undervegetasjon, fuglekassar og gullaugebur (side 87-88).

Limring rundt trestamma om hausten. Då hoer til liten frostmålar ikkje har venger, og må krabbe oppover trestamma for å pare seg og leggje egg, vil ein limring rundt trestamma føre til at dei sit fast i limet før dei kjem så langt. Bruk til dømes eit 10 cm breidt plastband som du smører insektlim på. Pass på at det er tett rundt stamma. Bandet bør vere 30-40 cm over bakken.

Direkte tiltak

Bakteriepreparat. Forsøk med preparat av bakterien *Bacillus thuringiensis* (Bt) har gitt lovande resultat også i Noreg. Bt verkar som ei magegift, og larvene sluttar å ete. For å få god effekt må temperaturen vere høg. Bt er førebels ikkje lov å nytte i Noreg.

Nattfly - seljefly (*Orthosia sp.*) som eksempel

Av seljefly finst tre artar, gotisk seljefly (*Orthosia gothica*), broka seljefly (*O. incerta*) og tverrstripa seljefly (*O. stabilis*), som kan skade eple i Noreg. Symptom, livssyklus og rådgjerder er dei same for alle tre artane.

Symptom

Blad. Unge larver et inni blad som ikkje er folda ut, mens større larver et fullt eksponert og kan ete opp heile blad.

Blom. Unge larver kan ete inni blomar og øydeleggje fruktemne.

Fruktskade. Larvene går ikkje inn i frukta, men kan gnage på karten. Skade på karten fører etterkvart til korkdanning som kan sprikke opp etter som frukta veks.

Skadepotensial

Seljefly er utbreidd i alle fruktstrøk i Noreg og har mange verstsplanter. Det er ikkje registrert svingingar i bestanden på same måte som for liten frostmålar.

Skadepotensialet i eple har vi ikkje gode data på for Noreg. Saman med andre nattflyartar, målarlarver og viklarlarver kan skaden verte stor.

Livssyklus/biologi

Alle artar av seljefly overvintrer som pupper i jorda. Dei vaksne svermar frå mars til mai eller tidleg i juni, men er mest talrike i april og tidleg i mai. Eggatverta vert lagt som eggkaker på barken, og klekkjer etter 10-14 dagar. Larvene et på bladverk og blom, men kan også ete på ung kart. Larvene forpuppar seg i jorda der dei overvintrer til neste vår. Det er utvikla feromonfeller for varsling av sverming for seljefly, men desse er lite nytta og utprøvt i Noreg. Som for liten frostmålar og andre sommarfugllarver er både fugl, nebbteger, gullaugelarver, blomsterflugelarver, parasitoider, virus, sopp og bakteriar naturlege fiendar til seljefly.

Førebyggjande tiltak

Leggje til rette for naturlege fiendar. Fugl, blomsterflugelarver, gullaugelarver, marihønelarver, nebbteger og parasitoidar er viktige naturlege fiendar for seljefly og andre nattflyartar. Det vil difor vera eit viktig førebyggjande tiltak å leggje til rette for desse naturlege fiendane. Bruk til dømes blømande undervegetasjon, fuglekassar og gullaugebur (sjå side 87-88).

Viklarar som overvintrar som egg - vanleg kartviklar (*Archips rosana*) som eksempel

Symptom

Blad. Larvene kan gå inn i knoppar og skade blada før dei er folda ut. Typisk viklarskade er når blada er rulla saman til ein rull med undersida ut.

Blom. Viklarlarvene kan gå inn og skade blomeknoppar før dei er sprungne ut, og dei kan ete på blomane etter at dei er utsprungne.

Fruktskade. Vanleg kartviklar går ikkje inn i fruktene, men kan ete på fruktskalet. Gnagskade på ung kart fører til misforma frukter og korkceller i såret, på same måte som skaden laga av nattflylarver og målarlarver.

Skadepotensial

Skade på blom og frukter fører til avlingstap. Skadetterskelen for vanleg kartviklar er låg (8-10 larver/bankeprøve), då dei kan føre til stor skade på sjølve fruktene. Saman med skade av nattflylarver og målarlarver kan avlingstapet verte stort (stabell 1.2).

Livssyklus/biologi

Vanleg kartviklar og andre artar som overvintrer som egg klekkjer til larver mellom knoppsprett og bløming. Dei første larvene som klekkjer et på knoppar. Seinare et larvene på blomar, blad og kart. Larvene er grøne og har mørkt, framoverretta hovud (figur 1.69). Viklarlarvene spinn seg inn i blada, slik at blada blir rulla saman som ein rull med undersida opp. Larvene er ikkje ferdig utvikla før i juni/juli, då forpuppar dei seg inni samanrulla blad. Dei vaksne svermar frå juli til ut i byrjinga på september. Kjønnsferomonet for vanleg kartviklar er kjent og feromonfeller kan nyttast for å undersøke kor mykle viklarar som finst i hagen. Hoene legg eggatverta sine i flate «kaker» på barken. Eggatverta er grågrøne eller gråbrune på farge. Viklarane har fleire naturlege fiendar som fugl, nebbteger, blomsterflugelarver, marihønelarver, gullaugelarver og parasitoider (snylteveps).

Førebyggjande tiltak

Leggje til rette for naturlege fiendar. Fugl, blomsterflugelarver, gullaugelarver, marihønelarver og nebbteger er viktige naturlege fiendar for vanleg kartviklar og andre viklarartar. Det vil difor vera eit viktig førebyggjande tiltak å leggje til rette for desse naturlege fiendane. Bruk til dømes blømande undervegetasjon, fuglekassar og gullaugebur (sjå side 87-88).

Direkte tiltak

Sprøytning med *Bacillus thuringiensis* (Bt) mot unge larver. Forsøk frå utlandet har vist at Bt har hatt god effekt mot vanleg kartviklar ved høge temperaturar. Bt er ikkje godkjend i Noreg i dag.

Olje mot egg. Tiltaket er ikkje prøvt ut mot viklarar som overvintrer som egg, men det kan tenkjast å ha effekt. Sjå direkte tiltak mot kirsebærmøll (side116).

Sprøytning med «*Spinosad*» («*Conserve*»).

«*Spinosad*» er utvikla frå ein naturleg, jordlevande bakterie (*Saccharopolyspora spinosa*). Bakterien produserar komponentar under gjæring som vert nytta som insektmiddel. Komponentane verkar på nervesystemet og har i forsøk vist seg å verke på vanleg kartviklar. «*Spinosad*» er førebels berre lov å bruke på prydplanter i veksthus i Noreg.

Viklarar som overvintrer som unge larver - stor fruktbladviklar (*Archips podana*) som eksempel

Symptom

Blad. Unge larver kjem fram tidleg på våren og går inn i knoppar og kan såleis skade blada før dei sprett ut. Skade på blad som er folda ut liknar på skaden til viklarar som overvintrer som egg, blada rullar seg saman med undersida ut.

Blom. Blomeknoppar kan verte øydelagde av unge larver som borar seg inn. Larvene kan også ete opp arr og pollenberarar i opne blomar.

Frukt. Kart vert oftest ikkje skada av viklarar som overvintrer som larver. Større frukter kan verte skada av nyklekte larver i august/september. Skaden ser vi som gnag i skalet.

Skadepotensial

Skaden på våren er ikkje så alvorleg for fruktene. Larvene forpuppar seg før karten er ferdig utvikla. Skaden på hausten kan føre til store økonomiske tap. Desse seine viklarangrepa på fruktene kan vi ikkje tynne vekk.

Livssyklaus/biologi

Stor fruktbladviklar overvintrer som unge larver (i andre eller tredje stadium). Dei spinn seg inn i ein silkekong under eit knoppskjell, mellom eit blad og ei grein eller under andre gøymestader. Larvene kjem fram tidleg på våren, gjerne i april. Desse gjer skade på knoppar, blad og blom. Dei er vanlegvis ferdig utvikla før karten byrjar kome, så skaden på frukter på våren er liten. Når larve-

ne er ferdig utvikla forpuppar dei seg inni eit blad, eller mellom to blad. Dei vaksne svermar frå juni til september, og egglegginga føregår frå sein i juni til ut i august. Det er utvikla feromonfeller for stor fruktviklar. Egga vert lagt på blada, og larvene klekkjer etter om lag tre veker. Desse larvene kan føre til seine angrep på frukter før dei spinn seg inn for overvintring. Stor fruktbladviklar og andre viklarar som overvintrer som larver har fleire naturlege fiendar som fugl, nebbteger, blomsterflugelarver, marihønelarver, gullaugelarver og parasitoider (snylteveps).

Førebyggjande tiltak

Leggje til rette for naturlege fiendar. Fugl, blomsterflugelarver, gullaugelarver, marihønelarver, snylteveps og nebbteger er viktige naturlege fiendar for stor fruktbladviklar og andre viklarartar. Det vil difor vera eit viktig førebyggjande tiltak å leggje til rette for desse naturlege fiendane. Bruk til dømes blømande undervegetasjon, fuglekassar og gullaugebur (sjå side 87-88).

Direkte tiltak

Sprøytning med kaolinbasert partikkelfilm mot larver. Forsøk frå utlandet har vist at sprøytning med kaolinbasert partikkelfilm ved sein svellande knopp har effekt mot viklarartar som overvintrer som larver. Dette er under utprøving i Noreg, men kaolin er ikkje godkjend som plantevernmiddel i Noreg i dag.

Grøn eplebladlus (*Aphis pomi*)

Symptom

Skot. Sterkt bladkrølling i skottoppene. Stagnasjon i veksten ved kraftige angrep.

Blad. Samankrølla blad med oppsida ut. Honningdogg på blada.


Frukt. Lite skade på sjølve frukta, men kan kome honningdogg på frukta.

Skadepotensial

Grøn eplebladlus er utbreidd i alle fruktstrøk i Noreg. Den kan gjere økonomisk skade på unge tre (nyplantingar) ved å øydeleggje veksten, men er mindre farleg for større tre.

Livssyklaus/biologi

Grøn eplebladlus lever heile livet på ein type vertsplante. Dei overvintrer som egg på barken av årsskotta. Egga klekkjer til stammødre tidleg på våren, og desse føder levande, vingelause hoer som igjen føder



Figur 1.71 a) Grøn eplebladlus har mørke ryggrør og mørke bein. b) Eplegraslus har korte og lyse ryggrør. Foto: Karin Westrum.

levande hoer osv. Grøn eplebladlus lever av plante-saft, og dei lever på undersida av blada og på barken av unge skot. Dersom populasjonstettleiken blir for høg, vert det fødd venga hoer som kan invadere nye epletre. Grøn eplebladlus har grøn/gulgrøn kropp med lange svarte ryggrør og mørke føter (dette er eit viktig kjenneteikn som skil dei frå eplegraslusa) (figur 1.71). Om hausten vert det fødd hannar for første og einaste gong. Bladlusa parar seg og legg egg, og desse eggna overvintrar til neste sesong. Snylteveps, gullaugelarver, marihønelarver, blomsterflugelarver, nebbteger og insektpatogene sopp er viktige naturlege fiendar til grøn eplebladlus.

Førebyggjande tiltak

Leggje til rette for naturlege fiendar.

Blomsterflugelarver, gullaugelarver, marihønelarver, snylteveps og nebbteger er viktige naturlege fiendar for grøn eplebladlus. Det vil difor vera eit viktig førebyggjande tiltak å leggje til rette for desse naturlege fiendane. Sjå innleiing om alternativ undervegetasjon og gullaugebur (side 87). Sprøyting med soppmiddel (svovel) vil kunne føre til redusert infeksjon av insektpatogene sopp.

Hindre maur i å kome opp i treet. Maur har bladlus som sine «husdyr», dei mjølkar dei for honningdogg og jagar samstundes vekk nyttedyra som lever av bladlus. Dersom vi held mauren vekke aukar sjansen for at nyttedyra er med på å halde populasjonen av bladlusa nede. Eit limbelte rundt trestamma tidleg på våren vil hindre maur i å kome opp i treet (sjå førebyggjande tiltak mot liten frostmålar). Hugs at mauren også kan klatre opp staur eller tonkinstokk brukt til oppstøtting og gå over i treet, det kan difor også vere nødvendig med limring på stauren.

Direkte tiltak

Sprøyting med vegetabilsk olje mot egg. Det er gjort forsøk med rapsolje mot egg av kirsebærbladlus i Noreg, og dette har gitt lovande resultat. Truleg vil olje også ha effekt mot egg av grøn eplebladlus. Eggna er glinsande svarte, 0,5-0,6 mm lange og ligg på års-skota. Sprøyting kan utførast som punktsprøyting, då eplebladlusa oftaft ikkje er jamnt utbreidd i eplehagen. Bruk 2 l olje + 0,5-1 l grønsåpe/100 l vatn. Sprøy ut blandinga like før eggna klekkjer, rundt sein svellande knopp.

Sprøyting med såpe. Ulike typar såpe skal ha effekt mot bladlus. Truleg må ei relativt sterkt løysing nyttast for å få god effekt. Såpa verkar ved å øydeleggje det ytre vevet og funksjonane til indre membranar. Direkte kontakt og fleire sprøytingar er naudsynt.

Raud eplebladlus (*Dysaphis plantaginea*)

Symptom

Skot. Ved sterke angrep kan nye skot vri seg, og trea få skeive greiner og misforma krune.

Blad. Angrep fører til sterkt bladkrølling med oppsida av blada ut. Blada vert også svakt misfarga.

Blom. Bladlusa angrip blomerosett, fører til krølla krunblad.

Frukt. Enzym i «spytten» til raud eplebladlus blir transportert med safta i treet, og fører til at vi ikkje får normalt kartfall. Det fører også til at dei fruktene som utviklar seg vert små, knudrete og oppsvulma i begeget («ryneeple») (figur 1.72).

Skadepotensial

Raud eplebladlus er ikkje så vanleg som grøn eplebladlus, men skaden lusa gjer er større. Skadeterskelen for raud eplebladlus er difor sett til 1-2 % av kortskota i integrert fruktdyrking.

Livssyklus/biologi

Raud eplebladlus overvintrar som egg i barksprekker og ved knoppbasar på epletrea. Stammøderene startar å klekkje frå egg rundt grøn spiss. Desse føder levande, uvenga hoer som igjen føder levande hoer. Raud eplebladlus er raudbrun/blågrå av farge, og er dekka av eit fint blå-kvitt vokslag (figur 1.71). I juni-juli vert det fødd venga individ som flyg over på sommarverten, kjempe (*Plantago spp.*). Desse er glinsande svarte. Bladlusa oppheld seg på kjempe til ut på haussten, då vert det igjen fødd venga hoer. Dei flyg tilbake til eple i oktober-november. No vert det fødd hannar og dei parar seg og hoene legg egg som overvintrar. Marihønelarver, blomsterflugelarver, gullaugelarver, nebbteger og snylteveps er viktige naturlege fiendar til raud eplebladlus.

Førebyggjande tiltak

Leggje til rette for naturlege fiendar. Sjå grøn eplebladlus og generell innleiing om førebyggjande tiltak.

Hindre maur i å kome opp i treet. Sjå grøn eplebladlus.

Direkte tiltak

Sprøyting med vegetabilisk olje. Sjå grøn eplebladlus og kirsebærbladlus.

Sprøyting med såpe. Sjå grøn eplebladlus.

Setje ut nyttedyr. Forsøk frå mellom anna Sveits har vist at utsetjing av marihønelarver har effekt mot raud eplebladlus. Effekten var stortest når dei vart sett ut i høvet 1:1 eller 5:1 (nyttedyr:skadedyr), og når larvene vart sett ut tidleg. Effekten vart redusert når det var maur i treet. Det er i dag berre ein marihøneart som er lov å setje ut i Noreg, og den er tillate brukt mot ulllus i veksthus og plasttunnelar. Snylteveps og gallmygg er på same måte tillate å setje ut i veksthus og plasttunnelar i Noreg.

Sprøyting med neem. Neem mot raud eplebladlus har i forsøk frå utlandet vist seg å vere svært effektivt. Neem er i dag ikkje lov å bruke i Noreg.

Epletege (*Plesiocoris rugicollis*)

Symptom

Skot. Nymfene kan skade skot ved å punktere celler i nye skot og slik stoppe veksten. Stikka fører også til deformert vekst.

Blad. Nymfene syg plantesaft ut av cellene i blada, dette fører til holete blad som vert misfarga brune og svarte. Svært angripne blad kan dø.

Frukt. Nymfeskade på frukter fører til deformerte frukter og dannning av korkceller (figur 1.73).

Skadepotensial

Epletege er utbreidd i alle fruktstrøk, men er eit mindre viktig skadedyr samanlikna med hagetege (omtala under skadedyr i pærer, sjå side 105). Samla skade av teger i eple utgjorde i forsøk om lag 3 %, men denne skaden skuldast fleire artar.



Figur 1.72 a) Raud eplebladlus er raudbrun/blågrå og er dekka av eit fint blå-kvitt vokslag. b) Skade på frukta(«rynkapple») Foto: Karin Westrum.



Figur 1.73 Skade av teger i eple. Foto: Sigrid Mogan.

Livssyklos/biologi

Epletege overvintrer som egg på fleire lauvtreslag og urteaktige planter, men kan også overvintrie som egg på eple. Eggene vert lagt på unge skot, men også på bark av greiner og midtstamme. Eggene klekkjer tidleg på våren, fra april til mai. Nymfene har ein stikke-/sugemunn og startar med å ete på overflata av blad i skota. Nymfene er aktive og bevegar seg fort. Nymfene går gjennom fem stadium før dei er vaksne og har fått fullt utvikla venger (figur 1.74). Dei vaksne startar egglegging i juni-juli. Epletege er einsfarga grøn og kan likne på hagetege (figur 1.78). Oversida av forbrystet er rynkete i høve til hagetege som er glatt. Då tegenymfene er svært aktive og bevegar seg fort, har dei ikkje så mange naturlege fiendar.

Edderkoppar, insektpatogene sopp og snylteveps er truleg viktige naturlege fiendar.



Figur 1.74 Epleteger, fotografert på solbær, er einsfarga grøn og kan likne på hagetege (figur 1.77). Oversida av forbrystet er rynkete i høve til hagetege som er glatt. Foto: Nina Trandem.

Førebyggjande tiltak

Halde undervegetasjon i trerekkja nede. Kva effekt kontroll av undervegetasjon har som førebyggjande tiltak er diskutert. Nokre forsøk har vist at høg undervegetasjon fører til meir skade av teger i trea.

Tegenymfene kan truleg kome seg opp i fruktrea frå omliggjande vegetasjon via undervegetasjonen. Andre forsøk har vist at høg undervegetasjon gir høgare populasjon av nyttedyr som kan vere med på å halde populasjonen av teger nede. For andre artar enn epletege, som overvintrer som egg på urteaktige planter, t.d. nesletege (*Calocoris sexguttatus*), kan det å halde undervegetasjonen nede vere eit viktig tiltak for å unngå skade. Alternative vertsplanter bør haldast vekke frå frukthagen. For epletege er selje, or, eik, hegg og rogn alternative vertsplanter. For andre teger som gjer skade er stornesle og villbringebær vanlege vertsplanter.

Legge til rette for naturlege fiendar. Ved å unngå bruk av kjemiske insektmiddel er vi med på å legge til rette for nyttedyr som snylteveps, insektpatogene sopp og edderkoppar.

Direkte tiltak

Sprøyting med neem. Bruk av neem mot tegenymfer i eple er under utprøving i Norge. Førebels resultat er lovande, men neem er ikkje lov å nytte i Norge i dag.

Sprøyting med insektpatogene sopp – på sikt.

Forsøk i Noreg har vist at epletege vert infisert av insektpatogene sopp. På sikt kan eit slikt tiltak kanskje vere aktuelt.

Epleveps (*Hoplocampa testudinea*)

Symptom

Blom. Egglokkene kan sjåast ved basis av begerblad der eggene vert lagde

Frukt. Larvene borar seg inn til frøa i karten, og dette fører til tidleg kartfall. Ei larve kan øydeleggje opp til fire frukter. Vi kan sjå inngangshol og larveavføring på utsida av karten. På mogne frukter som ikkje dettar kan vi sjå «ringar» av larvevogn på utsida av frukta (figur 1.75).

Skadepotensial

Eplevepsen er utbreidd i Agderfylka og i Ryfylke. Moderate angrep kan sjåast på som tynning av epletrea. Store angrep kan føre til store avlingstap. Skadetterskelen i Sveits ligg på 20-30 veps pr. limfelle for utsette sortar ('Gravenstein' og 'Discovery') og 30-40 veps pr. limfelle for mindre utsette sortar.

Livssyklos/biologi

Eplevepsen overvintrer som larver i kokong i jorda. Dei forpuppar seg tidleg på våren. Dei vaksne kjem fram i april-mai, og er mest aktive i varmt og solrikt



Figur 1.75 a) og b) Eple skadd av epleveps. Foto: Olav Sørum.

vêr. Etter paring legg hoene egg, eit i gongen, i blomen. Eggene svell opp, og klekkjer etter ein til to veker. Larvene borar seg inn i fruktemnet der dei et på frøa. Ei larve kan øydeleggje fleire eple (figur 1.75). Dei fleste larvene er ferdig utvikla i juni-juli, då slepp dei seg ned på jorda der dei spinn ein silkekong som dei overvinstrar i. Det er utvikla feller som er basert på tiltrekkjande farge for å registrere når og kor mykje epleveps som svermar. Desse fellene kan nyttast for å finne ut om det er epleveps i hagen, og om populasjonen er så stor at vi bør gjøre noko. Snyleveps som angrip unge larver og nematoder som angrip larver i diapause er viktige naturlege fiendar til epleveps.

Førebyggjande tiltak

Utfangst med kvite limfeller. Kvite limfeller er normalt nytta i varsling, og skal tiltaket nyttast som eit førebyggjande tiltak trengst det truleg mange feller pr. tre. Tiltaket vil såleis verte dyrt og arbeidskrevande. Feller kan tingast via www.biocontrol.ch eller sales@biocontrol.ch

Plukke vekk kart med tydeleg skade. Dersom vi fjerner kart med skade som har larver inni, vil bestanden av epleveps reduserast og samstundes reduserer vi sjansen for at larvene øydelegg fleire kart same sesongen.

Sortsval. Erfaringar frå mellom anna Sveits og Danmark viser at sortar som 'Gravenstein' og 'Discovery' er svært utsatte for epleveps, men her må sortsval vurderast i høve til soppsjukdommen epleskurv.

Direkte tiltak

Sprøyting med kvassia. Sprøyting med kvassia like etter eggene er klekte har hatt god effekt, og er utprøvd i mange land. Kvassia er godkjend i økologisk landbruk i fleire europeiske land, men er ikkje godkjend i Noreg (side 89).

Setje ut nyttedyr. Forsøk med å setje ut snyleveps er under utprøving, og kan verte eit direkte tiltak i framtidia.

Eplesnutebille (*Anthonomus pomorum*)

Symptom

Knopp. Billa kan ete runde hol i knoppane. Dei vaksne legg egg sine på undersida av knoppane.

Blom. Larvene et på arr og stovberarar og bit av knoppane slik at dei vert brune og «døyr».

Blad. Vaksne et på undersida av blada i midten av juni, oftast er epidermis på oversida intakt.

Frukt. Vaksne biller kan lage hol i fruktene i juni-juli.

Skadepotensial

Eplesnutebille er utbreidd i alle fruktstrøk, men er eit større problem på Austlandet enn på Vestlandet. I år med lite bløming kan eplesnutebilla vere ein viktig skadegjerar. Nøttesnutebille, som normalt går på hasselnøtter, kan også til tider gjøre skade på eple. Særleg dersom det er lite nøtter å leggje egg i.

Livssyklus/biologi

Eplesnutebille overvinstrar som vaksne under bark, i sprekker eller under andre gøymestader. Dei kjem fram frå mars månad og er aktive på varme dagar. Dei flyg rundt og leitar etter vertsplanter. Eggene vert lagt etter knoppsprett. Hoene legg eit egg i kvar knopp. Eggene klekkjer etter om lag 10 dagar, og larvene et på

arr og pollenerar i blomen. Dei skavar samstundes vekk innsida av krunblada slik at blomen ikkje opnar seg og larvene er verna. Seinare bit dei av stilken til blomen. Larvene er ferdig utvikla etter om lag ein månad, og forpupper seg i ly av den avkutta blomen. Vaksne biller kjem fram igjen etter to til tre veker. Desse et på undersida av blad og kan lage hol i eple. Dei vaksne overvintrar til neste vår. Snyleteveps er ein viktig naturleg fiende til eplesnutebille.

Førebyggjande tiltak

Fjerne skadde blomar/knoppar. Ved å fjerne dei uutvikla og avkutta blomane vert den lokale bestanden av eplesnutebille redusert. Larvene ligg inni desse blomane.

Moderne plantingar. Eplesnutebille overvintrar i barksprekker eller under lauv. Ved å ha moderne plantingar med relativt unge og små tre reduserer vi overvintringsstadene til eplesnutebilla. Open jord, plastdekke eller god nedbryting av lauvverk i trerekka vil også vere med på å redusere overvintringsstadene.

Direkte tiltak

Planteluktstoff-feller – på sikt? Forsøk viser at hoer av eplesnutebille vert tiltrukke av luktstoff som finst i eple. Kanskje kan vi på sikt nytte luktstoff i feller som eit tiltak mot eplesnutebille.

Frukttremidd (Panonychus ulmi)

Symptom

Blad. Tidlege angrep fører til lyse parti i blada. Etterkvart får blada ein bleik, brunaktig farge. Er angrepet kraftig kan blada få ein sòlvaktig farge.



Skadepotensial

Midd er truleg ikkje hovudutfordinga i økologisk epledyrking, då mykje av problemet med midd i konvensjonell dyrking er knytt til bruk av syntetiske sprøytemiddel. Rovmidden som er ein viktig naturleg fiende for dei ulike planteetande middartane tek skade av syntetiske sprøytemiddel. Kraftige angrep av fruktremidd kan føre til reduserte avlingar på grunn av redusert fotosynteseaktivitet og redusert knopputvikling året etter.

Livssyklos/biologi

Den viktigaste spinnmidden i eplehagen er fruktremidd. Den overvintrar som egg på barken av greiner og skot. Vinteregga er raude og lette å sjå (figur 1.75). Dei klekker frå knoppsprett til etter bløminga. Fruktremidda lever hovudsakleg på undersida av blada, og skadar ved å punktere bladcellene med stikk/suge-munnen sin. Hannane er raude til gulbrune på farge, om lag 0.3 mm lange og har ei trekanta form. Hoene er 0.4 mm lange, er raude til mørkeraud, har ei oval form og har tydelege lyse hårvorter. I Noreg har fruktremidden 3 til 4 generasjonar i året. Fruktremidd har fleire naturlege fiendar som til dømes rovmidd, gullaugelarver, blomsterflugelarver, gallmygg-larver, marihønelarver og nebbteger.

Førebyggjande tiltak

Leggje til rette for nyttedyr. Sjå grøn eplebladlus og generell innleiing om førebyggjande tiltak.

Setje ut rovmidden *Typhlodromus pyri*. Rovmidden *T. pyri* er nytta som eit førebyggjande tiltak mot fruktremidd i integrert fruktdyrking. Ved å setje ut 1-2 kvistar



Figur 1.76 a) Frukttremidd på blad. b) Egg av fruktremidd. Foto: Nina Trandem.

med rovmidd pr. tre om hausten (midd i kvile), eller tidleg på våren kan vi førebyggje skade av fruktremidd. Kvisten bør setjast ut i felt der vi veit rovmidden har mat for at dei skal etablere seg i feltet.

Jamn vasstilgang til trea. Tørkestressa tre er meir utsette for oppbløming av eplemidd enn tre som har jamn vasstilgang.

Direkte tiltak

Vegetabilsk olje mot overvintrande egg. Forsøk frå utlandet viser at vegetabilsk olje har god effekt mot overvintrande egg. Norske forsøk med rapsolje mot overvintrande egg av kirsebærbladlus har også gitt gode resultat. Olja bør sprøyta ut like før eggna klekker. Normalt vil dette truleg vere like etter grøn spiss. Ei løysing på 2 % har gitt gode resultat mot kirsebærbladlus, medan det vart nytta 3 % soyaolje i eit forsøk frå utlandet. Olja må blandast med grønsåpe for å løyse seg i vatn (sjå direkte tiltak mot kirsebærbladlus, side 117).

Eplebladmidd (*Aculus schlechtendahli*)

Symptom

Blad. Blada får ein bleik farge og vert gjerne buklete. Håra på undersida kan få ein gulaktig farge. Kraftige angrep kan føre til sølvfarga blad som vert brune etterkvart.

Frukt. Kraftige angrep kan føre til korkskade/rustska de rundt begeret.

Skadepotensial

Som for fruktremidd er truleg ikkje eplebladmidd eit stort problem i økologisk fruktdyrking. Då det ikkje vert nytta syntetiske plantevernmiddel vil heller ikkje dei naturlege fiendane forsvinne, og eplebladmiden vil slik ikkje få høve til å bløme opp. Nokre sortar, slik som 'Summerred', ser ut til å vere særleg utsett for

skade av eplebladmidd på fruktene. Erfaringar med eplebladmidd i økologisk fruktdyrking er enno for få.

Livssyklus/biologi

Eplebladmidden er svært liten, ofta mindre enn 0,2 mm. Kroppen er langstrakt, med berre to par bein som går ut nær hovudet. Bladmidden overvintrar som vaksne under knoppskjell på årsskot. Dei kjem fram tidleg på våren. Det er to former av eplebladmidd, sommarhoer og vinterhoer. Sommarhoene har ei tilsvarende han-form, og legg egg etter paring. Vinterhoene har ingen tilsvarende han-form, og legg berre egg etter ein periode med vinterkulde. Eplebladmidden lever av å suge plantesaft frå undersida av blada. Dei sug også på kart, og suging av bladmidd er ei av årsakene til korkdanning på eple. Eplebladmidden legg eggna sine på undersida av blada, og gjennom sommarsesongen har dei dei 4-5 overlappande generasjonar, avhengig av temperatur. Eplebladmidd har mellom anna nokre artar av rovmidd og rovgallmygg som naturlege fiendar.

Førebyggjande tiltak

Setje ut rovmidden *Typhlodromus pyri*. Sjå førebyggjande tiltak mot fruktremidd.

Jamn vasstilgang til trea. Sjå førebyggjande tiltak mot fruktremidd.

Direkte tiltak

Sprøyting med svovel. To sprøytingar med svovel med 6-10 dagars mellomrom kring bløming vil redusere bestanden av bladmidd kraftig. To sprøytingar er naudsynt på grunn av overlappande generasjonar, og svovel er berre effektivt mot vaksne midd. Bruk ein konsentrasjon på 150 g/100 l.

Sprøyting med kaolin. Forsøk med bruk av kaolin mot bladmidd i eple og plomme er i gang. Førebels



Figur 1.77 a) Blad med skade av eplebladmidd, nederst eitt friskt blad til samanlikning. b) Nærbilete av eplebladmidd. Foto: Olav Sørum.

resultat er lovande, men kaolin er ikkje godkjend i Noreg i dag.

1.3.3 Skadedyr i pærer

Innleiing

Dei klart viktigaste skadedyra i pærer er tegene, som høyrer til i ordenen *Hemiptera* (tabell 1.2). Teger deler vi grovt inn i smalteger/bladteger (viktigaste er *Miridae*) og breiteger (*Pentatomidae*, *Acanthosomatidae*). Hagetege (*Lygocoris pabulinus*) saman med wagnertege (*Lygus wagneri*) og grøn frukttege (*Orthotylus marginalis*) er dei viktigaste smaltegeartane. Av breitegene er det rognetege (*Acanthosoma haemorrhoidale*) som er den viktigaste. Bærtlege (*Dolycoris baccarum*) kan i nokre tilfelle gjere skade i pære, truleg er problemet størst dersom pærefeltet ligg nær eit bærplanting. Raudfottege (*Pentatomida rufipes*) kan også gjera stor skade i felt der den er etablert. Vanleg pæresugar (*Cacopsylla pyri*) er ein annan art innan ordenen *Hemiptera*, og denne er i enkelte år rekna som eit viktig skadedyr i pærer. Vi har i Noreg tre artar av pæresugar; stor pæresugar, vanleg pæresugar og liten pæresugar. Vanleg pæresugar vert rekna som det viktigaste skadedyret. Sommarfugllarver kan også gjere stor skade i pærer (tabell 1.2). Både liten frostmålar, seljefly, vanleg kartviklar og stor fruktbladviklar er omtala under skadedyr i eple. Desse er også viktige skadedyr i pære. Dei vil ikkje verte omtala her. Bølgefly (*Eupsilia transversa*) er ein nattflyart som ikkje er omtala under eple, men som kan gjere stor skade i både pærer og eple. Pæregallmygg (*Contarinia pyrivora*) er eit problem i pærer på Sør- og Austlandet, men har i seinare år gjort mest skade i Ryfylke. Av middartane som gjer skade på pærer er pærebladmidd og pæregallmidd dei viktigaste.

Hagetege (*Lygocoris pabulinus*)

Symptom

Blad. Tegeskade viser seg som små hol i blada, gjerne som ei rett linje der det tidlegare (før bladet vart folda ut) var ein brett. Rundt hola vert det etterkvartr brunfarge.

Frukt. Angripne frukter utviklar «stein», harde innsøkk i fruktkjøtet, som gjer at dei ser misforma ut.

Skadepotensial

I økologisk pæredyrking er bladteger eller smalteger, og særleg hagetege ein av dei store utfordringane for å få til ei økonomisk pæredyrking (tabell 1.2). Skaden

av hagetege kan variere frå år til år, frå hage til hage og frå tre til tre. Noko av årsakene kjenner vi, men her trengst meir kunnskapar for å løyse problema.




Figur 1.78 Skade av tegar på pærer tidleg i sesongen gir vortestein. Her er det hagetege som er årsak til skaden. Foto: Olav Sørum.

Livssyklus/biologi

Hagetege overvintrar som egg på første og andre års skot på frukttrær og andre lauvtre og buskar, og klekker til små nymfer i mai. Nymfene har stikke-/sugemunn, og skadar ved å suge i frukter og skot. I spytett til tegene er det enzym som gjer at vevet i fruktene endrar seg. Utvikling av stein skuldast såleis ein fysiologisk reaksjon i fruktene. Tidspunkt for skade er viktig for utvikling av skade og korleis skaden ser ut («vortestein» eller «flatstein», sjå figur 1.78 og 1.80).

Nymfene har ikkje vinger, men er raske og bevegar seg fort. Nymfene kan gå frå undervegetasjonen og opp i trea dersom vegetasjonen er høg. Dei vaksne er ferdig utvikla i slutten av juni, men kan halde seg i frukttrær eller undervegetasjonen til oktober. Det er funne at hoene slepp ut eit feromon som verkar tiltrekjkande på hannane. Det er også funne at hoene set av feromonet på vertsplanta, som også verkar tiltrekjkande på hannane. Hagetege er glinsande grøn, men har ein svakt gul flekk på ryggen og har eit glatt forbryst (figur 1.79). Hagetege kan lett forvekslast med andre artar som har grøne nymfer (t.d. grøn frukttege). Då tegenymfene er raske er det få av dei vanlege nyttedyra som vert rekna som naturlege fiendar til hagetege. Edderkoppar, insektpatogene sopp og parasitoider (snylteveps) er truleg viktige naturlege fiendar til bladteger.



Figur 1.79 Hagetege er einsfarga grøn og nymfene har ein gul flekk på ryggen. Hagetege liknar på grøn frukttege, men denne har ein gulaktig kant langs framvenger og kropp. Teikning: Lise Hofsvang.

Førebyggjande tiltak

Halde undervegetasjon i trerekkja nede. Sjå omtale av epletege.

Halde alternative vertsplanter vekke frå frukthagen. Selje, hassel, bjørk, or, hegg, ask, rogn er i tillegg til stornesle, bringebær og mjødurt alternative overvintringsstader for hagetege. Desse plantesлага bør haldast vekke frå frukthagen for å hindre migrasjon av nymfer inn i frukthagen på våren.

Opne tre. Skade av teger er ofte størst der trea er tette, kanskje kan kraftig skjering gi redusert skade. Forsøk med skjering er på gang.

Direkte tiltak

Sprøyting med neem. Sjå omtale av epletege.

Wagnertege (*Lygus wagneri*)

Symptom

Skot. Vaksne teger kan gjere skade i vekspunkt på nyplanta frukttre tidleg på våren.

Frukt. Vaksne teger kan skade fruktene på seinsommaren og tidleg på hausten, dette fører til «steindanning» (oftast flatstein). Skade av wagnertege kan føre til oppsprekking av fruktene fordi dei skadar fruktene på eit sein tidspunkt.

Skadepotensial

Wagnertege er utbreidd i alle fruktstrøk, men er ikkje like vanleg som hagetege. Skadepotensialet er difor ikkje like stort som for hagetege.

Livssyklus/biologi

Wagnertege overvintrar som vaksne og flyg inn i pærehaven (eplehagen) i mai. Dei syg då plantesaft frå vekspunkta på trea. Egglegging og nymfeutvikling skjer på planter i busk- og markskiktet. Dei vaksne er ferdig utvikla frå midten av juli, og kan då førekoma oppe i fruktrea heile hausten. Wagnertege har varierande farge frå gulgrå til olivenbrun. Den trekanta strukturen på ryggen (scutellum) har ein svart, W-forma teikning (figur 1.80). På same måten som hagetege er wagnertege raske, slik at få av dei vanlege nyttedyra er rekna som naturlege fiendar. Som for hagetege er truleg edderkoppar og parasitoider (snyleveps) viktige nyttedyr til wagnertege.



Figur 1.80 a) Rognetege er lysegrøn med raudlege parti. Det innerste ledet på følehorna er sterkt forlenga. b) Wagnertege er gulgrå til olivenbrun, med ein svart, W-forma teikning i den trekanta strukturen på ryggen (scutellum). Foto: a) Jorunn Børve, b) Olav Sørum.

Førebyggjande tiltak

Alternativt dekke i trerekka. Då egglegging og nymfeutvikling skjer på planter i mark- og busksjiktet kan eit førebyggjande tiltak vere å bruke plast eller mekanisk reinhold i trerekka. Vi kan slik unngå at wagner-tege oppheld seg i vegetasjonen under trea.

Halde vertsplanter vekke frå frukthagen. Kjende vertsplanter for egglegging er bringebær, stornesle, mjødurt og diverse markvegetasjon. Ved å halde villbringebær, stornesle og mjødurt vekke frå frukthagen kan innflyging av vaksne teger i frukthagen reduserast.

Rognetege (*Acanthosoma haemorrhoideum*)

Symptom

Frukt. Tegenymfene kan skade fruktene utover i juni, skaden viser seg som «flatstein» i pærene.

Skadepotensial

Rognetege er naturleg knytt til rogn og hegg, men i år med lite eller ikkje bær på rogna flyg dei vaksne tegene inn i pærehagen og legg eggene sine der. I slike år kan det verta store angrep av rognetege på pærer.

Livssyklus/biologi

Rognetege overvintrar som vaksne. Normalt legg dei eggene sine på rogn eller hegg utover i juni månad. Eggene klekker frå slutten av juni, og nymfene utviklar seg på trea. Dei vaksne tegene er ferdig utvikla i august. I dei åra det er lite bær på rogna (sjå omtale av rognebærmøll), flyg rognetege inn i pærehagen og legg eggene sine der. Tegenymfene kan gjere stor skade



Figur 1.81 Pærer skadde av tege seint i sesongen utviklar flatstein. Her skuldast skaden breitegene raudfottege (a.) og rognetege (b.). Foto: Olav Sørum.

på pærene frå slutten av juni og ut i juli. Nymfene klarar ikkje fullføre livssyklusen på plantesaft av pære, og dør i 2.-3. nymfestadium. Dei vaksne tegene er lysegrøne med raudlege parti. Dei har ei brei kroppsform. Det innerste leddet på følehornet er sterkt forlenga og dei har ein bogeforma sidekant som endar i ei svart skulder på forbrystet (figur 1.80). Rognetegenymfene er ikkje like aktive som bladtegenymfene.

Førebyggjande tiltak

Fjerne vaksne rognetege frå pæretre i juni. I år med lite rogn kan vi gå gjennom pærehagen i midten av juni og fjerne vaksne rognetege som er i ferd med å leggje egg. Dette er arbeidskrevande, men kan vere ein effektiv måte å redusere skade på.

Vanleg pæresugar (*Cacopsylla pyri*)

Symtom

Skot. Suging på skot kan føre til redusert vekst.

Blad. Det set seg lett svertesoppar i honningdogget som pæresugaren skil ut, dette fører til at blada ser svarte ut ved kraftige angrep.

Frukt. Det set seg svertesoppar i honningdogget som pæresugaren skil ut på fruktene, og pærene ser svarte ut.

Skadepotensial

Store populasjoner av vanleg pæresugar kan føre til at store deler av pærene ikkje er salsvare på grunn av at dei er tilgrisa av svertesoppar. Vi reknar med at mykje av grunnen til at populasjonen av pæresugar blømer opp er at det vert nytta kjemiske insekticid mot tege, og at nyttedyr som held pæresugaren i sjakk



såleis vert drepne. Truleg vil ikkje pæresugar verte eit stort problem i økologisk fruktdyrking.

Livssyklus/biologi

Vanleg pæresugar overvintrar som vaksen i barksprekker på pæretre eller under lauv på bakken. Vanleg pæresugar har to generasjonar i året i Noreg. Dei vaksne kjem tidleg fram om våren, og er aktive ved temperaturar over 10 °C. Dei startar paring og egglegging, og eggva vert lagt på barken på kvistar. Dei første eggva klekkjer når dei første blada kjem til synne (første sommargenerasjon). Nymfene syg på skot og blad, og gjer lite skade på frukta. Når desse vert vaksne, legg dei igjen egg i pærehagen, normalt i midten/slutten av juni. Eggva vert lagt på bladverket. Nymfene som klekkjer frå desse eggva (andre sommargenerasjon) gjer skade fordi dei sug på blad og pærekart og skil ut honningdogg som det set seg sverte-sopp i. Dei vaksne er ferdig utvikla tidleg på hausten, og desse overvintrar. Den viktigaste naturlege fienden til vanleg pæresugar er nebbtege, men også gullauge-larver, marihønelarver og blomsterflugelarver er naturlege fiendar til pæresugar.

Førebyggjande tiltak

Leggje til rette for nyttedyr. Sjå grøn eplebladlus og generell innleiing om førebyggjande tiltak.

Direkte tiltak

Sprøyting med neem. Forsøk frå utlandet har vist at neem har effekt mot nymfer av vanleg pæresugar. Neem er førebels ikkje lov å bruke i Noreg.

Sprøyting med kaolinbasert partikkelfilm. Forsøk frå utlandet har vist at sprøyting med kaolinbasert partikkelfilm før egglegging tidleg på våren og igjen sprøyting mot egglegging frå første sommargenerasjon har effekt mot vanleg pæresugar. Dette er ikkje prøvt i Noreg, og kaolin er ikkje godkjend som plantevernmiddel i Noreg i dag.

Bølgefly (*Eupsilia transversa*)

Symptom

Blad. Larvene gneg store hol i blada, store larver kan ete heile blad og berre la midtnerva vere att.

Blom. Larvene kan ete opp store deler av blomen.

Frukt. Larvene er ikkje ferdig utvikla før karten har byrja utvikle seg, så larvene kan gjere skade på karten. Dei går ikkje inn i karten, men gneg i skalet. Fruktene vert deformerte og det utviklar seg kork der larvene har ete.



Figur 1.82 Larver av bølgefly er brunlege på farge og har lyse felt på sida av framkroppen. Foto: Sverre Kobro.

Skadepotensial

Bølgefly er ein av dei viktigaste nattflyartane i frukthagen. Dei angrip alle fruktslaga. Larvene er svært grådige, og difor er den økonomiske skadeterskelen sett lågare enn for andre nattflyartar. Bølgefly er utbreidd i alle fruktstrøk i Noreg. Gnag av larver er ei viktig årsak til fråsortering i pærer (tabell 1.2).

Livssyklus/biologi

Bølgefly svermar i mars-april. Det er ikkje utvikla feromonfeller for bølgefly. Som seljefly legg dei egg på greiner av ulike lauvtre. Eggva vert lagde enkeltvis eller i kaker på barken. Larvene klekker i mai, men over eit langt tidsrom. Larvene til bølgefly er svært grådige og kan gjere stor skade. Larvene et på både blom og blad, og etterkvart på karten. Dei brunaktige larvene med kvite prikker på sidene er lett å kjenne frå andre artar (figur 1.82). Larvene forpuppar seg i jorda i juni-juli, og overvintrar som pupper. Som for andre sommarfugllarver er fugl, nebbteger, gullauge-larver, blomsterflugelarver, virus, sopp og bakteriar viktige naturlege fiendar til bølgefly.

Førebyggjande tiltak

Leggje til rette for nyttedyr. Både fugl og ulike nytteinsekt er naturlege fiendar til bølgefly. Bestanden av bølgefly kan difor reduserast ved å leggje til rette for naturlege fiendar. Sjå omtale av seljefly (side 97) og innleiing (avsnitt 1.3.1, side 84).

Direkte tiltak

Setje ut nyttedyr – tiltak på sikt? Dersom det vert oppdaga tidleg at bestanden av bølgefly er stor, kan vi slå ned angrepet ved å setje ut nyttedyr som marihøne eller gullauge. Det er ein føresetnad at larvene er små for at tiltaket skal verke og at dyrkaren skal unngå økonomisk tap. Førebels er det ikkje lov å setje ut nyttedyr på friland i Noreg.

Pæregallmygg (*Contarinia pyrivora*)

Symptom

Frukt. Angripne frukter (kart) veks fortare, vert runda re og får oftare ein mørkare farge enn friske frukter. Dersom vi opnar fruktene (karten) finn vi dei uthola med ein mørk, svampete masse fylt med mange, kvite larver. Angripne frukter dett av før dei er mogne (figur 1.83).



Figur 1.83 Pærer skadde av pæregallmygg. Foto: Olav Sørum.

Skadepotensial

Dette er eit alvorleg skadedyr der den opptrer. Dei seinare åra har pæregallmygg vore mest vanleg i Ryfylke, men han var tidlegare vanleg utbreidd på Aust- og Sørlandet. I enkelte hagar kan pæregallmyggen øydeleggje opp til 80 % av avlingane.

Livssyklos/biologi

Pæregallmyggen overvintrar som larver inni ein kokong i jorda. Dei forpuppar seg tidleg på våren, og dei vaksne myggane kjem fram i mai like før bløming (ballong/byrjande bløming). Hoene legg 10-30 egg i kvar blom. Etter ei vekes tid klekker eggja, og larvene borar seg inn i fruktknuten. Inne i den unge karten et larvene opp fruktkjøtet nær kjernehuset, og karten får eit bulket utsjånad (figur 1.83). Dei ferdig utvikla larvene gneg seg ut av karten og forlet denne (på treet eller etter at den er falle ned på bakken) ein gong i juni. Larvene grep seg nokre få cm ned i jorda og spinn ein kokong der dei overvintrar. Rovbiller og edderkoppar er viktige nyttedyr som et larver og pupper i jorda. Fuglar kan ete vaksne mygg.

Førebyggjande tiltak

Fjerne angripne frukter på trea. Ved å fjerne frukter med symptom på trea før larvene går ut og ned i jorda kan vi redusere bestanden som overvintrar til neste sesong.

Leggje til rette for nyttedyr. Då fugl kan ta vaksne mygg, kan vi leggje til rette for desse ved å setje opp fuglekassar. Sjå generell innleiing om førebyggjande tiltak.

Høns under pæretrea. Det er føreslått at høns under pæretrea kan redusere bestanden av pæregallmygg ved å ete på kokongar med larver i. Det er for tida eit forsøk på gang i Danmark, men resultatet frå forsøket er ikkje klare enno.

Plassere eit dekke under trea som fangar opp kart og larver. Ved å plassere eit dekke av til dømes plast under trea kan vi fange opp kart med larver og larver som går ut av kart som heng på trea, og slik unngå at larvene går ned i jorda for å spinne kokong for overvintring. Larver og kart må fjernast med jamne mellomrom i det tidsrommet larvene normalt går ned i jorda (juni), gjerne dagleg.

Pæregallmidd (*Phytoptus pyri*)

Symptom

Blad. På unge blad ser vi små blemmeforma oppsvulma flekker som er raude eller lysegrøne på farge. På eldre blad blir gallene gulaktige, seinare brune eller svarte, og sterke angrep kan føre til tidleg bladfall.

Frukt. Karten kan få små blemmeforma oppsvulma flekker som er raude eller lysegrøne på farge. Sterke angrep kan føre til tidleg kartfall.



Figur 1.84 Blad og kart med åtak av pærebladgallmidd. Foto: Olav Sørum.

Skadepotensial

Pæregallmidd kan av og til ha sterke angrep i pære, men skaden er sjeldan alvorleg. Den er utbreidd i heile Sør-Noreg. Dei siste åra har angrepa vore størst i Ryfylke, og i ein del eldre hagar i Sogn.

Livssyklus/biologi

Pæregallmidden overvintrer som vaksne under knoppskjell. Dei vert aktive frå knoppsprett, og vandrar til nye blad. Dei borar seg inn under epidermis på undersida av blada for å ete. Dette fører til at det vert danna ei galle, og i denne galla legg dei vaksne egg.

Nymfene er inni galla til dei vert vaksne. Som vaksne kryp dei ut, vandrar eit lite stykke for å lage ei ny galle der dei et og legg nye egg. Dei vaksne legg seg under knoppskjell for overvintring i august/september. Truleg er ulike artar rovmidd viktige naturlege fiendar til pæregallmidd.

Førebyggjande tiltak

Fjerne angripne blad. Ved å fjerne blad med blemmer tidleg på våren kan vi redusere populasjonen av pæregallmidd før dei får spreidd seg til nye blad.

Direkte tiltak

Sprøye med vegetabilsk olje om våren (svellande knopp). Frå USA er det tilrådd å bruke olje blanda med diazinon i konvensjonell dyrking mot pæregallmidd. Truleg vil berre olje også ha effekt mot pæregallmidd sprøytt ut like før midden går ut av kvile. Det er ikkje gjort forsøk med dette i Noreg. Olja må blandast med grønnsåpe for å løysast i vatn (sjå dosering under direkte tiltak mot kirsebærbladlus, side 117).

Sprøye med svovel like etter hausting/tidleg vår.

Frå USA er det tilrådd å sprøye med svovel blanda med svovelkalk like etter hausting mot vaksne individ av pæregallmidd. Det er usikkert om det vert opna for bruk av svovelkalk igjen, sjå side 90. Kanskje vil bruk av svovel ha effekt mot vaksne på denne tida, men det er ikkje gjort forsøk med dette i Noreg. Det vart tidlegare tilrådd å nytte svovelkalk ved knoppsprett mot pæregallmidd i Noreg. Kanskje vil også sprøyting med svovel ved knoppsprett ha effekt mot pæregallmidd.

1.3.4 Skadedyr i plommer

Innleiing

Kor viktig skadedyr er som årsak til fråsortering av frukt i plommer, og kva skadedyr som er viktigast i plommer varierar sterkt med kor i Noreg plommene vert dyrka. Generelt er ikkje skadedyr ein så viktig årsak til fråsortering av frukt i plommer som i kulturaune eple og pære (tabell 1.2). I alle område der vi dyrkar plommer har vi bladlus. Bladlusartane som angrip plommetrea er lita plommebladlus (*Brachycaudus helichrysii*), stor plommebladlus (*Brachycaudus car-*

dui), mjøla plommebladlus (*Hyalopterus pruni*) og humlebladlus (*Phorodon humuli*). Lita plommebladlus og mjøla plommebladlus er truleg dei viktigaste skadedyra blant bladlusartane. Som for eple og pære kan både nattfly-, målar- og viklarlarver gjere skade på plommetrea. Skaden på fruktene er vanlegvis ikkje stor, men larvene kan gjere skade på skot og bladverk. Det er dei same artane som er omtala under desse kulturane som gjer skade i plommer, og såleis også dei same tiltak som er aktuelle. Plommeviklar (*Grapholita funebrana*) er den einaste viklararten som har larver som går inn i sjølve fruktene. Plommeviklar er utbreidd på Sør- og Austlandet, og kan gjere stor skade på plommeavlינגane i varme år. Plommeviklar er også registrert på ein lokalitet i Sogn. Plommeveps (*Hoplocampa flava* og *Hoplocampa minutoides*) er eit anna skadedyr som har larver som går inn i fruktene, og denne har størst populasjon på Sør- og Austlandet. Plommevepsen er også registrert på Vestlandet. Teger kan gjere skade på vekspunkt og blad på plommetre, men det er ikkje vanleg at tegene skadar sjølve frukten. Av midd er det plommebladmidd og fruktremidd som kan gjere mest skade på plommene. Domrap kan enkelte år og stader gjera stor skade ved at dei bit av knoppane på plommetre på seinvinteren.

Lita plommebladlus (*Brachycaudus helichrysii*)

Symptom

Skot. Angrep kan føre til at endeknoppen på skota dør ut.

Blad. Angrep fører til sterkt bladkrølling med bladoversida ut og blad krølla innover mot midtnerva. Jamvel små angrep fører til sterkt bladkrølling.

Blom. Store angrep kan føre til tidleg blomefall.

Skadepotensial

Lita plommebladlus er utbreidd i alle plommedistrikt, og er den mest vanlege bladlusarta i plommer. Små angrep av arten kan føre til sterkt bladkrølling og stagnasjon i veksten.

Livssyklus/biologi

Lita plommebladlus overvintrer som egg. Egga klekker svært tidleg, gjerne før knoppsprett. Nymfene syg på basis av blomeknoppane, og straks knoppane opnar seg går bladlusa inn. Stammora er brunstripet medan dei første nymfene er lysegrøne på farge. Seinare generasjoner av hoer er grøne med gulaktige parti rundt kroppen. Ryggrøyna er korte og koniske



Figur 1.85 a) Lita plommebladlus er glinsande grøn og har korte, koniske ryggrør. b) Angrep av lita plommebladlus gir sterkt bladkrølling. Foto: Olav Sørum.

(figur 1.85). På forsommaren blir det fødd hoer med vinger som flyg over på sommarvertar, artar innan korgplantefamilien. Om hausten vert det fødd hoer og hannar med vinger på sommarverten. Dei flyg tilbake til plommetre der dei parar seg og legg egg som overvintrar til neste sesong. Lita plommebladlus er ein av vektorane for sharkaviruset, og i Noreg reknast dette viruset som karanteneskadegjerar. I dei område der sharkavirus vert oppdaga kan ein dyrkar verte pålagd å bekjempe lita plommebladlus og fjerne tre med symptom av viruset. Marihøner, gullaugelarver, blomsterflugelarver, nebbteger og snylteveps er dei vanlegaste naturlege fiendane til lita plommebladlus.

Førebyggjande tiltak

Legge til rette for nyttedyr. Sjå grøn eplebladlus og generell innleiing om førebyggjande tiltak.

Hindre maur i å kome opp i treet. Då maur i trea kan vere med på å halde nyttedyr vekke frå bladluskoloniar fordi dei har bladlus som sine «husdyr», kan vi hindre mauren å kome opp i treet ved hjelp av eit limbelte rundt stamma tidleg på våren. Slik vil vi auke sjansen for at nyttedyra held populasjonen av lita plommebladlus nede. Sjå førebyggjande tiltak mot grøn eplebladlus og liten frostmålar.

Direkte tiltak

Sprøyting med vegetabilsk olje mot egg. Sjå direkte tiltak mot grøn eplebladlus og kirsebærbladlus.

Sprøyting med såpe. Sjå direkte tiltak mot grøn eplebladlus.

Mjøla plommebladlus (*Hyalopterus pruni*)

Symptom

Blad. Bladlusa lagar tette koloniar som kan dekke heile bladundersida. Suginga fører ikkje til bladkrølling, men blada kan verte gule og dette tidleg av.

Skadepotensial

Mjøla plommebladlus er ein vanleg art i Noreg, og den kan føre til sterke angrep.

Livssyklus/biologi

Mjøla plommebladlus overvintrar som egg på plomme. Egga klekkjer etter knoppsprett, og unge bladlus lagar koloniar på undersida av plommeblada. Mjøla plommebladlus har lysegrogn kropp med eit mørkare belte langs ryggen. Seinare på året er kroppen dekka av eit voksbalegg, som gir dei ein nesten kvit utsjånad (figur 1.83). Ryggrøyna er korte og vorteliknande. Frå mai til august aukar populasjonen til mjøla plommebladlus. Dei skil ut honningdogg som det lett set seg svertesoppar i. Det vert utvikla venga hoar i juli/august som flyg over på sommarverten takrøyr. Deler av populasjonen kan likevel leve heile livet på plomme. På hausten vert det igjen utvikla venga individ, og desse flyg tilbake til plomme der dei parar seg og legg egg som overvintrar. Marihøner, gullaugelarver, blomsterflugelarver, nebbteger og snylteveps er dei vanlegaste naturlege fiendane til mjøla plommebladlus.



Figur 1.86 Mjøla plommebladlus lagar koloniar på undersida av plommeblaða. Suginga fører ikkje til bladkrølling. Foto: Olav Sørum.

Førebyggjande tiltak

Leggje til rette for naturlege fiendar. Sjå førebyggjande tiltak mot grøn eplebladlus og generell innleining om førebyggjande tiltak.

Hindre maur i å kome opp i treet. Sjå førebyggjande tiltak mot lita plommebladlus, grøn eplebladlus og liten frostmålar.

Direkte tiltak

Oljesprøyting om våren. Sjå direkte tiltak mot grøn eplebladlus og kirsebærbladlus.

Sprøyting med såpe. Sjå direkte tiltak mot grøn eplebladlus.

Plommeviklar (*Grapholita funebrana* [tidligare *Cydia funebrana*])

Symptom

Frukt Frå inngangsholet til larvene tyt det ofte ut gummidlod. Larvegangen vert fort brun, og er då tydeleg gjennom skinnet frå utsida. Larvene et fruktkjøtet rundt steinen, og avføring frå larvene vert liggjande

der. Utgangsholet til larva er rundt og ca 2 mm i diameter. Det kjem ikkje ut avføring frå inngangs- eller utgangshol. Angripne frukter modnar tidlegare og fører til tidleg kartfall.

Skadepotensial


Plommeviklar er utbreidd på Sør- og Austlandet, men er avhengig av høg sommartemperatur for å sverme og legge egg (over 15,5 °C mellom kl. 19 og 24). Skadepotensialet i Noreg er difor ikkje så stort, men i varme somrar kan denne viklaren gjere stor skade. Hausten 2004 og 2005 vart plommeviklar også funne i Leikanger i Sogn. Funn av viklarlarver i surkirsebær i Vestfold i 2005 kan tyde på at plommeviklar også kan angripe surkirsebær.

Livssyklus/biologi

Plommeviklar overvintrar som fullvoksen larve i silkekong under laus bark eller andre liknande stader. Larvene forpuppar seg tidleg på våren. Dei vaksne plommeviklarane svermar 2-3 veker seinare, frå sein i mai til ut i juli. Hoene legg flate, fargelause egg på karten. Larvene borar seg inn i fruktene like etter at dei klekkjer frå eggna. Dei et fruktkjøtet rundt steinen, og forlet frukta når dei er fullvaksne. Då plommeviklar-larvene lever mesteparten av livet inni plommene, er ikkje nebbteger, gullaugelarver, marihøner osv viktige naturlege fiendar for larvene. Virus, bakteriar og sopp som kan smitte egg og unge larver er truleg naturlege fiendar til plommeviklaren.

Varsling

Det er ikkje utvikla ei nasjonal varling for plommeviklar, men det er feromonfeller tilgjengeleg på marknaden. Desse kan nyttast for å finne om det er plommeviklar i hagen, kor stor populasjonen er og når sverming og egglegging startar.



Figur 1.87 a) Plomme med åtak av plommeviklar. b) Larve av plommeviklar. Foto: Olav Sørum.

Førebyggjande tiltak

Fjerne angripne frukter. Då frukter som er angripne lett kan identifiserast (vi ser larvegangen og dei modnar tidlegare), kan bestanden reduserast ved å fjerne frukter som er angripne.

Bølgepapp rundt trestamma. På same måte som epleviklar overvintrar plommeviklar under laus bark på trea, og vi kan såleis lage kunstige overvintringsstader ved å lime bølepapp rundt trestamma seint på sommaren (i juli). Sjå førebyggjande tiltak mot epleviklar. Vi kjenner ikkje til at det er gjort forsøk med dette mot plommeviklar, men det er verdt å prøve.

Direkte tiltak

Feromonforvirring. Feromonforvirring (sjå generell innleiing) er nytta som direkte tiltak mot fleire artar av viklarar. Også mot plommeviklar er det utvikla dispensasar som slepp ut store mengder feromon slik at hannane ikkje finn fram til hoene. For at teknikken skal vere effektiv som tiltak må den brukast over eit større område og populasjonen av plommeviklar må ikkje vere for stor. Teknikken er ikkje prøvt ut i Noreg. Feromonforvirring mot plommeviklar er førebels ikkje tillate i Noreg.

Utsetjing av parasitoider (snylteveps). Utsetjing av eggparasitoiden *Trichogramma* sp. er prøvt ut som tiltak i mellom anna Tyskland. Tiltaket er ikkje lov å bruke i Noreg. Generelt er utsetjing av nyttedyr førebels lov å bruke i veksthus og plasttunnelar.

Plommeveps (*Hoplocampa flava* og *H. minuta*)

Symptom

Blom. Eggglommene kan sjåast ved basis av begerblada der eggna vert lagde.

Frukt. Inngangshola til plommevepslarvene i karten er lette å sjå. Desse er runde og vi ser litt avføring frå larvene rundt inngangsholet. Ofte er mange eller alle frukter i ein klase angripne. Angripne frukter modnar raskare enn friske frukter.



Figur 1.88 Plomme skade av plommevepslarve. Foto: E. Fløistad.

Skadepotensial

Plommevepsen kan år om anna føre til stor økonomisk skade på plommeavlingane. Særleg i Ryfylke er plommevepsen eit problem, men utviklinga dei siste åra tyder på at plommevepsen er på vandring nordover. Nokre plommesortar er meir utsette for skade enn andre. Sortar som blømer tidleg og seint er mindre utsette enn sortar som til dømes 'Victoria' og 'Althans', truleg fordi dei blømer utanfor hovudflyperiode til plommevepsen. Svake angrep av plommeveps kan sjåast på som tynning av karten.

Livssyklus/biologi

Plommevepsen kjem fram under bløminga til plommen. Den vaksne vepsen er 4,5 – 6,3 mm lang. Vepsen er aktiv i varmt, solrikt vær og dei vert tiltrekte av plommeblomar. Paringa skjer rett etter klekking. Egga vert putta inn i ei eggglomme ved basis av eit begerblad. Dei nyklekte larvene borar seg inn i fruktknuten og øydelegg karten. Kvar larve kan øydeleggje 3-5 plommer. Etter å ha hola ut ein kart og ha skifta skal, borar larva seg inn i ein ny kart (figur 1.84). Når larva er fullvoksen slepp den seg ned på jorda og spinn seg inn i ein kokong der den overvintrar. Forpuppinga skjer neste vår, og dei vaksne kjem fram om lag 3 veker seinare. Det er utvikla kvite limfeller som verkar tiltrekjkande på dei vaksne plommevepsane. Desse kan nyttast for å finne ut om det er plommeveps i hagen og for å finne ut kor mykje det er. Frå Sveits er det sett opp ein skadeterskel på 80-100 veps pr. felle ved 30-50 m mellom kvar felle. I noko litteratur som omhandlar økologisk frukt- og bærdyrking vert det hevda at fugl er ein naturleg fiende til plommevepsen.

Førebyggjande tiltak

Fjerne angripne frukter. Ved å fjerne angripne frukter (frukter med tydelege inngangshol) før larvene går ut og over i neste frukt eller før dei går ned på bakken

kan vi redusere skaden og bestanden av plommeveps.

Utfangst med kvite limfeller. Ved å hengje opp fleire limfeller pr. tre kan vi fange eit så stort tal veps at ein reduserer skaden av plommeveps. Fellene bør hengjast opp før start på bløminga. Fellene kan skaffast ved å gå inn på nettsidene til www.biocontrol.ch eller ved å sende ein e-post til sales@biocontrol.ch

Leggje til rette for nyttedyr. Då fugl av enkelte vert rekna for eit viktig nyttedyr med omsyn til plommeveps kan vi mogelegvis redusere bestanden ved å hengje opp fuglekassar i plommefeltet. Sjå førebyggjande tiltak mot liten frostmålar under delen om eple og generell innleiing om fuglekassar.

Sortsval. Ved å velje sortar som blømer utanfor hovudsvermetida til plommevepsen kan vi unngå store skadar av plommeveps. Sortar som vert mykje skada i Noreg ser ut til å vere 'Althans' og 'Victoria'.

Direkte tiltak

Sprøyting med Kvassia. Sjå direkte tiltak mot epleveps. Middelet er ikkje godkjend for bruk i Noreg.

Plommebladmidd (*Aculus fockeui*)

Symptom

Blad. Gulgrøne, 1-4 mm store flekker på bladoversida er typiske skadesymptom på føresommaren. Seinare kan blada verte sølvfarga på bladoversida og brune på undersida.

Skot. Sterke angrep kan føre til at skotspissen dør og mange knoppar på kvisten bryt, slik at treet får ein «heksekost»-liknande vekst. Ved sterke angrep kan

også barken på kvistane verte øydelagt (tydelege flekkar).

Frukt. Det er fleire årsaker til korkskade på plommer, men ei viktig årsak er sterke angrep av plommebladmidd

Skadepotensial

Plommebladmidd er rekna for å vere eit av dei viktigaste skadedyra i konvensjonell plommedyrking. I økologisk plommedyrking vil truleg ikkje problemet verte så stort då vi vil få ein naturleg balanse mellom rovmidd og bladmidd. Ver merksam på at unge tre fra planteskulen ofte kan ha sterke åtak av bladmitt. Friske ungtre er eit viktig utgangspunkt for å unngå problem med denne skadegjeraren.

Plommebladmidden reduserer fotosynteseaktiviteten i blada, kan øydeleggja veksten i unge tre og kan føre til skalskade (korkskade) på fruktene.

Livssyklus/biologi

Plommebladmidden overvintrar som vaksne under knoppskjell og i sprekker nær knoppane på eittårig ved. Under knoppsprett kjem midden fram og byrjar suge saft av dei nye blada og seinare også av unge skot. På same måte som hjå eplebladmidd er det to former av plommebladmidden – vinterhoer og sommarhoer. Sommarhoene legg egg etter paring, medan vinterhoene legg egg etter ein periode med vinterkulde. Dei vaksne middane er små, 0,16-0,17 mm lange. Dei er kvit-gule på farge og er avlange med to par føter som stikk ut framme. Middane lever på undersida av blada. Det er fleire overlappande generasjonar av sommarmidd om sommaren, der vi finn både egg og vaksne midd på bladundersida. Talet bladmidd aukar utover i sesongen, særleg av vinterhoer. Angrepet av



Figur 1.89 a) Blad og b) skot med symptom på åtak av plommebladmidd. Foto: Olav Sørum.

plommebladmidd fører til stagnasjon i veksten og gjerner til tidleg bladfall. Ulike typar rovmidd er naturlege fiender til plommebladmidden.

Førebyggjande tiltak

Setje ut rovmidden *Typhlodromus pyri*. Det er gjort forsøk med å setje ut rovmidden *T. pyri* også i plommer, men forsøket måtte avsluttast før vi fekk endeleg resultat. Førebels resultat tyda på at rovmidden kunne etablere seg i plommer. Sjå elles førebyggjande tiltak mot fruktremidd under skadedyr i eple.

Jamn vasstilgang til trea. Sjå førebyggjande tiltak mot fruktremidd under skadedyr i eple.

Direkte tiltak

Sprøyting med svovel. To sprøytingar med svovel med 6-10 dagars mellomrom kring bløming vil redusere bestanden av bladmidd kraftig. To sprøytingar er naudsynt på grunn av overlappande generasjoner, og svovel verkar ikkje på eggstadiet. Bruk ein konsentrasjon på 150 g/100 l.

Sprøyting med kaolin. Sjå eplebladmidd (side 104).

1.3.5 Skadedyr i søtkirsebær

Dei sommarfugllarver som et på bladverket og knoppar og slik kan skade søtkirsebær er for det meste omtala under dei andre fruktkulturane. Liten frostmålar (*Operopthera brumata*), bølgefly (*Eupsilia transversa*), seljefly (*Orthosia sp.*) og ulike viklarlarver (*Archips podana*, *A. rosana*, *A. xylostana*, *Pandemis cerasana*, *P. heparana*, *Hedya nubiferana*) kan gjere litt skade, men oftast er det ikkje naudsynt å setje inn tiltak mot desse larvene i søtkirsebær. Grå knoppviklar (*Hedya nubiferana*) er ikkje omtala tidlegare. Denne arten kan skade alle fruktslaga, men vil verte omtala her. Kirsebærmøll (*Argyresthia pruniella*) er den viktigaste av sommarfugllarvene som gjer skade på søtkirsebær (og surkirsebær). Arten har auka i tal og utbreiing dei siste åra. Det viktigaste skadedyret i søtkirsebær i Noreg er kirsebærbladlus (*Myzus cersi*). Denne finst i alle søtkirsebærdistrikta, og kjem fram kvart år. Kirsebærfluge (*Rhagoletis cerasi*) er eit viktig skadedyr på Sørlandet og i Telemark. Av middartane er fruktremidd den arten som kan gjere mest skade i søtkirsebær. Denne arten er tidlegare omtala under eple.

Kirsebærmøll (*Argyresthia pruniella*)

Symptom

Knopp. Inngangsholet til kirsebærmøllarvene er rundt og lite. Egga klekker rundt svellande knopp, og holet er synleg ved sein svellande knopp/grøn spiss.

Blad. Larvene et på blada inni knoppen før blada har falda seg ut, og ofte ser vi difor ein symmetrisk skade etter larvene – same gnagskaden på kvar side av midtnerva.

Blom. Larvene et på arr og pollenberarar inni knoppen. Trea kan bløme, men det vert ikkje danna frukter. Ofte ser vi trådar (silketrådar) inni blomane etter at larvene har ete der.

Frukt. Larvene er oftast ferdig utvikla før fruktene (karten) vert danna, men av og til kan det verta gnagskade på fruktene. Skaden viser seg som små hol eller små prikker på karten.



Figur 1.90 Søtkirsebærblad med skade av kirsebærmøllarve. Foto: Olav H. Opdal.

Skadepotensial

Kirsebærmøll kan gjere stor skade i dei områda der den finst. Det er ikkje utvikla skadeterskel for kirsebærmøll i Noreg, men skadeterskelen i Sveits ligg på 20 % skadde knoppar inneverande år og 10 % skadde knoppar for neste år ved undersøking av 5 x 100 knoppar. Populasjonen av kirsebærmøll ser ut til å auke i Noreg, men utbreiinga er framleis spreidd og ujamn. I enkelte hagar kan det vera totalskade, medan det i hagar som ligg nær opp til ikkje er problem med kirsebærmøll.

Livssyklus/biologi

Kirsebærmøll overvintrar som egg på søtkirsebærtrea. Egga klekkjer til larver kring sein svellande knopp, og larvene gneg seg inn i knoppane. Ei larve kan øyde-

leggje opp til fem knoppar (figur 1.90). Larvene er grønkvite på farge, er tjukkast på midten og er om lag 10 mm når dei er ferdig utvikla. Larvene slepp seg ned på bakken og forpuppar seg 5-10 cm ned i jorda når dei er ferdig utvikla. Puppenstadiet varer i om lag 2 veker. Det vaksne mølllet er på vengene frå slutten av juni til ut august. Dei har eit vengespenn på 11 mm, har kvitt hovud og bryst, gulbrune framvenger med ei brun tverrstripe og ei kvit stripe i bakre kant. I kvilestilling står dei med hovudet ned og bakenden opp. Egglegginga føregår i juli/august. Egga vert lagde under bark på 2-5 årige greiner. Hoene legg til saman 24-28 egg i 4-5 lag på ein stad. Då eggja er godt gjøymde, er små (0,7 mm) og olivengrøne på farge er dei svært vanskelege å finne. Naturlege fiendar til kirsebærmøll kan vere nebbteger og edderkoppar som er tidleg ute om våren og fugl som et larver som er på veg til å forpuppe seg.

Førebyggjande tiltak

